



**Jostedalsbreen
nasjonalparkstyre**

Postadresse

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse

Rådhuset i Luster
Statens hjørne
6868 Gaupne

Kontakt

Sentralbord: +47 57 64 30 00
Direkte: +47 5764 3133

fmvlpost@fylkesmannen.no
www.nasjonalparkstyre.no/Jostedalsbreen

«MOTTAKERNAVN»

«ADRESSE»

«POSTNR» «POSTSTED»

Sakshandsamar Tor Arne Hauge

Vår ref. 2021/9234-1 432.3

Dykkar ref. «REF»

Dato 17.06.2021

Høring av besøksstrategi for Jostedalsbreen nasjonalpark

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre legg med dette Besøksstrategi for Jostedalsbreen nasjonalpark ut til høring.

Har du innspel til korleis det kan leggjast til rette for fastbuande og besøkande, friluftsliv og lokal verdiskaping, samstundes som ein tek vare på natur- og kulturverdiane i Jostedalsbreen nasjonalpark? Jostedalsbreen nasjonalparkstyre vonar du vil sende inn dine innspel til høringa av besøksstrategien.

Målet med besøksstrategien er å få til ein samla startegi for besøksforvaltninga rundt Jostedalsbreen nasjonalpark. Gjennom arbeidet skal ein sikre naturverdiane og kulturverdiane i verneområda, samstundes som ein tek vare på busetnaden nær verneområda, legg til rette for lokal verdiskaping og gode opplevingar for besøkande.

I arbeidet med besøksstrategien er det mellom anna sett på kva område i og rundt nasjonalparken som bør leggast til rette for besøk, og korleis vi kan styre ferdsel utanom dei mest sårbare områda.

Sit du på kunnskap som burde vore med i besøksstrategien? Har du innspel til område, stiar og turmål som burde bli betre tilrettelagt for ferdsel, eller område der ein bør unngå ny tilrettelegging eller forslag til gode innfallsportar? Då håpar vi du tek deg tid til å sjå gjennom dokumentet og kome med innspel.

Sjølve utkastet til besøksstrategi finn de elektronisk på nettsidene:

<https://www.nasjonalparkstyre.no/Jostedalsbreen/>

Send innspel til Jostedalsbreen nasjonalparkstyre på e-post: sfvlpost@statsforvalteren.no.

Merk innspelet med «Merknad besøksstrategi Jostedalsbreen nasjonalpark».

Fristen for å kome med innspel er 1. september 2021.



For spørsmål til besøksstrategien ta kontakt med nasjonalparkforvaltarane:

Marthe Gjerde	magje@statsforvalteren.no	57 64 31 31
Tor Arne Hauge	toaha@statsforvalteren.no	57 64 31 33

Med helsing

Tor Arne Hauge
nasjonalparkforvaltar

Dokumentet er elektronisk godkjent



Sunnfjord kommune

Idrett og friluftsliv

Vår ref 21/6142-2
Dykkar ref ad676908-8291-4f74-ac05-7fd15122d49a
16.06.2021
Saksbehandlar Solfrid Trå
Dato 08.07.2021

Statsforvaltaren i Vestland,
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Høyring av besøksstrategi for Jostedalsbreen nasjonalpark - ber om utsett frist

Sunnfjord kommune ber om utsett høyringsfrist til 30.september, slik at vi kan samordne innspel internt og frå aktuelle grendalag i kommunen.

Dersom vi skal ha den politisk handsama er første politiske møte etter sommarferie er 15 september.

Med helsing

Solfrid Trå
rådgjevar

Dette brevet er elektronisk godkjent om det ikkje er signert.

Kopi til:

Anne-Grete Nøttingnes
Rognsøy
Hilde Bjørkum

Loen Utviklingslag

Styret ved leiar Jan Heggheim tlf 905 66 623, jan@heggheim.net

Heggelia 2

6789 Loen,

Jostedalssbreen Nasjonalparkstyre

sfvlpost@statsforvalteren.no

Høyringsinnspel besøksstrategi Jostedalssbreen nasjonalpark

Loen Utviklingslag (LU) har handsama besøksstrategien i styremøte 23. august 2021. Utviklingslaget har følgjande merknad:

LU er svært positive til det som har vore gjort av tilrettelegging på Skålastien, og planane for Skålaparkeringa på Tyva, informasjonspunkt i Loen, på Hoven og i Kjenndalen.

LU ynskjer å peike på følgjande:

Bødalsseter - Fessene:

I takt med den auka interessa for toppturar er trafikken til Lodalskåpa aukande, jfr side 39/40. Loen Idrettslag har trimpost på Fessene, jfr side 36/37. Der er førebels ikkje teikn til kapasitetsutfordringar på vegen til Bødalsseter, eller stien inn til stigninga opp mot «Fessene». Stien derifrå og opp på Fessene er derimot i svært dårleg stand, med mykje lausmasse og difor med potensial for ulukker.



LU ber difor om at utbetring av stien vert teke inn som tiltak i strategien. LU er klar over at Bødalssetra ikkje er vurdert som ein av dei stadane der besøkstalet er høgt nok, og er noko undrande til dette. Særleg i ein periode på vår/tidleg sommar er besøket omfattande.

Kvitesteinhytta - Skåla:

Loen Active/Loen Skylift med interessantar arbeider med planer om ei overnattingshytte i området ved det som blir kalla «Kvitesteinen» vest for Dispahyrna. Tanken er at dette skal vere første etappe i ei vandrerute med mål Skåla. Dersom og når dette blir realisert, vil det såleis ha potensial til å bli ein betydeleg innfallspurt til nasjonalparken.



Initiativtakarane stiller seg til disposisjon med tanke på å informere om sine planer og eventuelle konsekvensar av desse.

Fra: jan@heggheim.net[jan@heggheim.net]

Sendt: 24. aug 2021 12:52:53

Til: Postmottak SFVL

Kopi: Elin Sande Beinnes; Jan Heggheim; John Jatgeir Vinsrygg; Marte Sande; Monika Moen; Solheim, Emil

Tittel: Loen Utviklingslag, høringsinnspel besøksstrategi Jostedalsbreen Nasjonalpark

Til den det måtte komme ved:

Loen Utviklingslag sender med dette innspel til strategien med to tema vi meiner må løftast fram.

Beste helsing

Loen Utviklingslag, styret

Jan Heggheim

905 66 623

Fra: Per Briksdal[Per@briksdal.no]
Sendt: 25.08.2021 13:46:51
Til: Postmottak SFVL
Kopi: Hauge, Tor Arne
Tittel: Merknad besøksstrategi Jostedalsbreen nasjonalpark

Hei.

Viser til tidlegare innspel om sætrar i Briksdal, jamfør vedlegg, orientering og synfaring.
Vil gjerne at dette blir teke omsyn til og at ein får muligheit til tiltak knytta til dette.

Er usikker på om det er teke høgd for i dokumentet.

Vennleg helsing
Per Briksdal
Oldedalsvegen 2211
6792 Briksdalsbre
+47 90 68 60 34
per@briksdal.no
www.briksdal.no



Norges
nasjonalparker

01/06/2021

Besøksstrategi for Jostedalsbreen nasjonalpark

Høringsutkast



Innhald

1 Innleiing	4
1.1 Føremål	6
1.2 Kort om rammeverk	7
2 Kunnskapsgrunnlaget	10
2.1 Sårbare naturverdiar	11
2.1.1 Sårbare kvartærgeologiske førekomstar	11
2.1.2 Sårbare vegetasjon.....	15
2.1.3 Dyreliv	17
2.2 Reiselivet	19
2.2.1 Organisering av reiselivet kring Jostedalsbreen.....	20
2.2.2 Reiselivet kring Jostedalsbreen: Strategiar og målsettingar	22
2.2.3 Jostedalsbreen som turistattraksjon.....	23
2.2.4 Besøkssentera.....	24
2.3 Den besøkande	27
2.3.1 Tal besøkande og konsentrasjonar av besøkande.....	29
2.3.2 Kven er dei besøkande?.....	31
2.3.3 Brukargruppene sin praksis	34
2.4 Anna relevant kunnskap	38
2.5 Samanstilling og situasjonsanalyse av kunnskapen	38
2.5.1 Tiltak for styrking av verneføremåla	40
2.5.2 Tiltak som kan betre tilhøva for reiselivet og dei besøkande	42
3 Mål og strategiske grep	43
3.1 Mål med besøksforvaltninga	43
3.2 Strategiske grep.....	44
4 Kommunikasjonsplan	46
4.1 Bakgrunn	46
4.2 Mål for kommunikasjon	47
4.3 Målgrupper.....	47

4.4	Bodskap	48
4.5	Kanalar	48
4.6	Korleis kommunisere med målgruppene.....	50
4.6.1	Gjesten	50
4.6.2	Reiselivet.....	51
4.6.3	Lokalbefolkning.....	51
4.7	Kommunikasjonsplan – tiltak 2021 - 2022	51
5	Innfallsportar	52
5.1	Tiltak på innfallsportane	53
5.1.1	Innfallsportar med trong for mindre tiltak.....	56
5.1.2	Innfallsportar med trong for større tiltak	60
5.1.3	Frittstående startpunkt	64
5.2	Tiltaksplan.....	68

1 Innleiing

Jostedalsbreen, med brearmar som Bøyabreen, Briksdalsbreen, Kjenndalsbreen, Nigardsbreen og Supphellebreen, trekte mange turistar til området då turistane byrja å kome til Norge på 1800-talet. Dei mange tilreisande som kom inn fjordane og ønskte å oppleve bratte fjell, høge fossar og ville brear gav grunnlag for etablering av mange reiselivsverksemdar i bygdene rundt breen.

Jostedalsbreen har lenge vore den mest besøkte breen i Norge og er i dag truleg den mest besøkte nasjonalparken i landet. Dei mange besøkande gjev gode mogelegheiter for lokal verdiskaping, men kan og gje utfordringar for ivaretaking av naturverdiar, kulturverdiar, lokalsamfunn og klima.


Jostedalsbreen nasjonalpark har store verneverdiar knytt til geologi, landskap, flora, fauna og kulturminne. Tradisjonelt friluftsliv som krev lite teknisk tilrettelegging er og ein del av verneføremålet.

Dei seinare åra har Jostedalsbreen minka og dei fleste brearmane trekt seg attende og blitt brattare og farlegare. Dette gjev nye utfordringar og endringar i rammevilkåra for besøkande og næringsdrivande rundt breen.

Besøksstrategien er utforma av Jostedalsbreen nasjonalparkstyre som eit verktøy for å forvalte verneområda på ein strategisk god måte. Den skisserer ein plan for tilrettelegging og styring av ferdsel, kunnskapsformidling og informasjon til dei besøkande.

Med besøksstrategien skal vi prøve å finne balanse mellom å ta vare på verneverdiane, gje gode opplevingar for besøkande og leggje til rette for lokal verdiskaping.

Besøksstrategien for Jostedalsbreen nasjonalpark skal vere eit vedlegg til *Forvaltningsplan for Jostedalsbreen nasjonalpark*, som er under revidering.



Figur 1 Kart over Jostedalsbreen NP markert i grønt. Nigardsbreen naturreservat markert i raudt. Kartdata henta frå Fylkesatlas / Norge Digitalt.

1.1 Føremål

I den vedtekne prosjektplanen står fylgjande målsetjingar for besøksstrategien:

- Å ta vare på naturverdiane i nasjonalparken og i randområda
- Å gje alle dei besøkande ei betre naturoppleving
- Å bidra til auka verdiskaping i bygdene rundt breen

Nasjonalparkforvaltninga si primær oppgåve er å forvalte nasjonalparken for å ivareta naturverdiane på lang sikt. Samstundes skal besøksforvaltninga leggje til rette for og styre bruken av verneområdet, slik at opplevinga for dei besøkande og den lokale verdiskapinga vert størst mogeleg, forståinga for vernet vert auka og verneverdiane vert tekne vare på. Dersom det er motstridande målsetjingar mellom ivaretaking av verneverdiane, tilrettelegging for besøkande og lokal verdiskaping, skal ivaretaking av verneverdiane leggjast størst vekt på.

Jostedalsbreen nasjonalpark er eit av verneområda som i seg sjølv er ei merkevare og ein attraksjon, med fleire kjende destinasjonar innanfor vernegrensa.

For Jostedalsbreen nasjonalpark, som eit av verneområda med stort besøkstrykk, er det eigne, spesifikke forvaltningsutfordringar knytt til tilreisande og næringslivet sine ønskjer om bruk av verneområdet med tilhøyrande randområde (sjå fig. 2).

Besøksstrategien skal vere eit verktøy for å prioritere naudsynte tiltak for å ivareta verneverdiane i nasjonalparken, samstundes som ein legg til rette for verdiskaping i lokalsamfunna rundt.



Figur 2 Randområda kring Jostedalbreen nasjonalpark i stipla linje. Både verneområdet og randsona rundt utgjer interesseområdet for besøksstrategien. Kartdata henta frå Fylkesatlas / Norge Digitalt.

1.2 Kort om rammeverk

Vernevedtaket, verneforskrifta, naturmangfaldlova, forvaltningsplanen og vedtektene for Jostedalbreen nasjonalparkstyre legg rammer for besøksstrategien og dei tiltak som følgjer av den.

Kongeleg resolusjon (vernevedtaket)

Her finn ein rammer for lovleg aktivitet og tiltak innanfor verneområdet. Gjennom vernevedtaket er det gjort ei avveging mellom verneinteresser og andre interesser. Ved trong for utdjuing av verneforskrifta og tolking av denne er vernevedtaket ei sentral kjelde.

Verneforskrift

Verneforskrifta er det regelverket som er mest konkret og styrande for besøksstrategien. Forskrifta legg klare føringar for kva som kan gjennomførast i nasjonalparken. Den gjev klare restriksjonar for byggjeaktivitet og andre inngrep. Det er klare restriksjonar på motorferdsel i nasjonalparken. Føremålsparagrafen er førande for besøksstrategien.

Føremålet med nasjonalparken er:

- *Å verne eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høg fjell, med plante- og dyreliv og geologiske førekomstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand.*
- *Å gje høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging*
- *Å verne om kulturminne og kulturlandskap.*

Naturmangfaldlova (nml)

Naturmangfaldlova er den overordna lova om forvaltning av mangfaldet i naturen. Føremålsparagrafen har eit grunnleggjande prinsipp som har verknad for besøksstrategien:

§ 1. (lovens formål)

Lovens formål er at naturen med dens biologiske, landskapsmessige og geologiske mangfold og økologiske prosesser tas vare på ved bærekraftig bruk og vern, også slik at den gir grunnlag for menneskenes virksomhet, kultur, helse og trivsel, nå og i fremtiden, også som grunnlag for samisk kultur.

I tillegg skal miljørettsprinsippa i nml §§ 8 – 12 leggjast til grunn ved handsaming av saker etter dei spesifiserte dispensasjonsbestemmingane i verneforskrifta, og etter den generelle dispensasjonsbestemminga i § 48 Naturmangfaldlova. Kunnskapsgrunnlaget, føre-var-prinsippet, økosystemtilnærming og samla belastning, at kostnader ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar og miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar (jf. nml §§ 7 – 12) er viktige rettesnorer for vurdering av aktuelle tiltak og aktivitet i verneområda. I besøksstrategien er slike vurderingar og knytt opp til konkrete sårbarheitsvurderingar ved dei innfallsportane der det er vurdert som relevant.

Forvaltningsplan for Jostedalbreen nasjonalpark

Forvaltningsplanen gir føringar for korleis verneforskrifta skal tolkast og praktiserast og er eit hjelpemiddel for å sikre ei heilskapleg forvaltning. Forvaltningsplanen trekkjer opp retningslinjer for handsaming av brukarinteressene i nasjonalparken. Jostedalbreen nasjonalpark sin forvaltningsplan er frå 1994. Arbeidet med revidering av planen skjer parallelt med arbeidet med besøksstrategien. Besøksstrategien skal vere eit vedlegg til forvaltningsplanen.

Vedtekter for Jostedalsbreen nasjonalparkstyre

I *Vedtekter for Jostedalsbreen nasjonalparkstyre* står følgjande om verdiskaping og besøksforvaltning:

Styret kan som forvaltningsmyndighet legge til rette for at verneområdets potensial for verdiskaping utnyttes innanfor rammen av verneforskriften og naturmangfoldloven. Dette skal skje gjennom konkrete forvaltnings- og skjøtselstiltak, fortrinnsvis i tråd med den delen av forvaltningsplanen som omhandlar besøksstrategi. Styret skal ikke opptre som næringsaktør, men bør i denne sammenhengen innlede et samarbeid med lokalt reiseliv/øvrig reiseliv, samt det autoriserte besøkssenter.

Stillingsbeskrivelsen for nasjonalparkforvaltere presiserer at det er verneforskrifta og naturmangfoldlova som skal liggje til grunn for deira arbeid og det dei legg fram for nasjonalparkstyret.

Veileder for besøksforvaltning

Nasjonalparkstyret har i tillegg lagt Miljødirektoratet sin digitale rettleiar for besøksforvaltning og Designmanual for Norges nasjonalparker til grunn for arbeidet med besøksstrategi.

FNs berekraftsmål

FNs berekraftsmål er verda sin felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, kjempe mot ulikskap og stoppe klimaendringane innan 2030. Berekraftsmåla ligg som premiss for alt arbeid som vert gjort i miljøforvaltninga, også besøksforvaltning i og kring verneområda våre. Verneområda bidreg sterkt til Noreg si oppfyljing av FN sine berekraftsmål. Nokre av berekraftsmåla er særleg aktuelle for Jostedalsbreen nasjonalpark og må takast omsyn til ved utforming av ein besøksstrategi. Til dømes omhandlar berekraftsmål nr. 15 livet på land. Under kvart berekraftsmål er det laga fleire meir konkrete delmål, nokre av desse er særleg aktuelle for Jostedalsbreen nasjonalpark, sjå tabell under.

Tabell 1: FNs berekraftsmål: Delmål som er særleg aktuelle for Jostedalsbreen nasjonalpark.

Delmål 15.4: Innan 2030 bevare økosystem i fjellområde, inkludert det biologiske mangfaldet der, slik at dei skal bli betre i stand til å yte viktige bidrag til ei berekraftig utvikling.

Delmål 15.5: Setje i verk omgåande tiltak for å redusere øydelegginga av habitat, stanse tap av biologisk mangfald og innan 2020 verne truga artar og hindre at dei dør ut.

Delmål 15.8: Innan 2020 innføre tiltak for å unngå innføring og spreiding av framande artar og for å redusere påverknaden frå framande artar på land- og vassbaserte økosystem i vesentleg grad, og dessutan kontrollere eller utrydde prioriterte framande artar.

Alle tiltak som vert gjennomført som ein del av besøksforvaltninga i Jostedalssbreen nasjonalpark må planleggjast og gjennomførast på ein måte som er i tråd med desse berekraftsmåla.

2 Kunnskapsgrunnlaget

Jostedalssbreen er den største isbreen på fastlandet i Europa. Breen er omgjeve av eit mektig landskap med store kontrastar innanfor korte avstandar. Breesituasjonen er dynamisk og endrar seg etter endringar i klima, noko som gjer Jostedalssbreen og området rundt til eit naturlaboratorium av stor interesse for forskarar frå inn og utland.

I Jostedalssbreamrådet finn ein store kvartærgeologiske verneverdiar, som til dømes Fåbergstølsgrandane med den største aktive breelvsletta (sanduren) i landet og Bødalen med sine karakteristiske ende- og sidemorenar. Mange av dei nasjonale verneverdiane for naturvern og friluftsliv ligg i sjølve storleiken på området, og i at store delar av området er urørd natur. Det ligg og store verdiar i kulturlandskapet og i kulturminne. Fleire verna vassdrag har sitt utspring i nasjonalparken, som Strynevassdaget, Loenvassdraget, Oldenvassdraget, Gaularvassdraget og Sogndalselvi.

Ein viktig føresetnad for arbeidet med ein besøksstrategi er å skaffe god nok kunnskap om kor sårbare område er for bruk. Kunnskapen må vere av ein kvalitet som gjev informasjon om korleis områda kan brukast og om bruken må endrast i tid eller rom. I samband med utarbeidinga av besøksstrategien er det samla inn mykje ny kunnskap om brukarar, ferdsel og tilrettelegging. Det er og gjort analysar av sårbarheit for ferdsel i fleire delområde, sjå kjeldelista og nasjonalparkstyret sine nettsider for ein oversikt over tilgjengelege rapportar.

Klimaendringane og endra bruk av kulturlandskapet gjer at situasjonen for fleire artar og naturtypar i og rundt nasjonalparken er endra mykje dei siste 20-30 åra. Kunnskap om naturkvalitetar og kulturminne har til ein viss grad blitt supplert og oppdatert sidan vernevedtaket, men her er truleg store kunnskapshol. Nokre undersøkingar er likevel gjennomført, m.a. undersøking av hekkefuglfaunaen i nokre stølsdalar i Stryn, samt kartlegging av naturtypar, såkalla NiN-kartleggingar (*Natur i Norge*), i nokre delområde. På naturbase.no kan ein få oversikt over kvar kartleggingar er gjennomført. Endringar i klima og brearmar som trekkjer seg tilbake har og gjeve utfordringar for mange brukarar av Jostedalssbreen. Fleire av brearmene har vorte brattare, farlegare og vanskeleg tilgjengeleg, både for friluftsfolk på langtur og turistar som ynskjer kortare guida breturar. Oppleving av spesiell natur og breoppleving er dei viktigaste grunnane for at folk oppsøker Jostedalssbreen nasjonalpark. Med bresmeltinga som no skjer, og det faktum at brearmar trekkjer seg raskt attende, er slik sett ei utfordring for forvaltninga. Om

brefronten ikkje lenger vert synleg frå viktige turiststader, vil det kunne endre reislivsmønsteret rundt Jostedalsbreen.

Målsetjingar og strategiske val i besøksstrategien er utforma i møtet mellom dei naturfaglege kunnskapsfelt, kunnskap om dei besøkande og kjennskap til reiseliv og attraksjonar rundt nasjonalparken.

2.1 Sårbare naturverdiar

Store delar av nasjonalparken er dekkja i snø og is, naturverdiane i desse områda er dermed lite sårbar for ferdsel og friluftsliv. Utreiinga av breane har likevel minka mykje sidan nasjonalparken vart oppretta, særleg sidan slutten av 1990-talet. Tilbakegangen av breane har naturleg nok vore størst i dei lågareliggjande breområda, der brearmene har trekt seg mykje attende. Områda der isen har trekt seg attende er ofte dei same dalføra som tilreisande oppsøker for å oppleve breane. Der isen har trekt seg tilbake ligg det mange stader att landformer som morenar, sandurar og liknande. Sandurar og andre landformer som stadig vert endra naturleg av vatn i bevegelse er lite sårbare for ferdsel og friluftsliv. Morenar og andre breavsetjingar på turt land, og vegetasjonen som etter kvart etablerer seg der, er ofte sårbare for ferdsel og friluftsliv.

2.1.1 Sårbare kvartærgeologiske førekomstar

Landskapet kring Jostedalsbreen er ikkje statisk. Breframstøytar, tilbaketrekking av breen og smeltevatn har gjennom tidene endra landskapet og forma kvartærgeologiske førekomstar av mange slag. Landskapsformer som er forma i berggrunnen er stort sett lite sårbare for slitasje frå ferdsel og friluftsliv, medan landformer oppbygd av lausmassar ofte vil vere sårbare for slik slitasje. I dei høgareliggjande områda er det stort sett lite lausmassar. Lausmassar finn ein hovudsakleg i dalane kring breane. Dei kjem anten frå isen sin aktivitet (morenar), (bre-)elvane eller frå skred.


Dei mange og varierte morenane rundt Jostedalsbreen er eit definerande landskapsinnslag med høg verneverdi og må difor takast godt vare på. Markerte brerandavsetningar frå avsmeltingsperioden etter istida for vel 10 000 år sidan og frå den vesle istida kring år 1750 er eit vanleg landskapstrekk i området. Mange av førekomstane har stor verneverdi, mellom anna i Bødalen, Blåfjellet-Nukenområdet, Fagredalen ved Dvergsdalsstøyle, Krundalen, Haugadalen og i Sogndalsdalen. Særleg fint utforma endemorenar finn vi ved Flatbreen (fig. 3) og i Tverrdalen i Sogndalsdalen.



Figur 3 Flatbreen og den prominente endemorena som syner spor etter den katastrofale tappinga, *jøkulhlaupet*, av brevatnet som er oppdemt av morena i 2004. Foto: Anne Rudsengen/SNO.

Sårbart morenelandskap finn ein i dei fleste dalane inn mot breen. Fleire stader ser ein stiar som går på toppen og langs moreneryggane, noko som lett kan skade moreneryggane. Aukande besøk og trakk i sårbare morenelandskap kan medføre tap av viktige verneverdiar. Dersom bruk av sykkel brer om seg i nasjonalparken vil dette fort kunne føre med seg øydelegging av verdfulle morenelandskap. Karakteristiske morenelandskap med store kvartærgeologiske verneverdiar finn vi mellom anna ved Nigardsbreen, Austerdalen, Krundalen, Bødalen og i Haugadalen. Nigardsbreen er ikkje ein del av Jostedalsbreen nasjonalpark, og vert forvalta av Luster kommune, men er verna som naturreservat, mellom anna for å ta vare på eit dalføre med godt utvikla brerandsone.

Figur 5 Brearmene kring Jostedalssbreen trekker seg kraftig attende, her illustrert ved Brikedalsbreen i 2006 og i 2017. Ei anna påfallande endring er den samtidige auke i vegetasjonsdekket på skredura til venstre for brevatnet som fortel om gunstigare tilhøve for vekst. Foto begge bileta: Atle Nesje / NVE sitt fotoarkiv.



Klimaendringane som no skjer vil truleg medføre at brearmene smeltar og trekker seg attende frå lagareliggjande område, og det betyr at nye morenar ikkje vil bli danna i desse områda i overskodedeig framtid. Å ta vare på dei sårbare morenane ved dei mest besøkte infallsportane er viktig også for besøksnæringsa.

Figur 4 Morenerygg i Bergsetdalen med fleire stittrakk, nedsliten vegetasjon og resulterande søkk som forringar både verneverdiane og opplevinga av det sårbare breforlandet. Foto: Anne Rudsengen/SNO.



Vassdraga i området er sterkt brepåverka, med stor sommarvassføring, lita vintervassføring og stor materialtransport. Ein finn difor mange godt utvikla elvepåverka (fluviale) former som delta og sandurar (breelvsletter). Fleire stader finn ein førekomstar av stor verneverdi, som til dømes Erdalen med sine fem definerte sandurar, og Fåbergstølsgrandane, som er den største aktive sanduren på fastlandet i Europa.



Figur 6 Utsnitt av Fåbergstølsgrandane, den største aktive sanduren på fastlands-Europa. Foto: Stein Fossen / Instagram (@steinfossen).

Dei bratte dalsidene kring breen fører til steinskred, steinsprang og snøskred, og store rasmarker er vanlege. Slike stader er ofte tilgangen på næring god, noko som kan gje meir artsrike naturtypar med rikt plante- og dyreliv, mellom anna Lodalen har stor referanseverdi for ulike skredtypar. Mnemosynesommarfuglen er sjeldan og held til i rasmarkane i nasjonalparken på Veitastrond.

Eit innslag som dei siste åra har blitt eit trugsmål mot det urørte landskapet i nasjonalparken er såkalla 'villvardar'. Vardebygging har vorte ein populær aktivitet blant besøkande, men mange er kanskje ikkje bevisste over kva negative konsekvensar dette medfører, spesielt på høgfjellet. Flytting av stein kan endre heilt dei lokale vekstvilkåra for den sårbare vegetasjonen, i tillegg til at dei øydelegg inntrykket av urørd natur og kan leie folk på avvege i fjellet. Villvarding er eit problem mange stader i nasjonalparken, mellom anna i Kjenndalen, Briksdalen og ved Skåla.

2.1.2 Sårbar vegetasjon

Vegetasjonen i Jostedalsbreområdet er prega av store lokalklimatiske variasjonar på grunn av store høgdeskilnader og påverknad frå breane. Faktorar som kor fuktig og bratt det er, substrattypen og vegetasjonstilstand avgjer kor slitesterk vegetasjonen er, og evna den har til gjenvekst. Fleire vegetasjonstypar i nasjonalparken er sårbare for ferdsel og anna påverknad. Dette gjeld særleg myr og blaute parti, morenar, brinkar og bratte skrentar.

Det er per 01.03.2021 gjennomført sårbarheitsvurderingar av ferdselslokalitetar for vegetasjon og dyreliv i tråd med metodikk utarbeidd av NINA ved følgjande stiar/lokalitetar i Jostedalsbreen nasjonalpark:

- Tungestølen – Austerdalen
- Tungestølen – Langedalen
- Krundalen – Tuftebreen
- Briksdalen – Kattanakken
- Melkevoll Bretun – Oldeskaret
- Sunndalen – Sunndalssætra
- Tyva – Skåla
- Haugastøylen – Haugabreen
- Bøyadalen - Brevatnet

Dei sårbare vegetasjonstypene som er funne er typiske mange stader i nasjonalparken. *Myr/fuktige område* og *fuktsig/blauthøl* finst i dei fleste dalane som leier inn mot breen og toler lite trakk før det oppstår slitasje. For å unngå slitasje, og stiar som spreier seg utover i slike fuktige område, er det ei løysing å leggje godt til rette langs éin trasé.

Litt høgare opp i fjellsidene finn vi ofte *bratte skråningar med ustabil substrat, grunnlendt mark* og *brink/bratt skrent* der vegetasjonen blir fort slitent ned. Eit tynt eller heilt manglande jorddekke gjer at det her tek lang tid for vegetasjonen å vekse opp igjen.

Kvartærgeologiske verneverdiar vert ikkje særskilt vurdert i den gjeldande metoden for sårbarheitsvurdering av ferdselslokalitetar. Ofte vil dei verdfulle og sårbare morenane likevel verte registrert som sårbar *brink/bratt skrent* på grunn av sårbar vegetasjon.

Natur i Norge (NiN) er systemet som er utvikla for å kartlegge all variasjon i norsk natur. Naturtypar vert inndelt både i overordna kategoriar, til dømes fjellhei, skogsmark og våtmark, og meir finmaska underkategoriar. Det er mange naturtypar knytt til fjellområda som er på den norske raudlista for naturtypar, sjå *artsdatabanken.no*. Fleire av desse er utbreidd i Jostedalbreen nasjonalpark. Det er i stor grad påverka frå t.d. klimaendringar, luftforureining og endra driftsformer i landbruket som påverkar dei sårbare naturtypane negativt. Ferdsel og friluftsliv kan likevel lokalt vere eit trugsmål for nokre raudlista naturtypar i nasjonalparken, særleg gjeld dette *fosse-eng* (NiN-kode T15) og *fjellhei, leside, tundra* (NiN-kode T3).

Det er per mars 2021 kun fire område i Jostedalbreen nasjonalpark som er basis-kartlagt etter NiN-metoden; Austerdalen, Langedalen i Luster, Sunndalen og Fåbergstølsgrandane. Basiskartlegging inneber arealdekkande kartlegging av delområde i verneområde. I naturbase er det og lagt inn ganske få område med viktige naturtypar innanfor nasjonalparken. Mykje av naturregistreringane frå området er frå før området vart verna. Det er difor mykje som tilseier at kunnskapen om naturtypar og artar i dag er mangelfull. Vurdering av sårbarheit for ferdsel er difor viktig å gjennomføre i alle område der ein planlegg tiltak som kan medføre auka ferdsel og aktivitet.



Figur 7 Parti med innslag av fosse-eng (NiN-kode T3) ved Tverrelva i Sunndalen. Foto: Tor Arne Hauge.

2.1.3 Dyreliv

Fleire artar av rovfugl, mellom anna kongeørn, er registrert i og rundt nasjonalparken . Områda som vert nytta av rovfuglar ligg for det meste utilgjengeleg til og vil vanlegvis i liten grad bli påverka av ferdsel på stiar eller på is og snø. Sårbarheitsvurderingar gjort i nasjonalparken viser generelt at dyrelivet på dei undersøkte stadene ser ut til å vere lite sårbart for ferdsel. Kongeørn og andre rovfuglar hekkar truleg fleire stader i fjellsidene i eller nær parken, forvaltninga må difor vere merksam på at ny aktivitet og ferdsle kan medføre uro i hekketida.

Auka bruk av droneteknologi for å ta bilete og film gjer at det kan bli meir uro også for dyrelivet. Typiske byttedyr vil kunne endre mønster for kvile og næringssøk viss dei stadig trur det er «rovfugl» i lufta. Det er også dokumentert at kongeørn og jaktfalk har blitt skadd ved å angripe dronar, noko som kan skje om dei føler seg truga.

Ein viktig art som er sårbar for ferdsel er villrein, som Norge har eit særleg forvaltningsansvar for. Den austlege delen av nasjonalparken er del av Reinheimen-Breheimen villreinområde. Fjellområda aust for Grovabreen er viktige vinterbeiteområde

for villrein. Den nordvestlege armen av nasjonalparken, rundt Svartebotnen, er eit viktig beiteområde for dyra i Svartebotnen villreinområde (sjå fig. 8).

Ferdsel over Kamperhamrane vil kunne føre til uro i villreinen sitt siste intakte sommarbeiteområde, Rauddalen. NINA rår i frå auka ferdsle av folk langs ruta mellom Sunndalen og Pollfoss.

Søk i Artskart viser tydeleg at områda med flest observasjonar av truga og raudlista artar ofte fell saman med dei områda med mest ferdsel. Ei naturleg årsak til dette kan vere at mange besøkande gjev mange potensielle til å rapportere om observasjonar. Men observasjonar av truga artar nær område med mykje ferdsel gjer at nasjonalparkforvaltninga må gjennomføre fleire kartleggingar før vi veit noko sikkert om kor sårbart dyrelivet er for auka ferdsel og friluftsliv i desse områda.

Lågare fauna er lite undersøkt i nasjonalparken.



Figur 8 Kart over villreinområde markert med svart i og kring Jostedalsbreen nasjonalpark. Kartdata henta frå Fylkesatlas / Norge Digitalt.

2.2 Reiselivet


Verneområdeforvaltninga har generelt ikkje økonomi til sjølv å etablere større attraksjonar og opplevingar. I den daglege forvaltninga ligg moglegheita for å bidra til verdiskaping i samarbeid med reiselivsaktørar, lokalsamfunn og ved å støtte etablerte utviklingsprosjekt. Ei god tilnærming er difor inngåande kjennskap til prosjekt og satsingar som bidreg til å nå målsettingar i besøksstrategien og forvaltningsplanen, og som forvaltningsgrep bidra til å styrkje prosjekta i samspel med utviklingsinteressene. Eit slikt samspel er avhengig av at nasjonalparkforvaltninga kjenner reiselivsorganisasjonar,

bedriftssamanslutningar og til dels einskildaktørar som har interesser eller opererer i området rundt nasjonalparken.

2.2.1 Organisering av reiselivet kring Jostedalsbreen

Reiselivet i Vestland fylke vert organisert på regionalt nivå, fylkesnivå og landsdelsnivå. Reiselivsbedriftene i Vestland er organisert gjennom medlemskap i regionvise destinasjonsselskap, og kring Jostedalsbreen er det i hovudsak tre regionale destinasjonsselskap som opererer: Visit Nordfjord, Visit Sognefjord og Visit Sunnfjord. Den internasjonale marknadsføringa vert i hovudsak organisert på landsdelsnivå gjennom Fjord Norge (Fjord Norway).

Dei regionale destinasjonsselskapa kring Jostedalsbreen nasjonalpark har tilgang til eit stort internasjonalt nedslagsfelt via link til Innovasjon Norge sin marknadskanal Visit Norway og Fjord Norway. Det er likevel ikkje slik at alle dei regionale og lokale marknadsselskapa vektlegg verneområda i sin kommunikasjon. Nokre har derimot gjort verneområda til eit hovudelement i marknadskommunikasjonen. Dei sistnemnde marknadsfører fyrst og fremst attraksjonar og opplevingar i randsona av verneområda, og har dermed ein kanalisierende effekt på ferdsel som potensielt kan vere eit av dei viktigaste verktøya for god besøksforvaltning. Dette føreset eit systematisk og godt samarbeid mellom marknadsselskapa og forvaltningsstyresmakta. Figuren under illustrerer marknadsselskapa med tilknytning til Jostedalsbreen nasjonalpark. I denne samanheng meinast tilknytning marknadsføring av attraksjonar og opplevingar i Jostedalsbreen nasjonalpark og/eller geografisk tilhøyrse. I tillegg er turistforeininga lagt inn då dei gjennom sine kommunikasjonsplattformer når viktige brukargrupper for Jostedalsbreen nasjonalpark.



Figur 9 Reiselivet kring Jostedalsbreen nasjonalpark på nasjonalt og regionalt nivå.

Tabellen under syner ei oversikt over bedrifter med aktivitet i tilknytning til verneområdet. Lista er ikkje uttømmende. Breføring er blant hovudattraksjonane i nasjonalparken, og spesielt Nigardsbreen, som forvaltningsmessig høyrer under Luster Kommune, er kan hende den lettast tilgjengelege brearmen til Jostedalsbreen. Det er difor fleire av aktivitätsbedriftene som nyttar hovudsakleg Nigardsbreen til føring og kurs, men det er forsøkt skilt mellom Nigardsbreen og Jostedalsbreen i tabellen.

Tabell 2: Tabellen syner aktørar og bedrifter med aktivitet i tilknytning til verneområdet. All aktivitet går føre seg i sommarsesongen, med mindre anna er kommentert.

Bedrifter med aktivitet i tilknytning til verneområdet		
Firma	Aktivitetar	Bruk av verneområdet
Jostedalen Breførarlag	Breføring, brekurs, vårskitur Josten på langs	Daglege turar innanfor Nigardsbreen naturreservat i høgsesongen, vårskiturar (Josten på langs) innanfor nasjonalparken 3-5 helgar i sesongen
Icetroll	Breføring, brekurs	Daglege turar innanfor nasjonalparken i høgsesongen
Fjord Active	Breføring, brekurs	Daglege turar innanfor nasjonalparken i høgsesongen
Icecave	Føring til blåisgrotter under Nigardsbreen og Tuftebreen i vintersesong	Tal turar innanfor nasjonalparken og Nigardsbreen naturreservat varierer frå år til år

Norgesguidene	Breføring, brekurs, vårskitur Josten på langs	Tal turar innanfor nasjonalparken varierer frå år til år
Oldedalen skysslag	Transport til Briksdalsbreen	Nyttar ikkje nasjonalparken
DNT	Vårskitur Josten på langs	Tal turar innanfor nasjonalparken varierer frå år til år
Breoppleving	Brekurs, vårskitur Josten på langs	Tal turar innanfor nasjonalparken varierer frå år til år
Breogfjell	Breføring, brekurs	Tal turar innanfor nasjonalparken varierer frå år til år
Fjærland Guiding	Breføring, fjellføring	Tal turar innanfor nasjonalparken varierer frå år til år
Sogndal Lodge	Vårskitur Josten på langs	Tal turar innanfor nasjonalparken varierer frå år til år
500fjell	Breføring, brekurs, vårskiturar	Tal turar innanfor nasjonalparken varierer frå år til år
Hvitserk	Vårskitur Josten på langs	Tal turar innanfor nasjonalparken varierer frå år til år
Mountaingoat Guiding	Breføring, brekurs	Tal turar innanfor nasjonalparken varierer frå år til år
Briksdal Adventure	Breføring på Tystigbreen	Nyttar ikkje nasjonalparken
Loen Active / Via Ferrata Loen	Via Ferrata	Nyttar ikkje nasjonalparken
Loen Skylift	Gondol	Nyttar ikkje nasjonalparken
M/S Kjenndal II	Båt Lovatnet	Nyttar ikkje nasjonalparken
Fjeldfolk	Breføring	Sjeldan i nasjonalparken
Jølstraholmen	Vårskiturar	Nyttar ikkje nasjonalparken
Skifantomet / Jølster adventure	Vårskiturar	Sjeldan i nasjonalparken

2.2.2 Reiselivet kring Jostedalsbreen: Strategiar og målsettingar

Parolen i den nye merkevarestrategien for Norges nasjonalparker er - *Velkommen inn*. Målsettinga med den nye merkevarestrategien er å betre vernet, betre opplevinga for dei besøkande og gje større verdiskaping lokalt. Ein ønskjer å invitere fleire til ei god nasjonalparkoppleving utan at det går ut over verneføremåla. Dette samsvarar med ønskja både frå forvaltninga, fylkeskommunen og destinasjonsselskapa om eit meir berekraftig reiseliv i og rundt nasjonalparken.

Visjonen i reiselivsplanen for Sogn og Fjordane 2010-2025 er formulert slik: *Berekraftige naturopplevingar i verdsklasse*. Planen nemner spesifikt at det er eit ønskje om meir bruk av verneområda: *Reiselivsutvikling i og ved verneområde og nasjonalparkar i Sogn og Fjordane skal styrkast gjennom ei eiga satsing på produktutvikling og ein sterkare og tydelegare bruk av verneområda i profileringsarbeidet*.

Sommarsesongen er den klart største sesongen for reiselivet som heilskap kring Jostedalsbreen, og tal besøkande er i hovudsak registrert om sommaren. Ferdsesteljarar, bomvegar og føringsfirma har i hovudsak taloversikt som syner aktivitetsnivå og mengd besøkande om sommaren, men nokre aktivitetsfirma og ikkje minst overnattingsbedrifter har også aktivitet i skuldensesongane og på vintertid. Dei seinare åra har det vorte satsa på meir aktiviteten i skuldensesongane, dette for å skape fleire heilårs arbeidsplassar i reiselivsnæringa. Mellom anna reiselivsstrategien til Visit Nordfjord nemner ei satsing på *heilårsturisme med auke av gjestedøgn haust, vinter og vår* som eit av hovudmåla. For forvaltningsmyndet kan ei auke i besøkstala i skuldensesongane føre til auka ferdsel i verneområda som kan forringe verneverdiar ved til dømes større slitasje av regnvåte stiar om hausten. Samstundes kan ei jamnare fordeling av turiststraumen over større delar av året føre til mindre press ved dei mest populære reisemåla i sommarsesongen og mindre trakk og slitasje i denne årstida.

Jostedalsbreen nasjonalpark er ein av nasjonalparkane i landet med eit etablert reiseliv som i stor grad nyttar nasjonalparken i marknadsføringa, som produkt og som område for sin aktivitet. Av den grunn har forvaltninga i Jostedalsbreen hatt eit visst samspel med reiselivsnæringa, og i periodar også eit særleg søkelys på korleis forvaltninga og reiselivsnæringa kan samarbeide til felles beste. Nasjonalparkforvaltninga må samarbeide nært med grunneigarar, regionalt og lokalt reiseliv, kommunar, lokale næringsaktørar, lag og organisasjonar for å leggje til rette for gode og berekraftige besøksnæringar rundt nasjonalparken. Det er viktig å kanalisere trafikk inn mot område der konfliktane med verneverdiane er små samstundes som dei positive ringverknadane for busetjing og lokalt næringsliv er store.

2.2.3 Jostedalsbreen som turistattraksjon

Brukarundersøkingar viser at Jostedalsbreen er ein svært mykje besøkt nasjonalpark med ein stor del utanlandske besøkande og mange førstegongsbesøkande. Berre 14% har området rundt Jostedalsbreen som hovudmål for turen. Det ser ut til at nasjonalparken er eit viktig besøksmål for den utanlandske marknaden av rundreiseturistar på Vestlandet. Det er naturopplevinga (for alle) og ønskje om å oppleve isbrear (særleg utlendingar) som er dei viktigaste grunnane for besøk i Jostedalsbreen nasjonalpark.

I randsona (fig. 2) rundt nasjonalparken ligg og fleire godt besøkte turistdestinasjonar, slik som Loen, med storskala tilrettelegging med gondolbane og Via Ferrata. «Insta-faktoren»

og ønskje om å få tatt selfies ved Lovatnet har i dei siste åra ført til stort press og mykje villcamping kring Lovatnet, noko som har ført til slitasje på natur og vanskar for folk i området.

Jostedalsbreen med sine brearmar er av dei mest besøkte reisemåla i Norge og truleg den mest besøkte nasjonalparken i landet. Allereie i dag kjem over 600 000 turistar årleg for å sjå dei fire mest besøkte brearmane; Briksdalsbreen, Kjenndalsbreen, Bøyabreen og Nigardsbreen, og dette er eit minimumsestimat. I følgje World Tourism Organization (UNWTO) er det venta ein global vekst i reiselivet på 60 % fram mot 2030. Det er vidare berekna at Vestlandet kan potensielt ligge høgare enn den globale veksten, altså mellom 60 – 100 % auke. I *Scenario 2030 prosjektet for reiselivet på Vestlandet* initiert av Fjord Norge vil dei to viktigaste utfordringane her vere 1) å spreie trafikken i perioden mai til september frå pressområda til område med ledig kapasitet, og 2) å spreie trafikken over heile året. Reiselivsnæringa har også eit ønskje om auke i besøket og det vert arbeid spesielt med å få til ein auke i vinterhalvåret og i skuldervesongane.

Om Jostedalsbreen held på sin marknadsandel vil det vere avgjerande at forvaltningsmyndet har ein strategi for korleis ein skal handtere ei slik mengd med turistar på ein berekraftig måte, slik at ikkje verneverdiane vert forringa som følgje av auka besøk. Vi bør og ha ein strategi for korleis vi kan nytte det faktum at vi har mange tilreisande til området vårt til å påverke folk til meir klima- og miljøvenleg åtferd, både medan dei er på vitjing hjå oss og elles.

Nasjonalparkforvaltninga må samarbeide med reiselivsnæringa for å bidra til eit meir berekraftig reiseliv i og rundt nasjonalparken. Dette kan vi gjere mellom anna gjennom å bidra til kunnskap om kva område i nasjonalparken som toler ei auka ferdsel og kva område som er meir sårbare. Vi kan også bidra med informasjon om brukarane av parken og kva dei legg vekt på i sine opplevingar av parken. Mellom anna veit vi frå brukarundersøkinga at dei besøkande til nasjonalparken generelt set miljø og berekraft høgt.

2.2.4 Besøkssentera

I tillegg til naturattraksjonane er og dei tre besøkssentera rundt breen viktige attraksjonar for turistane. Besøkssentera spelar ei sentral rolle i formidling av kunnskap om nasjonalparken og dei er allereie tilrettelagte for større mengder med besøkande med m.a. mattilbod og toalettfasilitetar. I så måte er det ønskjeleg for forvaltninga å kunne kanalisere ein stor del av dei besøkande til nasjonalparken inn til besøkssentera. Dei tre besøkssentera er:


- Norsk Bremuseum og Ulltveit-Moe senter for klimaviten i Fjærland (opna i 1991)
- Jostedalsbreen nasjonalparksenter i Oppstryn (opna i 1993)
- Breheimsenteret i Jostedal (opna i 1993)

Gjennom utstillinger og filmar formidlar besøkssentera kunnskap om naturen, geologien og kulturhistoria i og rundt nasjonalparken. Alle tre legg vekt på kunnskapsformidling om isbrear og klima, men gjestane vil likevel oppleve ulikheiter både i innhald, formidlingsmetodar, fysisk utforming og omgjevnader. Besøkssentera er i seg sjølve arkitektonisk spektakulære bygg i mektige landskap og kan potensielt trekke til seg besøkande som er interesserte i spennande byggverk. Frå og med januar 2021 har alle dei tre besøkssentera tilsett ein eigen fagansvarleg eller naturretteleiar.

Bremuseet i Fjærland har med si fordelaktige plassering langs Rv.5 hatt eit høgt besøkstal, som i dei siste åra har lege på kring 80 000 besøkande. Jostedalbreen nasjonalparksenter i Oppstryn har også hatt svært høge besøkstal, mykje grunna cruiseturisme. Besøkssenteret har av fleire grunnar hatt ein nedgang i tal besøkande til 35 000 i 2019. Breheimsenteret i Jostedalen er i sterkare grad eit aktivitetssenter enn dei andre to sentra. Det finst ikkje besøksstatistikk for Breheimsenteret, men basert på tal frå bomvegen inn til Nigardsbreen reknar ein med at det er kring 60 000 personar som reiser fram mot breen årleg (sjå tabell 3) og ein estimerer at kring $\frac{2}{3}$ av desse er innom senteret, altså om lag 40 000 personar.



Figur 10 Norsk Bremuseum, Fjærland. Foto: Gaute Dvergsdal Bøyum.



Figur 11 Jostedalsbreen nasjonalparksenter, Oppstryn. Foto: Wenche Nesje.




Figur 12 Breheimssenteret, Jostedal. Foto: Eric J. Ryan / VeriMedia.

2.3 Den besøkande

Ein føresetnad for god besøksforvaltning er god kunnskap om dei besøkande. I Jostedalsbreen nasjonalpark gjennomførte nasjonalparkforvaltninga i samarbeid med Statens Naturoppsyn (SNO) sommaren 2017 ei større brukarundersøking, der resultatane kan lesast i rapporten *Bruken og brukarane av Jostedalsbreen nasjonalpark 2017*. Det vart sett opp sjølvregistreringskassar ved 19 innfallsportar, inkludert Nigardsbreen. Dette vart seinare følgt opp med ei nettbasert etterundersøking, som NINA var ansvarleg for. Folk hadde fylt ut 17 161 skjema og lagt i kassane, noko som er det klart høgaste talet skjema blant alle verneområda i Norge. Funna frå brukarundersøkinga har vore svært verdifulle i arbeidet med besøksstrategien, då dei seier mykje om kven som besøker nasjonalparken og kva som er deira preferansar. Miljødirektoratet legg opp til ei gjentaking av spørjeundersøkinga kvart tiande år.

Det er dei siste åra gjennomført registreringar med ferdselsteljarar på fleire stader i Jostedalsbreen nasjonalpark (figur 13). Funna frå desse registreringane seier noko om tal besøkande på ulike innfallsportar og når dei besøker parken. Ferdselsteljarane er hovudsakleg i funksjon i sommarsesongen, og gir dermed eit minimumstal på besøkande ved kvar lokalitet ettersom dei ikkje registrerer heile året. I tillegg er det av naturlege årsaker i nasjonalparken slik at dei fleste går same vegen fram og tilbake der ferdselsteljarane er plassert, eller meir presist: opp og ned på den same stien (inn og ut av nasjonalparken). Difor oppgir vi her kor mange som passerer éin veg eller i éin retning. Slitasjen på stiane vil utgjere det doble, og viss ein samanliknar med ferdselstal frå andre stader så er det greitt å vere klar over det!



Figur 13 Oversikt over lokalitetar med besøktal frå ferdselsteljarar i og kring Jostedalsbreen nasjonalpark. Kartdata henta frå Fylkesatlas / Norge Digitalt.

Fylkesmannen i Innlandet (no: Statsforvaltaren i Innlandet) har i ein rapport frå 2020 samanstilt resultat frå brukarundersøkingar i ei rekkje verneområde, i hovudsak nasjonalparkar. Denne rapporten har vore til god nytte ved utarbeiding av besøksstrategien, og viser tydeleg at Jostedalsbreen skil seg ut frå mange andre

nasjonalparkar ved at det er ein typisk turistpark med høgt tal besøkande, mange utlendingar og mange som besøker parken som del av ei rundreise.


2.3.1 Tal besøkande og konsentrasjonar av besøkande

Jostedalsbreen nasjonalpark skil seg ut som det verneområdet i Norge som har størst besøkstal. Resultata frå brukarundersøkingar i ulike verneområde frå dei siste åra viser at Jostedalsbreen har avgjort mest bruk, mest utlendingar og mest førstegongsbrukarar. At Jostedalsbreen er ein turistpark viste seg tydeleg i koronasommaren 2020 som synte svært stor nedgang i besøket på mange av innfallsportane, til dømes viste ferdselsteljardata frå Bøyabreen ein nedgang på 70 % frå 2018 til 2020. Auka besøk av nordmenn, som søkte til einskilde stader i stort tal i løpet av nokre hektiske sommarveker i 2020, kunne ikkje vege opp for dei mange utlendingane som grunna koronaepidemien og reiserestriksjonar ikkje kom til Norge dette året.

Dei største konsentrasjonane av besøkande i og ved Jostedalsbreen nasjonalpark er i normale år knytt til kjende turistattraksjonar som m.a. Briksdalsbreen, Kjenndalsbreen, Bøyabreen og Nigardsbreen. Gjennomsnittlege besøkstal for dei største attraksjonane og besøkssentra er gitt i tabell 3 og figur 14 under som også syner den geografiske fordelinga av dei største innfallsportane kring Jostedalsbreen. Tala presentert vert rekna som minimumstal.

Tabell 3: Besøk på nokre av dei største innfallsportane. Tal for Briksdalen er henta frå statistikk for besøkande og Briksdalen Fjellstove; tal for Nigardsbreen er frå Brevegen AS; tal for Kjenndalsbreen er berekna frå Kjenndalsstova; for Bøyabreen finst ikkje besøksstatistikk så her visast besøkstal frå ferdselsteljar ein veg og dette er rekna som eit absolutt minimumsestimert. Besøksentra fører statistikk, utanom Breheimsenteret (sjå kap. 2.2.4).

Innfallsport	Tal besøkande årleg
Briksdalen	300 000
Kjenndalsbreen	105 000
Nigardsbreen	60 000
Bøyabreen (ferdselsteljar)	81 000
Jostedalsbreen nasjonalparksenter Stryn	35 000
Breheimsenteret Jostedalen	40 000
Norsk Bremuseum og senter for klimaviten Fjærland	80 000



Figur 14 Oversikt over besøkstal fra dei største namngjevne innfallsportane og besøkssentera i og kring nasjonalparken. Sjå forklaring til tabell 3 for talgrunnlag nytta. Kartdata henta frå Fylkesatlas / Norge Digitalt.

2.3.2 Kven er dei besøkande?

Brukarundersøkinga viser at Jostedalsbreen nasjonalpark har ein stor del utanlandske besøkande (75 %) og mange førstegongsbesøkande (71 %). Berre 3 % er lokalt busette i kommunane rundt breen, og 5 % frå gamlefylket (Sogn og Fjordane). I nasjonalparken og randsona til den ligg fleire av dei viktigaste besøksmåla for turistar på tur i Sør-Norge, særleg for den utanlandske marknaden av rundreiseturistar på Vestlandet. I tillegg til nærleik til hovudreisestraumar av turisttrafikk, så ser landskapskvalitetane ut til å spele ei viktig rolle for utanlandske besøk. Det dramatiske fjell- og fjordlandskapet har vore tungt marknadsført internasjonalt.

Det er få av dei besøkande (14 %) som har Jostedalsbreen nasjonalpark som hovudmål for besøket, svært mange er innom parken som del av ei lengre reise (68%). Dette samsvarar med turiststraumane på Vestlandet, med stort innslag av bussturistar, cruiseturistar og utlendingar på rundreise.


Om lag ein femdel av respondentane hadde med barn under 15 år i turfølgjet. Dette er om lag på line med det ein finn i mange andre nasjonalparkar. I samband med arbeidet med besøksstrategien har det vore argumentert for at Jostedalsbreen nasjonalpark er lite tilrettelagt for mindre barn og barnefamiliar. Noko av dette skuldast naturlege tilhøve som bratte oppgangar og lite tilgjengelege brearmar som vert stadig brattare og mindre aktuelle for breføring ettersom klimaet vert varmare. Mellom anna måtte Jostedalen Breførarlag frå sommaren 2018 kutte den populære familieturen for dei aller minste på Nigardsbreen grunna mykje smelting og høge innsteg på breen.



Figur 15 God stemning ved blåisen! Barn på tur på Tunsbergdalsbreen. Foto: Bente Støa.


Knapt kvar tiande person var på organisert tur. Dette er ganske høgt og ulike gaida turar og kommersielle buss- eller cruiseturar var dei vanlegaste organiserte turane. Nær 7 av 10 svara at hovudføremålet med turen var å dra på dagstur og berre 6 % svara at fleirdagarstur var hovudføremålet. Dei andre alternativa var topptur, trimtur, fiske og anna (fig. 16). Anna-kategorien, som 20 % kryssa av for, omfatta ulike formar for bruk/oppleving av isbre, ekskursjon frå bil/camping/cruise- eller hyttetur, besøk til familie eller rundreise. Friluftserfaringa er relativt låg. 2 av 5 respondentar har aldri vore på langtur før, men det er stor variasjon og relativt mange har også vore med på slike turar 2-5 gantar. Det var relativt fleire nordmenn enn utlendingar som hadde erfaring med fleirdagarsturar. Av dei som hadde vore i Jostedalbreen før var det spesielt mange som hadde vore der sommarstid (totalt 98 %), medan langt færre (16 %) hadde vore der

vinterstid. Kunnskap om når på året det er høysesong vil kunne leggje føringar for besøksforvaltninga og kva for område ein bør forsøke å skåne, eventuelt leggje betre til rette, for meir besøk når det er mest trøkk.



Figur 16 Dei besøkande si deltaking i ulike aktivitetar. Nasjonalparken vert i liten grad nytta til tradisjonelle haustingsaktivitetar som jakt og fiske, og i etterundersøkinga oppgav kun 5 % at dei hadde vore på fisketur og berre 1 % hadde jakta i nasjonalparken i løpet av året. Figur henta frå brukarundersøkinga.


I tala frå brukarundersøkinga ser ein at 3 av 4 overnattar i nærleiken av nasjonalparken, noko som indikerer at besøka til Jostedalsbreen genererer ein god del overnattingsdøgn av tilreisande. Prosentfordelinga til høgje i figuren under syner at dei fleste oppgav at dei overnatta på tilrettelagt campingplass, hotell/pensjonat/fjellstove eller turisthytte.



Figur 17 Prosentdelar som overnatta i eller i nærleiken av nasjonalparken i samband med besøket dit. Oransje farge indikerer overnatting som ein må betale for, medan dei blå er gratis. Figur frå brukarundersøkinga.

2.3.3 Brukargruppene sin praksis

Det er naturopplevinga og ønskje om å oppleve isbre som er dei viktigaste grunnane for å besøke Jostedalsbreen nasjonalpark, sjå figur 18 under. Den tredje viktigaste grunnen for dei besøkande er at området er godt tilrettelagt med stiar og turisthytter. Det var signifikante forskjellar mellom nordmenn og utlendingar, og mellom anna ser vi at det er viktigare med fjelltoppar å gå på, å kunne gå topptur på Skåla, og å ha gode jakt- og fiskemoglegheiter for nordmenn enn for utlendingar. For utlendingane var det spesielt naturkvalitetar som var viktigare, og det å oppleve/gå på isbre. Ein annan interessant skilnad, er at utlendingane er meir opptekne av at det er få andre turistar i området, og at terrenget er lett å ferdast i.



Figur 18 Gjennomsnittskår for kor viktig ulike grunnar var for at ein valde å besøke Jostedalsbreen nasjonalpark siste år, fordelt på nordmenn og utlendingar. Skala frå 1 «ikkje viktig i det heile tatt» til 7 «svært viktig». Figur frå brukarundersøkinga.

Ein stor del førstegongsbesøkande påverkar behovet for informasjon og tilrettelegging. Brukarundersøkinga viser at berre 41 % av dei besøkande i Jostedalsbreen hadde vore på ein fleire dagars fottur eller skitur tidlegare, og at berre 6 % var på fleire dagars fottur den turen spørjeskjema vart fylt ut. Tilbod til dei med lite friluftserfaring, som godt tilrettelagde «car-walks», vil difor vere viktigare rundt Jostedalsbreen enn i andre parkar.

Turistane si framferd framfor breane kan føre til tryggleiksutfordringar m.a. grunna fare for isras, breelver som vert oppdemt og brest, og uvetting oppførsel framfor breane. Dette må førebyggjast gjennom informasjon og kanalisering av ferdsel. Dødsulukker skjer diverre med års mellomrom, trass informasjon og tilrettelegging. Ferdsel framfor og på bre krev kunnskap og utstyr. Dei som ikkje har dette, bør følgje organiserte turar.



Figur 19 Besøkande som trassar tydelege fareskilt og kjettingar framfor Nigardsbreen. Legg merke til nyleg nedraste isblokker rett ved turistane og tydelege teikn på breisen at meir is vil komme etter. Foto: Liv Byrkjeland/SNO.

Tradisjonelt friluftsliv


Boka *Breføreren*, utgjeven av DNT Fjellsport i 2001, er ei samling med skildringar av dei mest brukte opp- og nedgangar på brear i Norge. For Jostedalsbreen er heile 94 ruter skildra over 81 sider med kart og tekst. Dette er ruter som, på denne tida, i større eller mindre grad vart nytta til å gå opp og/eller ned frå Jostedalsbreen. Mange av rutene er i dag svært lite nytta, både på grunn av bresmeltinga og på grunn av at færre i dag har kunnskap om bre og tek brekurs enn for 20-30 år sidan.

Dei siste 20 åra er interessa for dagsturar og toppturar på ski, ofte i utfordrande terreng, auka mykje. Nytt og lettare utstyr har, saman med stort fokus på denne type friluftsliv, medført ein endra bruk av og auka friluftsliv i delar av parken. Særleg har toppturar på ski i randsonene til parken auka vesentleg. Ein annan tendens er at færre går langturar på ski på eiga hand, t.d. Josten på langs. Organiserte turgrupper med eigen gaid har auka jamt dei seinare åra.

Friluftsliv er viktig for folkehelsa i Noreg og tilrettelegging for turgåing og friluftsliv vert stadig sterkare vektlagt i arbeidet for betra folkehelse. I grendene rundt nasjonalparken er det fleire idrettslag, turlag, grendelag, trimgrupper og andre som organiserer ulike formar

for trimpost/topptur konkurransar for å motivere folk ut på tur i sine nærområde. Nokre av postane/turmåla ligg innanfor nasjonalparken sine grenser og generer såleis trafikk inn i nasjonalparken.

Respondentane i brukarundersøkinga blei også spurde om synet på åtte ulike tilhøve i deira tenkte «idealområde» for friluftsliv. Desse åtte tilhøva var knytt til tilretteleggingstiltak som skilting, merking, trestokkar over våt myr (klopper), tilrettelagte leirplassar, søppeldunkar og overnattingshytter, i tillegg til at det blei spurt om ein ønska å møte på mykje folk eller ikkje (figur 20). Frå svara på disse variablane kan ein rekne seg fram til noko som kallast purismegrad. Denne er eit bilete på brukaren sin preferanse for grad av tilrettelegging og for toleranse for det å møte andre menneske når ein er på tur. Lågpuristar føretrekker fysisk tilrettelegging og føretrekker å møte menneske på tur. Høgpuristar føretrekker lite tilrettelegging og vil i større grad vere åleine på tur. I Jostedalsbreen fann ein at lågpuristar utgjer 67 %, mellompuristar 23 % og høgpuristar 10 %. Utlendingane var meir puristiske enn nordmenn. 80 % av dei spurde var fornøgde, 19 % var ganske fornøgde og berre 1 % var misfornøgd med tilrettelegginga for friluftsliv i Jostedalsbreen nasjonalpark.



Figur 20 Gjennomsnittsskår frå brukarundersøkinga når det gjeld preferansar for tilstandar i eit ideelt langturområde på ein skala frå 1 *svært negativt*, via 4 *nøytralt*, til 7 *svært positivt*. Figur frå brukarundersøkinga.

2.4 Anna relevant kunnskap

Ein stor del av dei besøkande til nasjonalparken besøker spesielle attraksjonar der det er god tilrettelegging og som har lett tilgang med bil eller buss, slik som t.d. Bøyabreen, Briksdalen og Loenområdet. Det er ingen bilveggar i sjølve nasjonalparken, men fleire stader går offentlege vegar nær inntil parkgrensa, t.d. i Jostedalen, Stardalen, Fjærland og i Lodalen. Innfallsportane til parken ligg generelt i tilknytning til dei offentlege riks- og fylkesvegane i dalane kring breen (fig. 24).

Det kan til tider vere eit problem med «overturisme» i einskilde område inn mot nasjonalparken. Dette har ved nokre høve ført til konflikhtar mellom turistar, reiseliv og lokalsamfunn. I 2019 la Stryn kommune, som eit resultat av villcamping, ned ei kommunal forskrift som omregulerte eit avgrensa område kring kulturlandskapet på Breng til friluftsområde med forbod mot camping, telting og bålbrekking. Med godt samarbeid, planlegging og tilrettelegging bør slike konfliktsituasjonar på sikt kunne unngåast.


God informasjon ved innfallsportane er viktig, då brukarundersøkinga har vist at mange er dårleg informerte om kva reglar som gjeld i nasjonalparken. I brukarundersøkinga vert det og peika på at den store mengda førstegongsgjester gjer at ein har gode høve til å styre bruken dit ein måtte ønskje, så lenge ein tek omsyn til kva gjestene er særleg ute etter av opplevingar og aktivitetar. I åra etter 2017, då brukarundersøkinga vart gjennomført, har bruken av Instagram breidd om seg og Instagram har vorte ein viktig faktor som påverkar kvar folk reiser. Desse «insta-turistane» er vanskeleg å styre. Erfaring frå mellom anna Raksetra i Loen viser at nokre spektakulære bilete på Instagram raskt kan medføre eksplosiv vekst i besøket på stader utan særleg tilrettelegging.

2.5 Samanstilling og situasjonsanalyse av kunnskapen

Jostedalsbreen nasjonalpark er det ein kan kalle ein typisk turistpark med svært mange besøkande og stor dominans av turistar, ikkje minst utlendingar. Dette gjev gode høve for forvaltninga til å styre ferdsel og tiltak dit ein ønskjer utan å øyde verneverdiane, så lenge ein klarer å kome dei viktige brukarønskjia i møte og då særleg breoppleving. Mange turistar ønskjer å oppleve Jostedalsbreen som ein del av ein rundtur på Vestlandet, anten dei er på bilferie, bussferie eller på cruise. Det er i dag fleire godt besøkte innfallsportar kring nasjonalparken (tabell 3). Nokre av desse er bra tilrettelagte medan andre manglar mykje på tilrettelegginga.

Dei siste åra har sosiale medium som Instagram og Snapchat blitt mykje viktigare for folk, og særleg ungdom, sine val av reisemål. Dette har gjeve utfordringar for reiseliv og lokalsamfunn nær små stader som plutsleg får sterkt auka merksemd, besøk og slitasje.

Eksempel på dette er Breng i Lodalen og Raksetra i Loen. Vi veit lite om kva for stader som i framtida får veldig merksemd i sosiale medium, men vi veit at det vil skje og at det kan føre til lokale utfordringar enkelte år. Koronasituasjonen i 2020 og «insta-faktoren» som skjedde over natta med eit plutseleg populært og attraktivt motiv ved Lovatnet førte mellom anna til eit stort press i Lodalen og problem med villcamping og lite ønskjelege sanitære forhold i randsona til nasjonalparken for både lokale og tilreisande.



Figur 21 Eit av dei meir populære bileta som er tagga #Lovatnet på Instagram. Foto: Kjersti Kvamme/Instagram (@kjerstikvamme).

Nasjonalparken er og mykje nytta til tradisjonelt friluftsliv som breturar og toppturar. Tidlegare var dette i stor grad folk med god kompetanse innan ferdsel på bre og fjell som på eiga hand organiserte private turar, eller det var felles turar i regi av turlag og liknande. Kompetanse på ferdsel på bre fekk mange tidlegare på brekurs arrangert ved Jostedalsbreen. I dei seinare åra er det blitt færre som deltek på brekurs. Det har samstundes vakse fram fleire bedrifter som tilbyr breføring og fjellføring på og rundt

Jostedalsbreen. Desse tek seg av sikkerheit, ofte tilbyr dei utstyr, og bestemmer vegval – jamvel tilbyr nokon å bere noko av vekta i sekken til deltakarar på til dømes Josten på langs, ein norsk «sherpa» om du vil?

Den store delen av førstegongsbesøkande i Jostedalsbreen nasjonalpark kombinert med mange potensielle naturfarar knytt til bre, elvar og bratte fjellsider gjev særlege utfordringar for lokalsamfunn, reiseliv og forvaltning. Sikkerheit må vere eit av momenta som vert vurdert i samband med all tilrettelegging, men det vil likevel ikkje vere mogeleg å sikre seg heilt mot ulukker.

Kunnskapsgrunnlaget løfter fram problemområde kor det er mogeleg å finne løysingar gjennom ei aktiv besøksforvaltning. Det er samstundes viktig å vere bevisst at nasjonalparken i stor grad også vert påverka av kommunale planar og vedtak for tilgrensande areal. Vinklinga i marknadsføringa av nasjonalparken og området rundt betyr og mykje for kva utfordringar besøksforvaltninga kan møte på litt sikt. Marknadsføring skjer i dag i større og større grad på nettet og i meir eller mindre uformelle kanalar som vanskeleg kan styrast.

Tett samarbeid med kommunar, lokalsamfunn, grunneigarar, organisasjonar, reiseliv og andre næringsaktørar rundt nasjonalparken er avgjerande for ei vellukka besøksforvaltning i og kring Jostedalsbreen nasjonalpark.

2.5.1 Tiltak for styrking av verneføremåla

Slitasje på vegetasjon og terreng

I samband med utvikling av aktuelle innfallsportar må det gjennomførast nødvendige vurderingar av sårbarheit og kapasitet for å unngå å leie folk inn i område med låg toleevne og for å sikre nødvendige tilretteleggingstiltak. Kva for tilretteleggingstiltak som eventuelt skal brukast må tilpassast den einskilde innfallsport.

Sårbare morenar og sårbare vegetasjonstypar må takast særskilt omsyn til ved kanalisering av besøkande og tilrettelegging av innfallsportar i Jostedalsbreen nasjonalpark.

Det bør gjennomførast sårbarheitsvurderingar for ferdsel før tiltak vert gjennomført i den einskilde innfallsport. Sårbarheitsvurderingane må i tillegg til vegetasjon og dyreliv også sjå på sårbarheita til kvartærgeologiske element, som til dømes morenar.

Problemet med villvarding kan truleg avgrensast dersom ein set inn konkrete tiltak for å betre informasjonen til dei besøkande om konsekvensane slik åtferd har for verneverdiane og sikkerheit.

Dyreliv

Forstyringar av villrein frå ferdsel er eit reelt trugsmål mot verneføremål og verneverdiar i deler av nasjonalparken. Ved ei aktiv og kunnskapsbasert besøksforvaltning vil vi likevel

kunne styrke verneføremålet, ved fysiske tiltak og ved å setje i verk informasjonstiltak som gir mindre forstyrning av villreinen, på særleg kritiske lokalitetar og i sårbare periodar av året. Auka kunnskap om fuglelivet i nasjonalparken kan medføre at artar som er sårbare for ferdsel vert lokalisert. Naturverdiane må vege tungt om det oppstår interessekonfliktar mellom sårbare fugleartar og ferdsel/friluftsliv.

Tradisjonelt friluftsliv

Eit av verneføremåla for Jostedalbreen er å *gje høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging.*

Smelting og tilbaketrekking av brearmar (fig. 5), har gjort fleire av dei tradisjonelle opp- og nedgangane frå breen farlege for ferdsel. Det medfører at færre brearmar i dag vert nytta til tradisjonelt friluftsliv, som brevandring og skiturar.

For å ivareta dette verneføremålet og interessene til alle som ønskjer å nytte Jostedalbreen nasjonalpark til tradisjonelt friluftsliv, er det viktig å ta desse interessene med i vurderinga ved av innfallsportar for vidare utvikling. Innfallsportar som vert prioritert for tilrettelegging for mange besøkande vil ofte krevje større fysiske tiltak enn det som er nødvendig og ønskjeleg ved utøving av tradisjonelt friluftsliv.

For tradisjonelt friluftsliv er enkel infrastruktur som vedlikehald av stiar og bruer viktig for å styrkje verneføremålet.



Figur 22 Stien opp Lundeskaret (til venstre) og Skålastien (til høgre) er to av stiane i og kring nasjonalparken som er restaurert med midlar frå nasjonalparkforvaltninga og illustrerer noko av tilrettelegginga for utøving av tradisjonelt friluftsliv i nasjonalparken. Foto: Anne Rudsengen / Maria Knagenhjelm.

2.5.2 Tiltak som kan betre tilhøva for reiselivet og dei besøkande

Kunnskapsgrunnlaget peikar på ei rekkje tiltak som kan betre tilhøva for reiselivet og dei besøkande. I første rekkje gjeld det å gje god informasjon og leggje til rette innfallsportar med god toleevne slik at ein større del av dei besøkande får gode nasjonalparkopplevingar også utanfor vernegrensa. Med den venta auken i besøk er det avgjerande at ikkje alle må innanfor vernegrensa for å oppleve nasjonalparken på ein god måte.

Infrastruktur

Grad av tilrettelegging bør variere frå innfallsport til innfallsport alt etter lokale naturtilhøve, kulturverdiar, lokale brukstilhøve og attraksjonskraft.

Dei besøkande i nasjonalparken er ulike og det vil vere viktig å kanalisere ulike brukargrupper mot innfallsportar med ulik grad av tilrettelegging. Kva type tilrettelegging som bør vere på innfallsportane må planleggjast i detalj før tilretteleggingstiltak vert gjennomført. Det vanlegaste tilretteleggingstiltaket handlar om informasjon på staden, oftast i form av informasjonstavler og skilt. Alle innfallsportar rundt Jostedalsbreen nasjonalpark vil ha trong for nye informasjonsskilt som ein del av oppfølginga av besøksstrategien.

Naturen i Jostedalsbreen nasjonalpark er utfordrande og det krevst mange stader erfaring og kunnskap for å kunne ferdast trygt. God informasjon er vesentleg for å betre tryggleiken til dei besøkande. Ved tilrettelegging, utvikling og drift av innfallsportar må tryggleik alltid vere eit viktig moment. Nokre gonger er ikkje god informasjon nok for å sikre tryggleiken. Forvaltninga bør vere forsiktig med å tillate nye fysiske tryggingstiltak, og verknaden for trygg ferdsel må alltid vegast opp mot potensiell verknad på verneverdiar.

Oppleving av natur- og kulturverdiar

Ved å kanalisere fleire av dei besøkande til dei tre nasjonalparksentera vil vi vere med å styrkje desse og deira arbeid med å formidle kunnskap om klima, natur og kultur i området. Dette vil gje dei besøkande ei betre nasjonalparkoppleving og gjennom dette betre tilhøva for reiselivet i området.

Ved å leggje til rette gode utkikkspunkt og informasjonspunkt utanfor vernegrensa, nær hovudfartsårer der mange passerer, vil fleire kunne få ei nasjonalparkoppleving også på turar der dei ikkje tek turen heilt inn i nasjonalparken. Med god informasjon om nasjonalparken på slike stader vil vi kunne auke kunnskapen til desse besøkande og styre dei inn mot ein høveleg innfallsport om dei ønskjer å oppleve nasjonalparken på nært hald.

3 Mål og strategiske grep

3.1 Mål med besøksforvaltninga

Med bakgrunn i målsetjingane for besøksstrategien i kapittel 1.1., kunnskapsgrunnlaget, og forvaltningsmål fastsett i forvaltningsplanen, har nasjonalparkstyret sett ned konkrete mål for besøksforvaltninga i nasjonalparken.

Besøksstrategien skal vise tiltak som er naudsynte for å:

- Ta vare på verneverdiane i nasjonalparken og natur- og kulturverdiane i randsona til parken
- Gje dei besøkande ei god oppleving
- Leggje til rette for verdiskaping i lokalsamfunna rundt nasjonalparken

Mål for verneverdiane

- Styrke og ta vare på verneverdiane i ei tid med auka besøk og klimaendringar
- Verneverdiane knytt til landskap, landformer og vegetasjon skal ivaretakast gjennom målretta informasjons- og tilretteleggingstiltak som medfører redusert terrengslitasje
- Ta vare på eit av dei største områda med villmarksprega natur i Sør-Norge som arena for enkelt friluftsliv
- Ta vare på og synleggjere viktige kulturminne og kulturlandskap i nasjonalparken
- Ta vare på geologiske element (landformer) som gjer det mogeleg å studere isen som landskapsformar
- Ta vare på nasjonalparken som eit område utan lys- og lydforureining, der naturlege skiftingar i lys og lyd dominerer

Mål for reiselivet og dei besøkande

- Alle besøkande skal få gode opplevingar i møte med nasjonalparken, anten dei møter nasjonalparken gjennom eit besøkscenter, frå ein innfallspørt på avstand, eller på tur inn i verneområdet
- Besøkande som vil oppleve Jostedalsbreen nasjonalpark gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv utan teknisk tilrettelegging skal ha gode høve til det
- Gjere reiselivet og dei besøkande meir medvitne om natur- og kulturverdiar i og rundt nasjonalparken
- Samarbeide for å utvikle berekraftige og framtidsretta reiselivsprodukt

Mål for lokalsamfunna

- Skape stoltheit og begeistring for Jostedalsbreen nasjonalpark hjå lokale innbyggjarar og lokale verksemder
- Bidra til auka lokal verdiskaping i bygdene rundt nasjonalparken
- Saman med lokale aktørar ta vare på og synleggjere verdfulle kulturminne og kulturlandskap
- Samarbeide med lokalsamfunna for å gjere Jostedalsbreen nasjonalpark til eit berekraftig reisemål, leggje til rette for miljø- og klimavenlege reiselivstilbod og kanalisere tilreisande til innfallspørtar med god infrastruktur og toleevne

3.2 Strategiske grep

For å nå måla vi har sett oss må vi ta nokre strategiske grep. Besøksstrategien skal femne heile nasjonalparken med mange innfallspørtar med stor spennvidde i naturverdiar, landskapsverdiar, geologi og tolegrense for menneskeleg ferdsl og aktivitet. Kunnskapen om naturverdiane og tolegrenser for aktivitet er og varierande. For å femne dette i ein besøksstrategi utan at dokumentet blir for omfattande, er det naudsynt å gjere strategiske val og avgrensingar for besøksstrategien. Desse strategiske grepa er omtala i det følgjande.

Tettare samarbeid med lokalsamfunn, kommunar og reiseliv

For å kunne gjennomføre ønskte tiltak må alle medverkande aktørar samarbeide. Samarbeid er viktig for auka verdiskaping, kanalisering vekk frå pressområde til område som toler fleire besøkande, og for arbeidet med å utvikle eit meir berekraftig reiseliv i og rundt nasjonalparken.

Prioritere tiltak nær hovudfartsåranane

Gje kunnskap om nasjonalparken og naturoppleving til forbipasserande på utvalde informasjonspunkt og utkikkspunkt i randsona til nasjonalparken. Informasjonspunkt skal brukast for å kanalisere besøkande inn mot område som toler og er tilrettelagd for mykje besøk, slik som dei tre besøkssentera våre.

Kanalisere ferdsel til stiar og område med god toleevne

Tilrettelegging for besøkande skal berre skje der naturen og verneverdiane toler auka aktivitet og trakk. Utvalde stiar skal vere trygge for breiare grupper besøkande og i variert vêr. Tilrettelegging for auka ferdsel i godt tilrettelagde innfallsportar som t.d. Bøyabreen og Briksdalsbreen.

Jobbe tett med nasjonalparksentera

Samarbeide om å skape gode formidlingsopplegg for ulike grupper. Kanalisere besøkande inn mot nasjonalparksentera og bidra til å løfte dei fram som kjelder til gode nasjonalparkopplevingar.

Redusere klimaavtrykket frå reiselivet

Jostedalsbreen nasjonalpark skal vere eit berekraftig reisemål. Tilretteleggingstiltak som reduserer klimaavtrykket frå dei besøkande skal prioriterast. Det bør satsast på aktivitetsturisme og enkelt friluftsliv som held turistane i området i lengre tid, framfor besøkande som berre er innom området som snarast og legg att lite hjå lokale næringsaktørar.

Klimatilpassing

Sikre at alle større tilretteleggingstiltak vert vurdert mot klimamodellar for å sikre trygg og god plassering sjølv i ei framtid med våtare og villare vêr. Samarbeide nært med kommunane om tryggleiken i og rundt nasjonalparken.

Fokus på verkemiddel som forvaltninga sjølv rår over

Utviklinga av innfallsportane og andre informasjonstiltak som blir omtala i besøksstrategien vil i hovudsak bli finansiert gjennom dei årlege tiltaksmidlane frå Miljødirektoratet. Samstundes vil nasjonalparkstyret søke å få til samfinansiering med aktuelle samarbeidspartnarar der det er naturleg. Ved ei slik samfinansiering med kommunar, organisasjonar og verksemder vil tiltaksmidlane kunne rekke mykje lenger.

Drift og vedlikehald av tilretteleggings- og informasjonstiltak

Nasjonalparkstyret ser det som naturleg at samarbeidspartnarar som turlag, grendelag, kommunar og besøkssenter står som eigar og ansvarleg for drift og vedlikehald av fysiske tilretteleggingstiltak som kjem på plass innanfor rammene til besøksstrategien. Nasjonalparkstyret vil så langt det er mogleg gje økonomisk støtte til etablering av desse tiltaka. Ein føreset at avtale om drift og vedlikehald ligg føre før igangsetting.

Nasjonalparkstyret vil stå som eigar og vere ansvarleg for drift og vedlikehald av informasjonsskilt og anna informasjonsmateriell.



Figur 23 Leik med breis er gøy og lærerikt! Tre små forskarspirer ved Bremuseet i Fjærland. Foto: Maria C. Knagenhjelm.

4 Kommunikasjonsplan

4.1 Bakgrunn

Kommunikasjonsplan for Jostedalsbreen nasjonalpark er ein del av Besøksstrategi for Jostedalsbreen nasjonalpark. Målsetjinga med besøksstrategien er å ta vare på naturverdiane i nasjonalparken samstundes som vi gjev alle besøkande ei betre naturoppleving og bidrar til auka verdiskaping i bygdene rundt nasjonalparken.

Føremålet med kommunikasjonsplanen er å bidra til at vi når måla i besøksstrategien gjennom å leggje føringar for forvaltninga sitt kommunikasjonsarbeid. Planen skal skildre kommunikasjonsmål, målgrupper, budskap, kanalar og ansvars- og oppgåvefordeling. Siste del av planen er ei tiltaksliste med tidsfristar.

Kommunikasjonsplanen blir eit viktig verktøy i arbeidet med å kanalisere ferdsla inn mot trygge innfallsportar og område som toler mykje besøk. Vi skal ønskje «velkomen inn» på

ein inkluderande og forståeleg måte, samstundes som vi bidreg til å auke forståinga for vernet og kanalisere turistar og besøkande til innfallsportar som toler det.

Kommunikasjonsplanen er utarbeidd av nasjonalparksekretariatet som eit utkast å arbeide vidare med, i samarbeid med lokalsamfunn og reiselivsorganisasjonar.

4.2 Mål for kommunikasjon

Det overordna målet med kommunikasjonsplanen er å leggje føringar for korleis vi skal kommunisere for å støtte oppunder målsetjingane i besøksstrategien og dei strategiske måla.

Vi skal kommunisere for å:

- Kanalisere ferdsle til gode og tilrettelagde innfallsportar
- Synleggjere berekraftige aktivitetstilbod rundt nasjonalparken
- Leggje til rette for friluftsliv og breoppleving
- Leggje til rette for opplevingar knytt til geologi og klima
- Formidle kunnskap om kulturlandskap og historie
- Informere om farar på og ved bre

4.3 Målgrupper

Gjesten

Hovudmålgruppa for direkte kommunikasjon til gjesten er turistar som er på reise i området eller planlegg reise til området, med spesiell vekt på førstegongsbesøkande. Vi skal framheve innfallsportar som er tilrettelagte og enkle å nå og som gjev god nasjonalparkoppleving.

Lokalbefolkninga

Folket i bygdene rundt Jostedalbreen kan vere både gjestar og ambassadørar for nasjonalparken og er difor ei svært viktig målgruppe.

Reiselivet

Overnattingsbedrifter, aktivitetsbedrifter og andre reiselivsbedrifter som har aktivitet i og rundt nasjonalparken har mest direkte kontakt med gjestene og dermed gode

mogelegheiter til å formidle budskapet vår. Godt samarbeid og god informasjonsflyt mellom forvaltning og reiselivet i regionen vil bli høgt prioritert.

4.4 Bodskap

Budskapet som vert kommunisert skal støtte opp om besøksstrategien. Det er vårt ansvar å produsere god og lettforståelig informasjon som bidreg til å kanalisere gjestene til gode og trygge nasjonalparkopplevingar utanom dei mest sårbare områda, og samstundes auke forståinga for vernet. Dette vil vi gjere ved å:

- Løfte fram besøkspunkt i randsona som toler stort besøk, er godt tilrettelagt med informasjon og som gjev ei god nasjonalparkoppleving
- Syne fram historier om vekslende brear og dagens klimaendringar
- Syne fram folk sin kamp for å overleve rundt breen, fortelje historia om ras, skred og flaumar
- Syne fram historier om tradisjonell bruk og ferdsel som stølsdrift og beitebruk, ferdsel over breen, tradisjonelt friluftsliv og fjellsport
- Syne fram berekraftige og naturbaserte aktivitetstilbod i og rundt nasjonalparken
- Leggje vekt på budskap om sikkerheit på og ved bre
- Løfte fram nasjonalparksentera som naturlege besøkspunkt for alle som ønskjer å vite meir om nasjonalparken og breen.

4.5 Kanalar

For å nå gjesten og dei andre målgruppene med budskapet vår må vi ta i bruk ulike kanalar og verkemiddel. Vi har valt ein kombinasjon av tradisjonelle og moderne kanalar for å nå ut til flest mogeleg innanfor våre målgrupper.

Informasjonspunkt ved innfallsportar

Informasjonspunkta som eksisterer i dag er av svært varierende kvalitet og dei fleste må rustast opp, bytast ut eller takast bort. Dette må gjerast i tråd med merkevareprofilen til Norges Nasjonalparker. Det må gjerast eit grundig førearbeid for å velje ut kva informasjon som skal prioriterast på dei ulike punkta. I besøksstrategien sin tiltaksplan skal det gjerast prioriteringar av kva innfallsportar som skal rustast opp først.

Besøksretta nettside

Denne skal vere retta mot dei besøkande og innehalde så mykje og god informasjon at gjesten og øvrige målgrupper står att med minimalt av usvarte spørsmål. Den skal ønskje velkomen inn i dei mindre sårbare områda og randsona samstundes som den skal innehalde tydeleg og lettforståelig informasjon om reglar og verneverdiar. Sida skal vere eit verktøy som alle målgruppene kan bruke og nyttiggjere seg av. Det skal ikkje vere ei reiselivsside, men det skal vere mogleg å planlegge opplevinga av nasjonalparken med

utgangspunkt i nettsida gjennom at vi lenker vidare til destinasjonsselskapa og dei lenker vidare til oss. Det same gjeld for besøkssentera, som vi har laga ei eiga temaside om og ønskjer å løfte fram. For best mogeleg resultat har vi kontakta destinasjonsselskapa og besøkssentera om innspel. Vi ønskjer i størst mogeleg grad å løfte fram dei same opplevingane og aktivitetane som reiselivet gjer sjølv, så lenge det ikkje strir mot vernet.

Tema for nettsida (ikkje endeleg versjon):

- Om nasjonalparken
- Opplevingar og aktivitetar
- Besøkssentera
- Innfallsportar
- Geologi og klima
- Historisk bruk
- Reise og overnatting

Sosiale medium/SoMe (Facebook, Instagram)

Jostedalbreen nasjonalpark har valt å vere aktive på Facebook og Instagram. For å kunne påverke og nå ut med budskapet vår i størst mogeleg grad er det viktig å bygge opp ein god gruppe følgjarar på begge desse kanalane. Det skal gjerast ved å produsere og dele innhald med ein god blanding av inspirasjon og informasjon. Innhaldet må vere så interessant og underhaldande at den potensielle følgjaren vel nettopp oss i jungelen av kontoar som finst i dag. Det vil vere formålstenleg å jobbe tett med destinasjonsselskapa og andre aktuelle samarbeidspartnarar, både for å samarbeide om innhald og enkelt kunne krysspublisere.

- Instagram

Instagram skal brukast til å inspirere og å kome med kort informasjon og enkle tips. Innhaldet skal vere ein kombinasjon av eigenprodusert stoff og deling av andre sitt innhald. Gode bilete i tråd med merkevara er viktig.

- Facebook

Facebooksida skal ha mykje av den same funksjonen som Instagram, men skal i større grad vere ein informasjonskanal. Det er likevel viktig å finne ein god balanse mellom inspirasjon og informasjon for å halde oppe interessa til følgjarane. Også her skal innhaldet vere ein kombinasjon av eigenprodusert stoff og deling av andre sitt innhald, men med ein større del eigenprodusert stoff.

Destinasjonsselskapa sine kanalar

Desse kanalane er viktige informasjonskjelder for gjesten både i planleggingsfasen og medan ein er på tur. Det er i dag stor variasjon i kor mykje informasjon dei ulike destinasjonsselskapa har om nasjonalparken. Vi skal jobbe for å løfte informasjonen i

desse kanalane, både ved direkte å ha tett samarbeid med destinasjonsselskapa og ved at det vert naturleg å lenke frå deira sider til vår besøksretta nettside.

Besøkssentera

Besøkssentera er viktige formidlarar av budskapet vår. Vi vil jobbe for å vidareutvikle det gode samarbeidet med dei tre besøkssentera rundt nasjonalparken.

Brosjyrar

Vi skal utarbeide ein ny kartbrosjyre med generell informasjon om nasjonalparken, naturen og opplevingane i området. Brosjyren skal vere ei kjelde til informasjon og ein invitasjon til besøkande.

Arbeid mot pressa

Vi skal ha ein god dialog med pressa, særleg lokal presse. Vi skal nytte dei moglegheitene som byr seg, men og sjølv ta initiativ til saker for å få ut budskapet vår.

Vegskilting/kartløyseringar

Rett og konsekvent skilting er viktig for at gjestene skal få ei god oppleving når dei besøker oss. Vi skal ha god dialog med vegvesenet, fylkeskommunen, kommunane, kartleverandørar og andre for å bidra til at skilting og kart er korrekte.

Film og foto om parken

Vi skal arbeide for å ha ein oppdatert bildebase med gode bilete og filmsnuttar frå nasjonalparken som kan nyttast på sosiale medium og i trykte medium.

4.6 Korleis kommunisere med målgruppene

4.6.1 Gjesten

Kommunikasjon med gjesten skal ideelt sett resultere i nye ambassadørar for Jostedalsbreen nasjonalpark. Vi skal produsere god og lettfatteleg informasjon som medverkar til å kanalisere gjestene til gode opplevingar utanfor dei mest sårbare områda, og som samstundes aukar forståinga for vernet. For å lukkast med dette er det viktig å sjå på kvar og korleis vi kan treffe gjestene både før, under og etter opphaldet. Vi må difor skildre korleis vi ser for oss kundereisa og bruke denne som eit utgangspunkt for kommunikasjonsarbeidet.

4.6.2 Reiselivet

For å kunne gje gjesten god informasjon er det viktig at det er god kommunikasjon og godt samarbeid mellom forvaltningsstyresmakta og reiselivet/fagmiljøa i området. Det er eit mål at størst mogeleg del av gjestane tek turen innom besøkssentera eller nyttar seg av organisert aktivitet, både fordi det gjev størst potensial for overføring av kunnskap, men og fordi det i størst grad fører til lokal verdiskaping.

4.6.3 Lokalbefolkning

Lokale folk kan vere både vertskap og gjester i nasjonalparken og er viktige ambassadørar og kunnskapsformidlarar. Forvaltninga bør så godt som råd sikre god lokal forankring av alle tiltak og prosessar som vert gjennomført i verneområdet.

4.7 Kommunikasjonsplan – tiltak 2021 - 2022

Tabell 4: Kommunikasjonsplan – tiltaksliste

Tema/prosjekt	Ansvarleg/samarbeid	Tidsfrist
Få vedteke besøksstrategien	Forvaltarane	Sept. 2021
Ferdigstille besøksretta nettside	Forvaltarane	Mai 2021
Utarbeide plan for vegskilting rundt JNP	Forvaltarane/Vegvesen/Fylkeskommune/Kommunane/nærliggjande verneområde/ destinasjonsselskapa	Nov. 2021
Utarbeide plan for skilting i 2022	Forvaltarane	Nov. 2021
Årleg fellesmøte med destinasjonsselskapa og besøkssentera	Forvaltarane/destinasjonsselskapa/besøkssentra	Nov. 2021
Biletbase for JNP	Forvaltarane	Nov. 2021
Utarbeide ny kartbrosjyre for JNP	Forvaltarane/Miljødirektoratet	Mars 2022

5 Innfallsportar

Innfallsportane er eit av dei viktigaste verkemidla for å formidle vernet til dei besøkande, anten dei berre er på gjennomreise eller planlegg turar inn i verneområda. Vi kan sjå på innfallsportane som summen av all utandørs tilrettelegging rundt verneområda. Dei skal ligge i randsona til vernet, utanfor vernegrensa. Innfallsporten skal gje den besøkande ei klar oppfatning av føremålet med nasjonalparken.

Det er tre ulike typar innfallsportar i rettleiaren som Miljødirektoratet skil mellom og dei er kort skildra under.

Informasjonspunkt

Heilskapleg utandørs informasjon om verneområda til dei besøkande. Er aktuelt i tilknytning til alle nasjonalparkar, og det er naturleg å lokalisere saman med stoppestader for andre aktørar, til dømes ved rasteplassar, utsiktspunkt, bom osv. Informasjonspunkta skal vere tilpassa alle brukargrupper, med informasjonstavler og skilt avklart i ein informasjonsplan.

Startpunkt

Startpunkt er mest aktuelt for nasjonalparkar med eit etablert stinett. Desse er meint for besøkande som skal ut på vandring i verneområda, og skal ligge ved naturlege startpunkt for turen, ofte langt frå hovudvegnettet. Startpunkta skal vere avklart i forvaltningsplanen og tilknytt etablerte stiar som er identifiserte som prioriterte. Dei skal bestå av parkering og informasjon retta mot turgåaren.

Utkikkspunkt


Aktuelt ved nasjonalparkar med høge besøkstal, stor attraksjonskraft og det er naudsynt at områda har høg tolegrense. Det er store krav til tomt. Utkikkspunkt skal vere ein attraksjon og eit besøksmål i seg sjølv. Punktet må vere eit eigna utgangspunkt for nærturar og opphald ved punktet. Nærleik til ein hovudveg er ein føresetnad, med god visuell kontakt med verneområdet. Eit utkikkspunkt bør innehalde parkering for minst 70 bilar, ein 30 minuttars nærområdetur på gangsti og eit utkikkspunkt. Det skal vere mogleg å drive naturvegledning med utgangspunkt i anlegget og alt av sanitæranlegg må vere på plass.

Jostedalsbreen nasjonalpark er i dag Norges mest besøkte nasjonalpark. Med den venta auken i reiselivet dei neste åra vil det vere avgjerande at vi klarer å styre store delar av turistane til stader som er tilrettelagt og som gjev gode nasjonalparkopplevingar utan at det slit ned nasjonalparken. I besøksstrategien er det difor lagt til rette for mange informasjonspunkt utanfor nasjonalparken. Eksakt plassering av dei einskilde innfallsportane er ikkje avklara alle stader og må jobbast med som ein del av oppfølginga av besøksstrategien.

5.1 Tiltak på innfallsportane

I denne besøksstrategien har 40 innfallsportar fått ein nærare omtale. Det er fleire utgangspunkt for turar inn i verneområdet, men desse 40 er dei som best møter kriteria for utveljing som vi har sett opp. Ein innfallsport kan anten vere eit informasjonspunkt, eit startpunkt for turar vidare inn i nasjonalparken, eit utsiktspunkt eller ein kombinasjon av desse.

Eit kriterium for utveljing er høg bruk. Ein ønskjer naturleg nok å prioritere tilrettelegging og informasjon der ein kan nå flest besøkande. Ved dei fleste av desse innfallsportane er det allereie eksisterande tilretteleggings- og informasjonstiltak som vi kan byggje vidare på og hauste erfaringar frå. Eit anna hovudkriterium ved utveljing er at innfallsporten er lokalisert slik at ytterlegare besøk og tilretteleggingstiltak kan skje utan nemneverdige negative verknader på verneverdiane. Kartet under syner den geografiske spreinga for innfallsportane og ulike fargar viser type innfallsport.



Figur 24 Kart over innfallsportane rundt Jostedalsbreen nasjonalpark. For meir informasjon om ein skilde punkt, sjå under (nummer på kart tilsvarar nummer i tabell 5 / kap. 5.1.1). Kartdata henta frå Fylkesatlas / Norge Digitalt.

Tabell 5: Liste over foreslegne innfallspor i Jostedalsbreen nasjonalpark.

Nr	Innfallspurt	Type	Storleik på tiltak	Tid for gjennomføring av tiltak
1	Hjelle	Informasjonspunkt	Mindre tiltak	2025-2027
2	Sunndalen	Startpunkt	Startpunkt	2021-2022
3	Erdalen	Informasjonspunkt	Større tiltak	2021-2022
4	Fosnes	Startpunkt	Mindre tiltak	2021-2022
5	Stryn	Informasjonspunkt	Mindre tiltak	2025-2027
6	Hoven	Utkikkspunkt	Større tiltak	2023-2024
7	Skålastien	Startpunkt	Større tiltak	2021-2022, 2023-2024
8	Loen	Informasjonspunkt	Mindre tiltak	2025-2027
9	Olden	Informasjonspunkt	Mindre tiltak	2025-2027
10	Bødalen	Startpunkt	Startpunkt	2023-2024
11	Kjenndalsstova	Informasjonspunkt	Mindre tiltak	2021-2022
12	Kjenndalsbreen	Informasjonspunkt	Større tiltak	2021-2022
13	Kvame, Flatsteinbu	Startpunkt	Startpunkt	2023-2024
14	Åbrekke, Brenndalen	Startpunkt	Startpunkt	2021-2022
15	Briksdalen	Informasjonspunkt	Større tiltak	2021-2022, 2023-2024
16	Melkevoll Bretun, Oldeskaret	Startpunkt	Startpunkt	2025-2027
17	Utvikfjellet	Informasjonspunkt	Mindre tiltak	2025-2027
18	Sanddalen	Startpunkt	Startpunkt	2023-2024
19	Byrkjelo	Informasjonspunkt	Mindre tiltak	2025-2027
20	Haugadalen	Startpunkt	Startpunkt	2023-2024
21	Fonn	Startpunkt	Startpunkt	2025-2027
22	Befringstøylen	Startpunkt	Startpunkt	2023-2024
23	Skei	Informasjonspunkt	Mindre tiltak	2025-2027
24	Kjøsnesfjorden	Informasjonspunkt	Større tiltak	2023-2024, 2025-2027
25	Lundaskaret	Startpunkt	Større tiltak	2023-2024
26	Dvergsdalsstøylen	Startpunkt	Startpunkt	2025-2027
27	Utsikten, Gaularfjellet	Informasjonspunkt	Mindre tiltak	2025-2027
28	Bøyabreen	Utkikkspunkt	Større tiltak	2023-2024
29	Supphelledalen, Flatbrehytta	Startpunkt	Startpunkt	2021-2022
30	Supphellebreen	Informasjonspunkt	Større tiltak	2021-2022
31	Sogndal	Informasjonspunkt	Mindre tiltak	2025-2027
32	Veitastrond	Informasjonspunkt	Mindre tiltak	2023-2024
33	Vårstølen	Startpunkt	Startpunkt	2021-2022
34	Tungestølen	Informasjonspunkt	Større tiltak	2021-2022
35	Gaupne	Informasjonspunkt	Mindre tiltak	2025-2027
36	Leirdalen	Informasjonspunkt	Mindre tiltak	2023-2024
37	Bergset	Informasjonspunkt	Større tiltak	2023-2024
38	Gjerde	Informasjonspunkt	Større tiltak	2025-2027
39	Nigardsbreen*	Utkikkspunkt	Større tiltak	2020 – Luster kommune*
40	Styggevatnet	Informasjonspunkt	Mindre tiltak	2023-2024

Kva for informasjons- og tilretteleggingstiltak som er aktuelle ved kvar einskild innfallsport vil variere med tilhøva på staden. Nokre innfallsportar vil berre ha trong for ei relativt enkel tilrettelegging og eit avgrensa informasjonstilbod for å kunne tene dei gjestande på ein god måte. På andre innfallsportar kan det derimot vere nødvendig med omfattande tilrettelegging og informasjon. Sjølv om trongen for tiltak kan vere stor betyr det ikkje alltid at nasjonalparkstyret må bruke store ressursar. Ved mange føreslegne innfallsportar er dei tunge investeringane i infrastruktur allereie på plass, slik at nasjonalparkstyret kan konsentrere seg om informasjonsdelen.

Dette opnar for ei meir omfattande satsing på dei av innfallsportane som har størst potensiale for å kunne ta imot ein venta besøksauke i åra som kjem, utan at det går utover verneverdiane.

Utkikkspunktet på Hoven er allereie etablert av lokale reiselivsaktørar. Dette kan bli ein av dei flottaste innfallsportane for Jostedalsbreen nasjonalpark om vi får høve til å bruke det som utkikkspunkt. Det meste av infrastruktur er allereie på plass på Hoven, det er i prinsippet berre trong for utforming og oppsetting av informasjon i tråd med merkevarestrategien. Utkikkspunktet ved Bøyabreen vil krevje større investeringar i infrastruktur, men har stort potensiale for auka besøk sidan det ligg rett ved ei av hovudfartsåranane gjennom området.

Det vil og bli aktuelt å gå inn med ressursar til tiltak, som t.d. parkeringsplassar, toalett og tilrettelegging av stiar ved fleire av startpunkta og informasjonspunkta.

5.1.1 Innfallsportar med trong for mindre tiltak

Dette omfattar innfallsportar der det ikkje er trong for omfattande tilrettelegging, og innfallsportar der mykje av aktuelle tilretteleggingstiltak allereie er gjennomført.

Hjelle (1)

Hjelle ligg ved austenden av Oppstrynsvatnet, med god utsikt mot nokre av dei flottaste og mest alpine fjellformasjonane i Jostedalsbreen nasjonalpark. Turen til Hjelle er ein kort og vakker avstikker frå rv60.

Tiltak:

- Etablering av informasjonspunkt

Fosnes (4)

Jostedalsbreen nasjonalparksenteret ligg rett ved riksveg 60 på Fosnes i Oppstryn. Senteret er godt tilrettelagt med alle fasilitetar. For å gje eit ekstra tilbod til dei besøkande i Oppstryn ønskjer vi å leggje til rette ein tursti inn Fosdalen med startpunkt ved nasjonalparksenteret og endepunkt rett innanfor nasjonalparkgrensa.

Tiltak:

- Etablering av startpunkt med informasjonsskilt ved nasjonalparksenteret

Stryn (5)

Stryn er kommunesenteret i Stryn kommune og eit viktig trafikknutepunkt i Nordfjord. Hovudfartsårene riksveg 15 og fylkesveg 60 møtest i Stryn sentrum. Det er difor mange reisande som stoppar i Stryn sentrum og som her vil kunne få informasjon om nasjonalparken.

Tiltak:

- Etablering av informasjonspunkt

Loen (8)

Loen er eit av dei mest besøkte reisemåla på Vestlandet med fleire store reiselivsbedrifter og er eit naturleg utgangspunkt for mange nasjonalparkopplevingar. Lodalsvegen (fv5723) startar i Loen sentrum.

Tiltak:

- Etablering av informasjonspunkt

Olden (9)

Olden er eit knutepunkt i reiselivet i Nordfjord. I Olden er det cruisehamn som genererer mykje trafikk inn mot Jostedalsbreen. Olden er eit naturleg utgangspunkt for mange nasjonalparkopplevingar. Oldedalsvegen (fv5724) tek av frå fylkesveg 60 i Olden sentrum.

Tiltak:

- Etablering av informasjonspunkt

Kjenndalsstova (11)

Kjenndalsstova ligg der Kjenndalen møter Lovatnet. I sommarsesongen går det båtturar på Lovatnet frå Sande til Kjenndalsstova. Mange bussturistar besøker Kjenndalsstova. Det er privat bomveg frå enden av fv 5723. Kjenndalsstova er ein av dei mest besøkte innfallsportane til nasjonalparken med over 100 000 turistar årleg og er utgangspunkt for turar inn til Kjenndalsbreen.

Tiltak:

- Etablering av informasjonspunkt

Utvikfjellet (17)

Utvikfjellet er ein naturleg stoppestad for vegfarande langs rv60. Her er ein stor og godt tilrettelagt rasteplass der det enkelt bør kunne leggjast til rette for informasjon om nasjonalparken. Ny E39 er planlagt å gå i tunell under Utvikfjellet, men vegen over Utvikfjellet vil framleis vere attraktiv for turistar på grunn av det vide utsynet.

Tiltak:

- Etablering av informasjonspunkt

Byrkjelo (19)

Byrkjelo ligg i dag i krysset der rv60 tek av frå E39. Når ny E39 er bygd vil tunell under til Utvik starte ved Byrkjelo. Her vil det vere naturleg å informere om nasjonalparken sin nordvestlege del og turmogelegheiter i området inn mot Myklebustbreen. Må vente til trase for ny E39 er avklara.

Tiltak:

- Etablering av informasjonspunkt

Skei (23)

Skei ligg i krysset der rv5 møter E39 i nordenden av Jølstravatnet. Det er mange reisande som stoppar i området og det vil vere naturleg å informere om nasjonalparken her, gjerne nær vatnet.

Tiltak:

- Etablering av informasjonspunkt

Utsikten, Gaularfjellet (27)

Fv13 over Gaularfjellet har status som Nasjonal turistveg, og den er særleg tilrettelagt med tanke på dette. På Utsikten har Statens vegvesen laga ein stor og flott rasteplass, med mektig utsyn over dalen nedanfor og fjella innover mot Jostefonni, den sørvestlegaste delen av nasjonalparken. Eit informasjonspunkt her heilt i sørvest vil kunne nå andre reisande enn lenger nord og aust.

Tiltak:

- Etablering av informasjonspunkt

Sogndal (31)

Sogndal er kommunesenter i den nye Sogndal kommune, regionsenter i Indre Sogn og eit knutepunkt som mange reisande er innom. Riksveg 5 og Fv55 kryssar i Sogndal. Mange reisande både med bil, båt og fly er innom tettstaden.

Tiltak:

- Etablering av informasjonspunkt

Veitastrond (32)

Sentrum i bygda Veitastrond ligg om lag 30km køyring frå Fv55 langs Fv337. Bygda er omkransa av nasjonalparken og er ein tradisjonsrik innfallsport til Jostedalsbreen med mange oppgangar til breen og ferdslveggar til nabobygder over fjell og bre. Talet besøkande på Veitastrond vil truleg auke dei neste åra, etter at nye Tungestølen vart opna i 2019.

Tiltak:

- Etablering av informasjonspunkt ved butikken

Gaupne (35)

Gaupne er kommunesenteret i Luster kommune og ligg ved utløpet av Jostedalen som avgrensar Jostedalsbreen nasjonalpark mot aust. Det vil vere naturleg å ha eit felles informasjonspunkt for nasjonalparkane Jostedalsbreen, Breheimen og Jotunheimen nær Fv55.

Tiltak:

- Etablering av informasjonspunkt

Leirdalen (36)

Området inst i Leirdalen er utgangspunktet for turar til fjellområdet rundt Tunsbergdalen. Vinterstid er dette eit populært område for toppturar, mest kjent er den markerte fjelltoppen Hest. Tilkomsten til Leirdalen er langs ein 5 km lang kommunal veg frå Fv604 i Jostedalen.

Tiltak:

- Etablering av informasjonspunkt. Vektlegging av informasjon om vinteraktivitetar og sikkerheit

Styggevatnet (40)

Styggevatnet (Styggevatnsdammen) ligg ved enden av anleggsvegen lengst nord i Jostedalen, 54 km frå Gaupne. Styggevatnsdammen er utgangspunkt for turar på Styggevatnet mot Austdalsbreen og inn i Breheimen. Det vil vere naturleg å ha eit felles informasjonspunkt for nasjonalparkane Jostedalsskogen og Breheimen ved parkeringsplassen ved enden av vegen.

Tiltak:

- Etablering av nytt felles informasjonspunkt

5.1.2 Innfallsportar med trong for større tiltak

Erdalen (3)

Vegen inn Erdalen er ein gamal ferdselsveg for folk og bufe over til Jostedalen. Frå Greidung inst i Erdalen går det ein smal bomveg om lag 2 km inn til parkeringsplass ved Loppeset, der den gamle, men fint restaurerte, driftevegen mot Storesætra (Erdalssetra) og Vesledalssetra startar. Storesætra er plukka ut som eit prioritert kulturlandskapsområde, og det er årleg om lag 200 storfe på sommarbeite på setra. På Vesledalssetra har Indre Nordfjord Turlag ei sjølvbetjent turisthytte. Stryn kommune har spelt inn at det bør vurderast å etablere ein ny parkeringsplass ved Greidung med toalett og informasjon.

Tiltak:

- Nytt informasjonspunkt med parkering og toalettanlegg ved Greidung
- Fornyng av informasjonsskilt ved starten av driftevegen ved Loppeset

Hoven (6)

Hoven har det meste som eit utkikkspunkt skal ha og meir til. Gondolbana til Hoven er blitt eit viktig trekkplaster for turistar på Vestlandet. Å informere om nasjonalparken her vil kunne gje store nasjonalparkopplevingar til mange utan at dei nødvendigvis må innanfor vernegrensa, noko som kan minske trykket inn mot nasjonalparken frå nokre turistgrupper. Hoven har stor kapasitet og gjev lokal verdiskaping. Infrastrukturen er allereie på plass for at Hoven kan bli eit *utkikkspunkt* etter Miljødirektoratet sin kategorisering av innfallsportar, utan at det krevst store investeringar i infrastruktur. Eigargane har signalisert at nasjonalparken er velkomen, så det er berre trong for å planlegge og leggje til rette informasjon i tråd med rettleiaren for innfallsportar.

Tiltak:

- Etablering av utkikkspunkt med nasjonalparkinformasjon
- Integrering av utkikkspunkt etter merkevarestrategien som ein del av tilbodet ved Hoven

Skålastien (7)

Ved Tyva, 2 km innanfor Loen sentrum langs Fv723 Lodalsvegen, startar stien mot Skåla og turlagshytta Skålabu. Skålastien har lenge vore ein svært populær tur inn i nasjonalparken som er mykje brukt i marknadsføringa av området, mellom anna med det kjende motbakkeløpet Skåla Opp. Etter at Skålabu vart opna i 2017 har besøket auka mykje. Det er investert mykje i tilrettelegging av Skålastien. Skålastilaget er etablert for å ta vare på og utvikle Skålastien vidare. Tyva vil og vere ein innfallsport for tilreisande på veg vidare inn Lodalen.

Tiltak:

- Oppgradering av startpunktet ved Tyva
- Toalettfasilitetar
- Oppmerking av parkering
- Informasjonsskilt
- Etablering av kortare turalternativ

Kjenndalsbreen (12)

Det går og ein privat bomveg frå enden av Fv723 forbi Kjenndalsstova i enden av Lovatnet og inn til Kjenndalen, der det er parkeringsplass med toalett. Vidare er det tilrettelagt ein gangsti fram til eit utsiktspunkt mot Kjenndalsbreen. Kjenndalsbreen er ein av innfallsportane som kan få svært mange besøkande på kort tid, det er difor viktig at gangstien og utsiktspunktet har kapasitet til å ta i mot svært mange på kort tid. Årleg besøker over 100 000 turistar Kjenndalen.

Tiltak:

- Etablering av informasjonspunkt
- Oppgradering av stien slik at den vert universelt utforma
- Utvide og utforme endepunktet på gangstien slik at færre går vidare inn mot breen

Briksdalen (15)

Briksdalen ligg inst i Oldedalen omlag 22 km frå Olden sentrum og er den mest besøkte innfallsporten til nasjonalparken, og truleg den staden med flest besøkande innanfor parkrensa. Årleg besøk i Briksdalen er mellom 250 000-300 000, ein stor del av dette er cruiseturistar. Tidlegare var det hesteskyss frå Briksdalen fjellstove og inn til breen. Hestane vart bytta ut med dieseldrivne trollbilar i 2005. Bilane har kapasitet til å frakte om lag 50 000 turistar i løpet av sesongen. Det er og tilrettelagt turveg/tursti frå fjellstova, slik at gåande ikkje treng ta same vegen som trollbilane. Trengsel, støy og lukt frå dieselmotorane har blitt opplevd som negativt av ein del gjester, difor er det no laga ein ny gangveg på sørsida av elva med brukryssing nær Bredesvedene. Det er og planlagt å restaurere den gamle ridevegen kalla Keisar Wilhelms sti, for å gje ein alternativ gangveg opp på nordsida av Kleivafossen. Dette vil gjere det mogeleg å velje å gå på stiar som er

utan trafikk av trolbilar opp og ned dalen. Det er uttrykt ønske om ein ny utsiktsplass på sørsida av elva.

Tiltak:

- Etablering av informasjonspunkt og skilting
- Restaurering av Keisar Wilhelms sti

Kjøsnesfjorden (24)

Ved Kjøsnesbrua har Sunnfjord kommune og Statens vegvesen planlagt ein rasteplass på ei kunstig øy ute i fjorden. Denne staden vil eigne seg svært godt som informasjonspunkt med flott utsikt innover Kjøsnesfjorden. Om mogeleg bør det i samband med dette informasjonspunktet leggjast til rette for syklende og gåande i området rundt Kjøsnesfjorden.

Tiltak:

- Etablering av informasjonspunkt
- Etablering av turløype/sykkeltrase

Lundaskaret (25)

Den restaurerte stien opp Lundaskaret startar ved innslaget til Fjærlandstunnelen om lag 1 km frå Lunde turiststasjon. Tilkomsten frå parkering til stistart er farleg, då ein må over brua rett ved utgangen av tunnelen.

Tiltak:

- Utbetring av startpunkt ved tunnelinnslaget
- Gangbru over elva
- Informasjonsskilt

Bøyabreen (28)

Bøyabreen er ein av dei lettast tilgjengelege innfallsportane til Jostedalsskreen nasjonalpark. Det går ein kommunalveg om lag 0,5 km frå Fv5 og inn til Brævasshytta. Statens vegvesen har lagt til rette ein rasteplass om lag 150 m. frå Fv5. Ferdsesteljar ved gangbrua inn mot Brevatnet viste at det i 2018 var over 80 000 besøkande ved Bøyabreen.

Kjem ein køyrande opp frå Fjærland møter ein utsynet mot Bøyabreen. Mange stoppar i vegkanten for å fotografere, noko som har ført til mange nesten-ulukker kvart år. Avkøyrsla inn mot rasteplassen og Bøyabreen må utbetrast for å redusere trafikkfaren i området og leggje til rette for dei besøkande. Det er beitedyr i området og gardbrukarane har blanda erfaringar med tanke på ureining frå turistar, toalettkapasiteten har til tider vore for dårleg.

Det er trong for oppgradering av innfallsporten til Bøyabreen slik at den kan ta imot fleire turistar på ein trygg og god måte. Tilrettelegging for og kanalisering av fleire turistar til innfallsporten ved Bøyabreen vil kunne redusere slitasjen andre stader. Området ved Bøyabreen eignar seg godt for etablering av eit utkikkspunkt med tilhøyrande fasilitetar.

Tiltak:

- Planlegging og etablering av nytt utkikkspunkt
- Universelt utforma rundturløype
- Planlegging og utbetring av trafikkløysinga i Bøyadalen

Supphellebreen (30)

Den kommunale vegen til Supphellebreen tek av frå Fv5 om lag 1,5 km nord for Norsk Bremuseum og går 5 km inn Supphelledalen til snuplass om lag 250 meter frå nasjonalparkgrensa. Nær snuplassen har Sogndal kommune i 2019 lagt til rette med toalettanlegg, innfallsporten er elles lite tilrettelagt. Det er til tider farleg å gå for nær den regenererte breen nedanfor Supphellebreen, difor bør det leggjast til rette for turistar på ein måte som gjer det naturleg å ikkje gå heilt fram til breporten.

Tiltak:

- Etablering av informasjonspunkt
- Tilrettelegging av ein sti for å redusere faren for ulukker ved brefronten

Tungestølen (34)

Tungestølen ligg om lag 40 km køyring frå Fv55 langs Fv337. Tungestølen har lange tradisjonar som ein innfallsport til Jostedalsbreen med mange oppgangar til breen. Nye Tungestølen turisthytte vart opna i 2019 og vil truleg trekkje mange nye tilreisande til Tungestølen. Det er fleire turalternativ i ulike retningar som startar i området ved Tungestølen.

Tiltak:

- Etablering av informasjonspunkt
- Etablering av startpunkt for fleire turstiar

Bergset (37)

Bergset var frå tidleg 1800-tal utgangspunkt for ein av dei mest nytta overgangane over Jostedalsbreen. Ruta gjekk opp Tuftebreen over breen og ned til Loen og Olden. Bergset er også i dag ein populær innfallsport til Jostedalsbreen. Ved parkeringsplassen inst i Krundalen er det tilrettelagt med toalett, informasjon og merka turstiar inn mot Bergsetbreen og Tuftebreen. Det er sårbare morenar i Krundalen som må takast omsyn til ved tilrettelegging for ferdsel.

Tiltak:

- Etablering av informasjonspunkt

Gjerde (38)

Gjerde ligg der Krundalen munnar ut i Jostedalen og er sentrum i Jostedalen, med m.a. butikk, hotell og campingplass. Det er eit naturleg stoppunkt for dei mange reisande i dalen. Difor bør det leggjast til rette for eit informasjonspunkt her.

Tiltak:

- Etablering av informasjonspunkt

*Nigardsbreen (39)**

Nigardsbreen er ein viktig innfallspurt til nasjonalparken som vert forvalta av Luster kommune. Vert truleg tilrettelagt som eit utkikkspunkt.

Tiltak:

- Vert planlagt og tilrettelagt av Luster kommune

5.1.3 Frittstående startpunkt

Sunndalen (2)

Sunndalen er ein sidedal til Hjelledalen i Oppstryn. Frå Fv15 går ein smal bomveg 5 km inn til Sunndalen gard. Ved enden av vegen er det bru over Sunndøla der T-merka sti og den utbeta driftevegen startar. Sunndalen gard er startpunkt for turar inn mot Sunndalssætra, Kamperhamrane og Sygneskardvatna.

Tiltak:

- Informasjonsskilt
- Beta tilrettelegging for parkering

Bødalen (10)

Det går ein smal bomveg 5 km inn Bødalen til stor parkeringsplass ved nasjonalparkgrensa. Bødalen er ein godt etablert innfallspurt med om lag 12 000 besøkande årleg. Det er og ein teltplass, Bødalsæter Brecamp, med toalett og opphaldsrom. Bødalssætra er ein mykje brukt innfallspurt til nasjonalparken og her startar turane både til Bødalsbreen og til Lodalskåpa, som er viktige turmål både for lokale og

tilreisande. Morenelandskapet i Bødalen er av nasjonal og internasjonal verdi og sårbart for ferdsel. Kanalisering av ferdsel utanom sårbare område er difor svært viktig.

Tiltak:

- Nye informasjonsskilt
- Utbetring av parkeringsplass

Kvame, Flatsteinbu (13)

Ved Kvame i enden av Oldevatnet er startpunkt for tursti til Flatsteinbu. Ein liten parkeringsplass gjev plass til 3-4 bilar. Stien til Flatsteinbu er frå gammalt tilrettelagt med kjettingar og enkelte jerntrinn. Oldedalen utviklingslag ønskjer at ruta til Flatsteinbu skal rustast opp. Dersom stien skal leggjast til rette for fleire må det leggjast til rette nokre fleire parkeringsplassar og oppdatert informasjon.

Tiltak:

- Informasjonsskilt
- Opprusting av tursti til Flatsteinbu
- Utviding av parkeringsplass

Åbrekke, Brenndalen (14)

Åbrekke gard er startpunkt for tursti til Brenndalen. Tidlegare var stien inn mot Brenndalsbreen mykje nytta til gaida turar på breen. Etter at breen minka og Bretunga vart for bratt er det slutt på gaida Breturar her. Området inn mot brefronten er dels farleg. Det er ønskjeleg å redusere ferdselen inn mot breen og heller leggje til rette slik at fleire stoppar i området ved Brenndalsetra, eller tek ein rundtur vidare om Åberg.

Tiltak:

- Informasjonsskilt ved parkeringsplass
- Informasjonsskilt ved Brenndalsetra
- Tilrettelegging av rundtur mellom Åbrekke og Åberg

Melkevoll Bretun, Oldeskaret (16)

Ved Melkevoll Bretun er det startpunkt for tursti over Oldeskaret, den gamle ferdsleveggen mellom Oldedalen og Jølster som er restaurert og godt tilrettelagt. Det er parkering og informasjon om nasjonalparken og turstien.

Tiltak:

- Nye informasjonsskilt

Sanddalen (18)

Den gamle skulen i Sanddalen er eit naturleg startpunkt for turar mot Myklebustbreen, Snønipa og fjella rundt Svartebotnen. Her bør det leggjast til rette med informasjon og mogelegheit for parkering.

Tiltak:

- Informasjonsskilt

Haugadalen (20)

Frå Høyset i Stardalen går det bomveg opp til parkeringsplass nokre hundre meter før Haugastøylen. På parkeringsplassen er det tilrettelagt med informasjonsskilt, bord, benker og eit enkelt toalettbygg utan vatn og straum. Dette er eit startpunkt for turar inn til Haugabreen og over Oldeskaret. Haugabreen er mykje nytta til breføring. Det er store geologiske verdiar knytt til morenelandskapet i Haugadalen, desse må takast særleg omsyn til ved planlegging av tiltak i området.

Tiltak:

- Nye informasjonsskilt

Fonn (21)

Fonn inst i Stardalen er startpunkt for tursti mot Tverrdalen og Gallen. Det er ønskje om å leggje til rette ein tursti inn Langedalen.

Tiltak:

- Informasjonsskilt
- Tilrettelegging av parkeringsplass
- Utgreiing av tursti i Langedalen

Befringstøylen (22)

Frå Befring i Stardalen går det ein bomveg 4 km inn til parkeringsplass som er startpunkt for turar mot Befringstøylen, Lonene, Strupen og Kvannebakbu. På vestsida av Befringseiva går det sti vestover fjellet til Fosseimdsalen.

Tiltak:

- Informasjonsskilt på parkeringsplassen

Dvergsdalsstøylen (26)

Det går kommunal veg frå Fv5690 om lag 4 km opp til Dvergsdalsstøylen og her er startpunkt for tursti mot Fagredalen og Grovabreen. Sunnfjord kommune eig og driftar parkeringsplassen ved den «gamle skihytta», som fungerer som vinterparkering og

toppturparkering og er innfallsporten til Fagredalen om vinteren. Her er sett opp informasjon om nasjonalparken, villrein og turar i området. Om sommaren kan ein nytte privat veg vidare og parkere ved bommen.

Det vert ikkje lagt opp til auka ferdsel i dette området

Tiltak:

- Nye informasjonsskilt på litt sikt

Supphelledalen, Flatbrehytta (29)

Startpunkt for tursti til Flatbrehytta ligg innanfor Øygaard om lag 3 km inn i Supphelledalen. Det er god plass på parkeringsplassen og informasjon om stien, Flatbrehytta og nasjonalparken. Flatbrehytta er ei privateigd, sjølvbetjent turisthytte. Flatbrehytta nyttast ein del til brekurs om sommaren og som startpunkt eller endepunkt på den klassiske vårskituren Josten på langs, eller ved andre brekryssingar. Endemorena ved Flatbrehytta er utsett for slitasje grunna trakk, og det bør sjåast på kanalisering og slitasjereduserande tiltak. Stien opp mot Flatbrehytta må ryddast jamleg.

Tiltak:

- Informasjonsskilt
- Få til avtale om stifadder

Vårstølen, Veitastrand (33)

Det er ein eldre T-merka sti frå Vårstøylen på Veitastrand, inn Snauedalen og over Supphelleskaret til Supphelledalen i Fjærland. Sogndal turlag har planar om å remerke denne turstien.

Tiltak:

- Informasjonsskilt på parkeringsplass

5.2 Tiltaksplan

I tiltaksplanen har vi samanfatta tiltaka i dei føregåande kapitla. Tiltaksplanen som er skissert under må sjåast som rettleiande. Kva for tiltak som er mogeleg å gjennomføre kvart år vil i stor grad avhenge av mellom anna tilgangen på tiltaksmidlar frå Miljødirektoratet, annan finansiering og gjennomføringskapasiteten til nasjonalparkforvaltninga og aktuelle samarbeidspartnarar. Både signal frå dei årlege møta i rådgjevande utval, kommunar, lokalsamfunn, næringsaktørar og andre samarbeidspartar vil såleis vere viktige i planlegging og prioritering av tiltak. Nasjonalparkstyret vil kvar haust utarbeide ein meir detaljert tiltaksplan. Når Miljødirektoratet si tildeling av tiltaksmidlar er klar vil planen bli justert. Her vil og skjøtselstiltak og mindre informasjons- tilretteleggingstiltak som ikkje inngår i besøksstrategien kunne prioriterast.

Generelt vil tilretteleggingstiltak der aktuelle samarbeidspartar, som kommunar, grendelag, grunneigarlag, m.m., er aktive i planlegging og finansiering, bli prioritert tidlegare enn tiltak der Jostedalsbreen nasjonalparkstyre (JNP) må dra lasset åleine. For at dei årlege tiltaksmidlane skal rekkje til å gjennomføre tilretteleggingstiltaka som er skissert i besøksstrategien, må ein gå ut i frå at JNP ikkje kan bidra med meir enn 50% av totalkostnaden for tiltaka. Tiltaksmidlane må i all hovudsak gå til etablering av tiltaka. Drift av tilretteleggingstiltak må difor overlatast til samarbeidspartar. JNP vil ta kostnadane med oppsetting og vedlikehald av informasjonsskilt.

Organisering av fadderordningar for einskilde stiar kan vere eit godt verkemiddel for drift, ettersyn og vedlikehald av stiar i og rundt nasjonalparken.

Dei ulike tiltaka i besøksstrategien vil bli delt inn i tre grupper etter når i besøksstrategiperioden (2021-2027) dei er tenkt gjennomført. Innfallsportar som ligg nær vernegrensa vil i stor grad verte prioritert tidleg, mens hovudtyngda av arbeidet med etableringa av innfallsportane i sentrumsområda rundt Jostedalsbreen vil skje mot slutten av perioden.

Det er stor variasjon i kor langt planar for utbetringar og tilrettelegging er kome for dei føreslegne innfallsportane. Miljødirektoratet sin rettleiar *Innfallsporter* skal nyttast som mal for gjennomføring av alle prosjekt knytt til innfallsportar til Jostedalsbreen nasjonalpark. Det betyr at sårbarheitsvurdering og prosjektering må vere gjennomført før større tiltak vert sett i gang på nye og eksisterande innfallsportar. Dersom sårbarheitsvurdering eller prosjektering av ein innfallsport viser at den av ulike årsaker ikkje bør eller kan etablerast må tiltak på innfallsporten revurderast.

Innfallsportane som er lette å etablere, og der ein har aktive samarbeidspartar, vil bli tatt først. Innfallsportar som krev mykje planlegging og som involverer mange aktørar vil bli tatt mot slutten av perioden. På nokre av innfallsportane må kommunal infrastruktur på plass før det er hensiktsmessig for JNP å etablere sine informasjonspunkt. Rekkjefølgje

for etablering eller oppgradering av innfallsportane vil kunne endrast dersom føresetnadane endrar seg i løpet av tiltaksplanperioden.

Når det gjeld informasjons- og tilretteleggingstiltak som ikkje er direkte knytt til innfallsportane, ønskjer ein å komme i gang med dette arbeidet så tidleg som råd i besøksstrategiperioden. Informasjonsskilt på dei frittstående startpunkta vil og bli sett opp fortløpande når finansieringa er på plass.

Når ein kjem litt ut i tiltaksperioden vil ikkje tabellane under innehalde detaljerte tiltak for dei ulike innfallsportane. For ei meir fullstendig omtale av aktuelle tilretteleggings- og informasjonstiltak, visast det difor til listene over tiltak i kapittel 5.1.1, 5.1.2 og 5.1.3. Tiltaka i tabellar 6-8 er oppført i ei ikkje-prioritert rekkefølge i tabellane.

Tabell 6: Tiltak som skal gjennomførast tidleg i besøksstrategiperioden (2021-2022).

Tiltak som skal gjennomførast tidleg i besøksstrategiperioden (2021-2022)		
Tiltak	Innfallsport	Aktørar
Utarbeide plan for nasjonalparksiltung langs hovudveggar rundt parken	Alle	JNP, Vegvesen, Fylkeskommune, kommunar, reiseliv
Utarbeiding av skiltplan for Jostedalsbreen nasjonalpark	Alle	JNP, kommunar, reiseliv, m.fl
Få autorisert Skålastien som Nasjonal turiststi	Skålastien	Skålastilaget, Stryn kommune, JNP
Oppgradering av innfallsport ved Tyva	Skålastien	JNP, Stryn kommune, Skålastilaget
Nytt toalettbygg ved Tyva	Skålastien	Stryn kommune, Skålastilaget, JNP
Informasjonsskilt ved Tyva	Skålastien	JNP
Oppmerking av parkeringsplassar ved Tyva	Skålastien	Skålastilaget, Stryn kommune
Planlegging av utkikkspunkt Bøyabreen	Bøyabreen	JNP, Sogndal kommune, grunneigarar, bygdalag
Oppgradering av informasjonspunkt	Kjenndalsbreen	JNP
Planlegging av utkikkspunkt	Hoven	JNP, Loen Skylift
Tilrettelegging av rundtur mellom Åbrekke og Åberg	Brenndalen	Olden utviklingslag, grunneigarar, JNP
Informasjonsskilt v/parkering Åbrekke	Brenndalen	JNP
Informasjonsskilt ved Brenndalsetra	Brenndalen	JNP
Nytt informasjonspunkt	Kjenndalsstova	JNP, grunneigar, reiseliv

Merking av sti frå Nasjonalparksenteret og inn Fosdalen	Fosnes	JNP, Nasjonalparksenteret, idrettslag
Informasjonsskilt	Fosnes	JNP, Nasjonalparksenteret
Informasjonsskilt	Sunndalen	JNP
Informasjonsskilt	Erdalen	JNP
Restaurering av Keisar Wilhelms sti	Briksdalen	JNP, Oldedalen skysslag/Briksdalen fjellstove
Ny utsiktsplass i Briksdalen	Briksdalen	JNP, lokalt reiseliv
Informasjonsskilt	Supphelledalen v/Øygard	JNP
Informasjonspunkt	Supphellebreen	JNP, bygdalag, grunneigarar
Rydde og etablere sti med utsiktsplass	Supphellebreen	JNP, bygdalag, grunneigarar
Informasjonsskilt	Vårstølen, Veitastrond	JNP, bygdelag, grunneigarar
Informasjonspunkt og startpunkt for fleire turstiar	Tungestølen	JNP, Luster kommune, Luster turlag, grunneigarar

Tabell 7: Tiltak som skal gjennomførast midt i besøksstrategiperioden (2023-2024).

Tiltak som skal gjennomførast midt i besøksstrategiperioden (2023-2024)		
Tiltak	Innfallspørt	Aktørar
Vidare utvikling av Skålastien – tilrettelegging kortare turalternativ	Skålastien	Skålastilaget, Stryn kommune, JNP
Bygging av utkikkspunkt	Bøyabreen	JNP, Sogndal kommune, grunneigarar
Utbetring av avkøyrsløp til Bøyabreen	Bøyabreen	Statens vegvesen, Sogndal kommune
Bygging av utkikkspunkt	Hoven	Loen Skyllift, JNP
Utbetring av innfallspørt, nye informasjonsskilt, portalskilt, tydeleg avgrensing av parkeringsplassen	Bødalen	JNP, grunneigarlag
Opprusting av tursti til Flatsteinbu	Flatsteinbu	JNP, Olden utviklingslag
Informasjonsskilt v/Kvame	Flatsteinbu	JNP
Utviding av parkeringsplass v/Kvame	Flatsteinbu	Olden utviklingslag, grunneigarar
Oppgradering av innfallspørt, med fokus på elv, foss og kulturlandskap	Briksdalen	JNP, grunneigarar, Oldedalen skysslag
Informasjonsskilt	Sanddalen	JNP

Tilrettelegging av parkering	Sanddalen	Grunneigarar, bygdelag, JNP
Utbetring av innfallsport, nye informasjonsskilt, portal	Haugadalen	JNP, grunneigarar, Sunnfjord kommune
Informasjonsskilt	Befringstøylen	JNP
Informasjonspunkt	Kjøsnesfjorden	Sunnfjord kommune, Statens vegvesen, JNP
Etablering av startpunkt ved tunnelinnslag	Lundaskaret	Sunnfjord kommune, Statens vegvesen, JNP
Gangbru over elva ved startpunkt	Lundaskaret	Statens vegvesen, Sunnfjord kommune, JNP
Informasjonsskilt	Lundaskaret	JNP
Informasjonspunkt	Veitastrond v/butikken	JNP, bygdelag
Informasjonspunkt	Leirdalen	JNP, Luster kommune
Vidareutvikling av innfallsport	Bergset	JNP, Luster kommune, grunneigarar
Informasjonspunkt	Styggevatnet	JNP, Breheimen NP, Luster kommune, energiselskap

Tabell 8: Tiltak som skal gjennomførast seint i besøksstrategiperioden (2025-2027).

Tiltak som skal gjennomførast seint i besøksstrategiperioden (2025-2027)		
Tiltak	Innfallsport	Aktørar
Nye informasjonsskilt	Oldeskaret, Melkevoll bretun	JNP
Informasjonspunkt	Olden sentrum	Stryn kommune, JNP
Informasjonspunkt	Loen sentrum	Stryn kommune, JNP
Informasjonsskilt	Hjelle	JNP
Informasjonspunkt	Stryn	Stryn kommune, JNP
Informasjonspunkt	Utvikjellet	Gloppen kommune, JNP
Informasjonspunkt	Byrkjelo	JNP, Statens vegvesen, Gloppen kommune
Informasjonsskilt	Fonn	JNP
Informasjonspunkt	Skei	Sunnfjord kommune, JNP
Tilrettelegging av tursti/sykkeltrase langs Kjøsnesfjorden	Kjøsnesfjorden	Sunnfjord kommune, JNP

Nye informasjonsskilt	Dvergsdalstøyle	JNP, Sunnfjord kommune
Informasjonspunkt v/Utsikten	Gaularfjellet	JNP, Statens vegvesen
Informasjonspunkt	Sogndal sentrum	Sogndal kommune, JNP
Informasjonspunkt	Gaupne	Luster kommune, Statens vegvesen, JNP
Informasjonspunkt	Gjerde i Jostedalen	Luster kommune, bygdalag, JNP

Kjeldeliste

Artsdatabanken. 2018. Artsdatabanken. *Norsk rødliste for naturtyper*. [Internett] 2018. <https://www.artsdatabanken.no/rodlistefornaturtyper>.

— **2021.** Artskart. *Artskart.artsdatabanken.no*. [Internett] 03 03 2021. <https://artskart.artsdatabanken.no/>.

— **2021.** Natur i Norge. *Artsdatabanken*. [Internett] 03 03 2021. <https://artsdatabanken.no/NiN>.

DNT-Fjellsport. 2001. *Breføreren*. Oslo : Den norske turistforening, 2001.

Evju, Marianne, et al. 2018. *Vurdering av kor sårbare utvalde lokalitetar i Jostedalsbreen nasjonalpark er for ferdsel. Austerdalen, Langedalen og Krundalen-Tuffebreen*. Trondheim : NINA, 2018.

Fjord Norway. 2018. Fjord Norway. *Fjordnorway.com*. [Internett] 2018. <https://no.fjordnorway.com/dbimngs/Beskrivelse%20av%20Scenario%202030%20prosjekt%20et.pdf>.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. 2002. *Forvaltningsplan for Jostedalsbreen nasjonalpark - Nettutgåve mars 2002*. Leikanger : Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, 2002.

Hagen, Dagmar, et al. 2019. *Håndbok. Sårbarhetsvurdering av ferdselslokalteter i verneområder, for vegetasjon og dyreliv*. Trondheim : Norsk Institutt for Naturforskning (NINA), 2019.

Håland, Arnold. 2019. *Bestandstaksering av hekkende fugler i 3 fjelldaler i Jostedalsbreen nasjonalpark, Erdalen, Bødalen og Sunndalen, Stryn i 2019*. Bergen : NNI Resources, 2019.

Miljødirektoratet. Designmanual for Norges nasjonalparker. <https://designmanual.norgesnasjonalparker.no/>. [Internett]

— **2015.** *Innfallsporster - Veileder M-417/2015*. s.l. : Miljødirektoratet, 2015.

— **2021.** *Veilder for besøksforvaltning i norske verneområder*. 2021.

— **2015.** *Veileder for besøksforvaltning i norske verneområder*. s.l. : Miljødirektoratet, 2015.

Miljøverndepartementet. 1991. Forskrift om Jostedalsbreen nasjonalpark. *Lovdata*. [Internett] 25 10 1991. <https://lovdata.no/dokument/LF/forskrift/1991-10-25-691>.

Regjeringen. 2021. Bærekraftsmålene. *Regjeringen.no*. [Internett] 3 3 2021. <https://www.regjeringen.no/no/tema/fns-barekraftsmal/id2590133/>.

Sogn og Fjordane fylkeskommune. 2010. *Reiselivsplan Sogn og Fjordane 2010-2025.* 2010.

Utmarksressurs. 2020. *Vurdering av kor sårbare tre utvalde lokalitetar i Jostedalsbreen nasjonalpark. Skåla/Vesleskåla, Haugadalen, Bøyadalen.* 2020.

Visit Nordfjord. 2021. Reiselivsstrategi for Nordfjord 2021. *Visit Nordfjord.* [Internett] 2021. <https://indd.adobe.com/view/11c92a6d-6b37-49a7-9148-66be04079a06>.

Vistad, Odd Inge, et al. 2018. *Vurdering av kor sårbare utvalde lokalitetar i Jostedalsbreen nasjonalpark er for ferdsel. Kattanakken, Oldeskaret og Sunndalen.* s.l. : NINA, 2018.

Vistad, Odd Inge, Selvaag, Sofie K. og Vold, Line C. 2018. *Bruken og brukarane av Jostedalsbreen nasjonalpark 2017.* s.l. : Norsk institutt for naturforskning, 2018.

Vorkinn, Marit. 2020. *Bruk og brukere i Jotunheimen 1992-2019.* Lillehammer : Fylkesmannen i Innlandet, 2020.

Jostedalsbreen nasjonalpark

Kontaktinformasjon Jostedalsbreen nasjonalparkstyre

Telefon: 57 64 30 00
E-post: Jostedalsbreen@statsforvalteren.no
Nett: nasjonalparkstyre.no/Jostedalsbreen
Post: Njøsavegen 2, 6863 Leikanger
Besøksadresse: Rådhusvegen 1, 6868 Gaupne

ymse i brikedal - Google

https://www.google.com/maps/d/edit?mid=18C1Pln8Wk4AvkGEWqmMz-szQ-1oOX0OS&ll=61.66490280071574%2C6.835244500000448&z=16

PORT OF OLDEN Brikdalsbre WebCar GTS - Suppliers Onlin Brikdals Booking Logg inn Tidsbanken Logg inn Småtraffforenings Frifagbevegelse no - Tek no - Tester, guide Arbeidstilsynet eker t Arbeidstilsynet Kundesider Loen Skylift

ymse i brikedal

Koordinatar til kulturminner i Brikedal
41 visninger

Alle endringene ble lagret i Disk

- Legg til et lag Del
- Forhåndsvisning

Informasjonslag uten navn

Individuelle stiler

- Pkt 051 restar sti litt ovafor v...
- Jakob lœa
- Kvennhus stein

Informasjonslag uten navn

Individuelle stiler

- pkt 028 sivertlœda
- pkt 029
- pkt 030
- pkt 033 steinhole. redskap
- pkt 034. murar sel
- pkt 037. hole under stein
- pkt 035. oppmura steinhole ...
- pkt 036. oppmura hole under...
- pkt 031 steinhole
- pkt 032 espalœda
- restar av oppmura sti
- pkt 038 sel nakdjœn
- pkt 039 streng inestetra
- pkt 040. kan vœre restar ette...

Google My Maps

Kartdata ©2020 Bilder ©2020 CNES / Airbus, Maxar Technologies. Vilk



Kulturminner i Briksdal

Her følger bilder og kordinatar frå
punkt på nordsida av elva



Pkt 051 restar
etter sti, nede
i briksdal




Pkt 028
sivertlada
kordinater
1.6667, 6.83523



Pkt 033
steinhole med
redskap



- Kordinatar:
61.66696, 6.83648




Pkt 037 hole
under stein

- Kordinatar: 61.66667, 6.83775



Pkt 034 murar sel

- Kordinatar:
61.66708, 6.83789





Pkt 035 oppmura steinhole

- Kordinatar: 61.66709, 6.83948



Pkt 036 hole
under stein

- Kordinatar: 61.6673, 6.84061



Pkt 032 espalada

- Kordinatar: 61.66777, 6.84625



Kulturminner i Briksdal

Her følger bilder og
kordinatar på sørsida
av elva





Restar oppmura sti

- Kordinatar:
61.66343, 6.83354

Sel/utelade nakkjen

- Kordinatar: 61.66241,
6.83132



Pkt 039. Feste løypestreng



- Kordinatar 61.66253, 6.835

Avsaga tred. Gammal sti?

- Kordinatar 61.66203, 6.83841





Pkt 042. Spel utafor setra

- 61.6624, 6.84328

Briksdal 24 01 2020

Historia til garden Briksdal - sætrar i Briksdal.

I Briksdal har her vore mange sætrar m utelader som har vore i bruk. Tilsaman har vi registrert 15 utelader og 2 løypestrenger.

Disse er plassert fra Fjellstova mot breen, både på sør og nordsida.

På nokre av dei er her restar av sela, trestokker og grunnmurar. Her er også restar av feste til løypestrengar.

Vi har teikna inn på kart der vi meiner setrane / utelader og løypestrengar har vore. Jamfør vedlegg kan ein sjå kvar sætrane, løypestrangane og stiane har vore.

Lokasjonane er i hovudsak utanfor Nasjonalparken, men ikkje langt fra grensa.

- ⇒ Stiane til sætrane / uteladene er ein god del attgrodd, men likevel slik at ein kan finne dei i terrenget slik dei er no.
- ⇒ Uteladene er for det meste ramla ned, på nokre stader er der stokker etter dei.
- ⇒ Løypestrenger,- festa etter disse er i steinar.

Sørsida.

Stiane på sørsida er en del av gamal ferdsel veg over breen, og denne var med på å knyta områda på sidene av Jostedalsbreen saman.

Sør om Fjellstova ned i Briksdal på andre sida av elva starter ein sti og kjem att i nederste svingen på Kleivavegen. Denne var i bruk heilt fram til 1970 tallet då det var husdyrhold i Briksdal.

Sti fra øverste sving går opp på Nakken. Vidare er her sti fra «Nakken» via Briksdal sætra og mot breen og kjem att inn på bre svedene. Deretter er det mulig å gå stien vidare på Kattanakken. Alt dette på sørsida.

Utelada på Nakken har ei spesiell historie. Under krigen 1940 – 45 vart denne bruk som lager for butikken i Oldedalen.

Løypestrengane går fra Briksdal setra (sørsida av dalen) og ned til flatt terreng ved elva.

Nordsida.

På nordsida av dalen går stiane opp fra dalbotnen. Kvar her er sti mellom uteladene på nordsida er litt usikkert, vi har pr dags dato ikkje registrert dei.

Tek ein utgangspunkt på «Rastebu» og går nordover i lia, kjem ein opp til punktet som er lengs nordvest og murane etter utelade er lett å finne. Adkomsten hertil er nokså lett.

Uteladene / setrane og løypestrengane fortel om ei historie i Briksdal då her var gardsdrift og slåttemark oppi lia. Ei historie som er ukjent for mesteparten av dei som kjem og er i Briksdal.

Nord om Fjellstova / souvenir butikken.

Eit lite stykke nord om souvenir butikken, ved « gamle ledet» er her en sti som går nord – nord/ vestover. Den ender i marka over bussplassen / Fjellstova. Flott utsikt også her.

Kvernhus.

Å veg mot breen, ca 300 m fra Fjellstova, like ved inntak til kraftverk var her eit kvernhus. Dette låg heilt ved der Keiser Wilhelm Sti fortsatt er.

Kulturminne - istandsetting og vøling – informasjons tavler.

Vi ønsker å setje i stand deler av disse kulturminna. Dette som eit langsiktig prosjekt der ein tek steg for steg, men at ein har laga seg en plan som alle er inforstått med. Informasjons tavler om historia til Briksdal må også være med.

Vi har ikkje klar noko endeleg prioritering om istandsetting,- det må bli ein dialog med myndigheiter kva som er mest tenleg. Men eit utgangspunkt kan kanskje være;

- 1) Bygge opp at selet på Nakken og vøle stien opp til det. Dette er på sørsida og går fra øverste svingen på Kleivavegen. Her er restar av gamalt sel.
- 2) Eit neste alternativ kan være å kome seg opp fra Rastebu til utsiktspunkt der- her er murar etter gamalt sel.
- 3) Nord om Fjellstova / souvenir butikken – sti og utsiktspunkt.

Historia til garden Briksdal.

Vi vil beskrive litt av historia til garden Briksdal- ei historie som ikkje har kome så mykje fram. Ut fra dette meiner vi det er viktig å ta vare på historia, og på nokre plasser istandsette disse plassane og holde kulturminna levande.

Garden Briksdal, tidlegare skrive Birgisdale som tyder innestengd, bortgøymd, er ein gammal gard. Gamle kjelder fortel at den truleg vart rydda før år 1000. Det var ein tungdriven gard. I jordboka frå 1723 står det skrive: Gården ligger mellem tvende, grumme snebreer, avler intet. Garden er ikkje nemnd i tida etter svartedauden fram til 1602. Frå då slo dei gras mellom steinar og i urer. Det vart bygd fleire utelader i Briksdalen som vart brukte til lagring av hø. Ca 300 høybørrar henta dei ned frå desse ladene kvar vinter, fannst ikkje køyreveggar. Dei vart bygde der dei kunne finne gras.. Det fannst og 2 løypestrengar frå setrane på sørsida av dalen. I 1967 gjekk Rasmus Briksdal ei runde i dalen og skreiv ned namn og måla på alle skoga-ladene i Briksdalen. I 1844 bygde Anders Briksdal ei nystove, som står den dag i dag. For å finne tømmer til den, måtte dei til fjells. Dei bar stokkane heim til Briksdal, ned bratte fjellsider

I 1880 laga Anders ei rås frå Briksdal og opp på høgda i Briksdalen. 2 mann kunne no leie ei ku opp dit. Seinare gav Den norske turistforeining 60 kr til utbetring. I 1886 søkte Anders om 600 kr frå DNT. Han fekk 400 kr mot at han klarte å skaffe same beløpet sjølv. Det klarte ham med hjelp frå andre bønder. I 1889 vart det bygd rideveg frå Briksdal til breen, vart ferdig til Keiser Wilhelm sitt besøk. Stien fekk då namnet Keiser Wilhelms sti. Køyrevegen vart ferdig i 1927.

I 1891-92 bygde Anders ei turisthytte i Briksdal med 8 senger og salg av m.a. rjomekoll, brød, mjølk, brus, øl. Frå 1926 til 1962 dreiv Yris Hotell turisthytta, dei bygde på for å kunne ta imot fleire turistar. Dei kunne servere over 1000 pers pr dag, ein dag 1600 personar frå cruiseskip. Under krigen var der ikkje drift.

Vegen over Jostedalsbreen vart mykje brukt i gamal tid. Jostedølene kunne kome over med t.d. vadmøl i bytte mot korn. I 1830 åra vart det slutt på turane. Men på ei reise til Bergen spurde lensmann A. Lund Anders om det var mogleg å ta opp igjen desse turane. I 1888 starta Anders og Rasmus Åbrekk på nytt med dette. Etter kvart vart det og turistar som leigde breførar for å gjere denne turen. Desse 2 fekk Kongens fortjenestemedalje, Anders for geografiske oppmålingar, Rasmus for breføring.

Det hende at dyr som beita i Briksdalen, vart drept av bjørn. Det var merkbare tap for folket i Briksdal. Bjørnane kom over breen frå aust. Siste bjørnen vart sett i 1918.

Etter Anders overtok sonen Elling garden i 1926. Men han døde i 1932, 35 år gammal. Kona Pernille måtte då drive garden i lag med 2 små jenter. Dei måtte tidleg på setra å melke, berre 10 år gamle. I 1966 vart gardsdrifta lagt ned og det vart kun satsa på å utvikle Briksdal for turistane.

Utelader i Briksdal

1. Nakkelada
2. Framsetelada
3. Instesetra (veit ikkje om der har vore lade)
4. Frilidlada
5. Espelada
6. Sandskredlada
7. Hestesvadlada
8. Moshammerlada
9. Kvithillarlada
10. Brennebakklada
11. Kleivasteinlada
12. Sivertlada
13. Kvennhus
14. Tjønnelada
15. Jakoblada
16. Spel til løypestreng frå Framsetra.
17. Spel til løypestreng fra Intesetra.

Briksdal 2016


Inntegna av Erling Briksdal,

Feltmann for oppmåling og bilder har vore Ruben Briksdal, og Erling Briksdal har funne fram navn og stadplasser ved å granske historie bakover og saman har ein beskreve historia til Briksdal.

Mvh

Per Briksdal

24 01 2020



Fra: Per Briksdal
Sendt: 29.01.2020 14.23
Til: Knagenhjelm, Maria
Cc: Erling Briksdal;Ruben Briksdal
Emne: Sætrar og kulturminne i Briksdal
Vedlegg: presentasjon nordsida brik 24 01 20.pdf, Presentasjon sørside 24 01 20.pdf, Sætrar i Briksdal 24 01 20.pdf, Google kart Sætrar i Briksdal 24 01 20.pdf

Hei Maria.

Hausten 2019 omsnakka vi sætrar i Briksdal.

Ruben og Erling har kartlagt sætrar, løyestrengar, kvernhus og tilhøyrande stiar. Det kan være at her er meir, men det er dette vi har kartlagt.

Vår tanke er å ta fram att og belyse historie og kulturminne som svært få kjenner til – ei spennande historie fra Briksdal.

Vi vil gjerne drøfte disse momenta med dykk ved høve.

Det er ikkje forhold til synfaring no, ustabilt vær med snø og vind oppi høgda der.

Synfaring bør såleis vente til Mai når forholda er meir stabile.

Når det vårast kan vi ta opp att kontakta og gå igjennom saka, kanskje de er i området i dei tider.

Vennleg helsing,

Per Briksdal

6792 Briksdalsbre

Tlf 90 68 60 34

Kulturminner i Briksdal

Her følger bilder og kordinatar frå
punkt på nordsida av elva



Pkt 051 restar
etter sti, nede
i briksdal




Pkt 028
sivertlada
kordinater
1.6667, 6.83523



Pkt 033
steinhole med
redskap



- Kordinatar:
61.66696, 6.83648




Pkt 037 hole
under stein

- Kordinatar: 61.66667, 6.83775



Pkt 034 murar sel

- Kordinatar:
61.66708, 6.83789





Pkt 035 oppmura steinhole

- Kordinatar: 61.66709, 6.83948



Pkt 036 hole
under stein

- Kordinatar: 61.6673, 6.84061




Pkt 032 espalada

- Kordinatar: 61.66777, 6.84625



Kulturminner I Briksdal

Her følger bilder og
kordinatar på sørsida
av elva





Restar oppmura sti

- Kordinatar:
61.66343, 6.83354

Sel/utelade nakkjen

- Kordinatar: 61.66241,
6.83132



Pkt 039. Feste løypestreng



- Kordinatar 61.66253, 6.835

Avsaga tred. Gammal sti?

- Kordinatar 61.66203, 6.83841





Pkt 042. Spel utafor setra

- 61.6624, 6.84328

Briksdal 24 01 2020

Historia til garden Briksdal - sætrar i Briksdal.

I Briksdal har her vore mange sætrar m utelader som har vore i bruk. Tilsaman har vi registrert 15 utelader og 2 løypestrenger.

Disse er plassert fra Fjellstova mot breen, både på sør og nordsida.

På nokre av dei er her restar av sela, trestokker og grunnmurar. Her er også restar av feste til løypestrengar.

Vi har teikna inn på kart der vi meiner setrane / utelader og løypestrengar har vore. Jamfør vedlegg kan ein sjå kvar sætrane, løypestrangane og stiane har vore.

Lokasjonane er i hovudsak utanfor Nasjonalparken, men ikkje langt fra grensa.

- ⇒ Stiane til sætrane / uteladene er ein god del attgrodd, men likevel slik at ein kan finne dei i terrenget slik dei er no.
- ⇒ Uteladene er for det meste ramla ned, på nokre stader er der stokker etter dei.
- ⇒ Løypestrenger,- festa etter disse er i steinar.

Sørsida.

Stiane på sørsida er en del av gamal ferdsel veg over breen, og denne var med på å knyta områda på sidene av Jostedalsbreen saman.

Sør om Fjellstova ned i Briksdal på andre sida av elva starter ein sti og kjem att i nederste svingen på Kleivavegen. Denne var i bruk heilt fram til 1970 tallet då det var husdyrhold i Briksdal.

Sti fra øverste sving går opp på Nakken. Vidare er her sti fra «Nakken» via Briksdal sætra og mot breen og kjem att inn på bre svedene. Deretter er det mulig å gå stien vidare på Kattanakken. Alt dette på sørsida.

Utelada på Nakken har ei spesiell historie. Under krigen 1940 – 45 vart denne bruk som lager for butikken i Oldedalen.

Løypestrengane går fra Briksdal setra (sørsida av dalen) og ned til flatt terreng ved elva.

Nordsida.

På nordsida av dalen går stiane opp fra dalbotnen. Kvar her er sti mellom uteladene på nordsida er litt usikkert, vi har pr dags dato ikkje registrert dei.

Tek ein utgangspunkt på «Rastebu» og går nordover i lia, kjem ein opp til punktet som er lengs nordvest og murane etter utelade er lett å finne. Adkomsten hertil er nokså lett.

Uteladene / setrane og løypestrengane fortel om ei historie i Briksdal då her var gardsdrift og slåttemark oppi lia. Ei historie som er ukjent for mesteparten av dei som kjem og er i Briksdal.

Nord om Fjellstova / souvenir butikken.

Eit lite stykke nord om souvenir butikken, ved « gamle ledet» er her en sti som går nord – nord/ vestover. Den ender i marka over bussplassen / Fjellstova. Flott utsikt også her.

Kvernhus.

Å veg mot breen, ca 300 m fra Fjellstova, like ved inntak til kraftverk var her eit kvernhus. Dette låg heilt ved der Keiser Wilhelm Sti fortsatt er.

Kulturminne - istandsetting og vøling – informasjons tavler.

Vi ønsker å setje i stand deler av disse kulturminna. Dette som eit langsiktig prosjekt der ein tek steg for steg, men at ein har laga seg en plan som alle er inforstått med. Informasjons tavler om historia til Briksdal må også være med.

Vi har ikkje klar noko endeleg prioritering om istandsetting,- det må bli ein dialog med myndigheiter kva som er mest tenleg. Men eit utgangspunkt kan kanskje være;

- 1) Bygge opp at selet på Nakken og vøle stien opp til det. Dette er på sørsida og går fra øverste svingen på Kleivavegen. Her er restar av gamalt sel.
- 2) Eit neste alternativ kan være å kome seg opp fra Rastebu til utsiktspunkt der- her er murar etter gamalt sel.
- 3) Nord om Fjellstova / souvenir butikken – sti og utsiktspunkt.

Historia til garden Briksdal.

Vi vil beskrive litt av historia til garden Briksdal- ei historie som ikkje har kome så mykje fram. Ut fra dette meiner vi det er viktig å ta vare på historia, og på nokre plasser istandsette disse plassane og holde kulturminna levande.

Garden Briksdal, tidlegare skrive Birgisdale som tyder innestengd, bortgøymd, er ein gammal gard. Gamle kjelder fortel at den truleg vart rydda før år 1000. Det var ein tungdriven gard. I jordboka frå 1723 står det skrive: Gården ligger mellem tvende, grumme snebreer, avler intet. Garden er ikkje nemnd i tida etter svartedauden fram til 1602. Frå då slo dei gras mellom steinar og i urer. Det vart bygd fleire utelader i Briksdalen som vart brukte til lagring av hø. Ca 300 høybørrar henta dei ned frå desse ladene kvar vinter, fannst ikkje køyreveggar. Dei vart bygde der dei kunne finne gras.. Det fannst og 2 løypestrengar frå setrane på sørsida av dalen. I 1967 gjekk Rasmus Briksdal ei runde i dalen og skreiv ned namn og måla på alle skoga-ladene i Briksdalen. I 1844 bygde Anders Briksdal ei nystove, som står den dag i dag. For å finne tømmer til den, måtte dei til fjells. Dei bar stokkane heim til Briksdal, ned bratte fjellsider

I 1880 laga Anders ei rås frå Briksdal og opp på høgda i Briksdalen. 2 mann kunne no leie ei ku opp dit. Seinare gav Den norske turistforeining 60 kr til utbetring. I 1886 søkte Anders om 600 kr frå DNT. Han fekk 400 kr mot at han klarte å skaffe same beløpet sjølv. Det klarte ham med hjelp frå andre bønder. I 1889 vart det bygd rideveg frå Briksdal til breen, vart ferdig til Keiser Wilhelm sitt besøk. Stien fekk då namnet Keiser Wilhelms sti. Køyrevegen vart ferdig i 1927.

I 1891-92 bygde Anders ei turisthytte i Briksdal med 8 senger og salg av m.a. rjomekoll, brød, mjølk, brus, øl. Frå 1926 til 1962 dreiv Yris Hotell turisthytta, dei bygde på for å kunne ta imot fleire turistar. Dei kunne servere over 1000 pers pr dag, ein dag 1600 personar frå cruiseskip. Under krigen var der ikkje drift.

Vegen over Jostedalsbreen vart mykje brukt i gamal tid. Jostedølene kunne kome over med t.d. vadmøl i bytte mot korn. I 1830 åra vart det slutt på turane. Men på ei reise til Bergen spurde lensmann A. Lund Anders om det var mogleg å ta opp igjen desse turane. I 1888 starta Anders og Rasmus Åbrekk på nytt med dette. Etter kvart vart det og turistar som leigde breførar for å gjere denne turen. Desse 2 fekk Kongens fortjenestemedalje, Anders for geografiske oppmålingar, Rasmus for breføring.

Det hende at dyr som beita i Briksdalen, vart drept av bjørn. Det var merkbare tap for folket i Briksdal. Bjørnane kom over breen frå aust. Siste bjørnen vart sett i 1918.

Etter Anders overtok sonen Elling garden i 1926. Men han døde i 1932, 35 år gammal. Kona Pernille måtte då drive garden i lag med 2 små jenter. Dei måtte tidleg på setra å melke, berre 10 år gamle. I 1966 vart gardsdrifta lagt ned og det vart kun satsa på å utvikle Briksdal for turistane.

Utelader i Briksdal

1. Nakkelada
2. Framsetelada
3. Instesetra (veit ikkje om der har vore lade)
4. Frilidlada
5. Espelada
6. Sandskredlada
7. Hestesvadlada
8. Moshammerlada
9. Kvithillarlada
10. Brennebakklada
11. Kleivasteinlada
12. Sivertlada
13. Kvennhus
14. Tjønnelada
15. Jakoblada
16. Spel til løypestreng frå Framsetra.
17. Spel til løypestreng fra Intesetra.

Briksdal 2016


Inntegna av Erling Briksdal,


Feltmann for oppmåling og bilder har vore Ruben Briksdal, og Erling Briksdal har funne fram navn og stadplasser ved å granske historie bakover og saman har ein beskreve historia til Briksdal.

Mvh

Per Briksdal

24 01 2020





Fra: hilde hogrenning ravnestad[hilde-hogrenning@hotmail.com]

Sendt: 30. aug 2021 13:51:12

Til: Postmottak SFVL

Tittel: Merknad besøksstrategi Jostedalsbreen nasjonalpark

Hei.

Eg ynskjer å kome med litt innspel i forhold til inngangsporten til Nasjonalparken frå Bødalen .No har eg i dei 4 siste sesongane vore vertinne og vaktmester på Bødalseter bre-camp. I denne tida har eg då fått observert den trafikken av besøkande, både med Lodalskåpe som mål, tur til Bødalsbreen, og/eller med målet å få overnatte i nasjonalparken for å oppleve naturcamping som er tilrettelagd med fassiliterar.

Desse 2 siste åra har det vore eit større trykk av nordmenn, grunna Corona situasjonen, som har vore besøksgruppa. Og dermed har også auken av syklistar vore betydelig, inkl. el-sykklar. Dette avspeglar seg noko på stiane innover dalen, som ikkje alle plassar er egna for sykkel.

På dette grunnlag bær der kanskje vore oppretta solide sykkel-stativ ved inngangsporten med oppfordring til å parkere/låse av sykkelen sin der?

Stiane innover er på enkelte plassar også i stort behov av vedlikehald/renovering for at det fortsatt skal være trygge for fot-turistane å ferdast der. Siste brua inne på setra er dessverre heilt utgått på dato, og det er fåre for å trakke gjennom morkne plankar. Også fleire av stein kloppene er anten komne ut av plass, eller rasa /delvis eller heilt, i hop. Dette er litt prekært å få gjort noko med. Dette må til for å gjere vegen tryggare for alle.

Og ei anna gruppe som dessverre det ikkje er tilrettelagde for, er dei med ulike funksjonshemmingar. Ved å ha ein port som er lett å forsere med rullestol og andre hjelpemiddel, samt ein ny-renovert veg med meir stabil og jevn grusmasse, så kunne der med fordel ha vore tilgjengeleg for denne gruppa å ta turen inn til Bødalsetra og Bre-campingen. Denne oppgraderinga av denne innfallsporten til nasjonalparken vil gjere til at dei vil kunne oppleve ein del av denne flotte naturen på lik linje som andre. Samt også kunne ha mogleg heita av å kunne bruke toaletta der, og også få sjansen til å campere eller ha piknikk i nasjonalparken på lik linje med andre funksjonsfriske. Det vil då også lette tilgangen for familiar med heilt små barn /barnevogn. Det ville bli lettare å frakte bagasje inn for dei som skal campe. Det fokuset eg set på denne campingplassen, botnar i at eg ynskjer flest mogleg skal få oppleve den unike naturopplevinga det er å få overnatte slik ute i naturen. Samtidig som det er på eit område som er tilrettelagd for dette, med fungerande toalett, reint drikkevatt og bra med sittje-plassar. Og dessuten tilrettelagt for ei god handtering av søppel. Alt dette tar bort belastning av den sårbare naturen, samtidig som mange allikevel får oppleve den. På sjølve campingen er det ikkje så store endringane som skal til for å utvide for tilretteleggelse for fleire bruksgrupper.

Desse forslag kan også være eitt av virkemiddla for å kanalisere vekk ein liten del av det trykket som det har blitt med vill-camping nede ved sjølve Lodalsvatnet Der bør også då i den forbindelse kome på plass meir og betre informasjon om moglegheitene på Bødalsætra.

Men vennleg helsing

Hilde Hogrenning Ravnestad.

Sendt fra [E-post](#) for Windows

Stryn idrettsråd (SIR)
v/ leiar Gunnar Harstad
Hjellebakkane 24
6798 Hjelledalen

31.08.21

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre

Vedk. besøksstrategi Jostedalsbreen nasjonalpark – høyring

Styret i Stryn idrettsråd hadde høyringsuttalen oppe på styremøte 30.08.d.å, sak 9/21.

Først ønskjer styret å kome med eit par rettingar under pkt. 5.1.1. Innfallsportar...

Hjelle (1) – Her står «...vakker avstikkar frå RV60», rett skal vere **RV15**.

Fosnes (4) - «...nasjonalparksenteret ligg rett ved riksveg 60...», rett skal vere **RV15**.

Til pkt. 5.1.2.

Erdalen (3)

SIR registrerer at Stryn kommune har spelt inn at det bør vurderast å etablere ny parkeringsplass ved Greidung med toalett og info-tavle. Idrettsrådet vil berre på det sterkaste følgje opp med at det er heilt naudsynt å leggje til rette infrastruktur – både for besøkjande og , ikkje minst, for lokalbefolkninga! Parkeringsplass i område Greidung MÅ vere på plass til neste vår. Området som har blitt nytta til P-plass no, blir kanskje ikkje tilgjengeleg til neste år.

Parkeringsplassar og toalett i utfartsområde kan vere ei utfordring, men det er heilt naudsynt at desse «fasilitetane» er på plass viss ein skal opne opp for turisme/ besøkjande i turområde. Her kan lett bli konflikstar viss ikkje slikt er godt tilrettelagt! Ein skal leggje til rette for turisme, ja – men ein må ikkje gløyme bebruarane i området – og då spesielt grunneigarane!

Med helsing

Gunnar Harstad
Leiar SIR

Fra: Gunnar Harstad[gun-hars@online.no]
Sendt: 31.08.2021 09:59:09
Til: Postmottak SFVL
Tittel: Fwd: Merknad besøksstrategi Jostedalsbreen nasjonalpark

----- Opprinnelig melding -----

Emne:Merknad besøksstrategi Jostedalsbreen nasjonalpark

Dato:31.08.2021 09:52

Fra:Gunnar Harstad <gun-hars@online.no>

Til:sfvlpost@statsforvaltaren.no

Nasjonalparkstyret!

Viser til vedlagde brev frå Stryn idrettsråd!

Mvh
Gunnar Harstad

Fra: Briksdalsbre Fjellstove A.S.[Post@briksdal.no]
Sendt: 31.08.2021 10:28:04
Til: Postmottak SFVL
Kopi: Hauge, Tor Arne
Tittel: Merknad besøksstrategi Jostedalsbreen nasjonalpark

Kattanakken i Briksdalen

Hei.

Vi takker for at de har sett i stand nedre del av «Keiser Wilhelm Sti» i Briksdalen, og at ein har fått utvikla og rehabilitert stien på sørsida i Briksdalen.

Vi får svært mange gode tilbakemelding på disse tiltaka.

Turistane i år, 2021 og i 2020 er for det meste norske og dei utenlandske er i sterkt mindretall.

Dei norske har eit anna opplevelsemønster enn dei utenlandske når dei er på tur og er såleis en ny type turister.

Kattanakken.

Svært mange turister går til «Kattanakken», - vil tru det er tidenes sesong for denne fjellturen.

Vi får mange svært gode tilbakemeldingar på denne turen / fjell opplevelsen, og ingen skader er registrert.

Forbetrings potensial ?

- Vi får også tilbakemeldingar om at stien bør forbeistrast.
- Mange går feil når dei nærmer seg toppen, merking bør forbeistrast.
- Blir opptrakka sti der der ikkje er sti,- pga manglande merking.
- Burde vore sikra i dei mest krevjande partia.
- Burde vore bygt skikkelig rås stadvis.

Besøks strategi og Kattanakken.

Etter mitt syn bør «Kattanakken» omtalast i besøks strategien,- kva tanker har Nasjonal park myndigheitene om den ?

Kattanakken blir også omtala i Fjell og Toppturer på Vestlandet, ei åpa Facebook gruppe.

Omtala er at det er en flott tur.

Vedlagt er info som er oppslått i Briksdalen før ein starter turen.

Utsiktspunkt.

Som kjent ønsker vi å utvikle eit utsiktspunkt på sørsida av Briksdalselva, oppover svedjene retning «Kattanakken»

Vi vil saman med Oldedalen Skyss a.s. kome tilbake til dette litt seinare. Grunna 2 Corona somrar er vidare utvikling og kostnader med dette sett litt på vent. Men når tidene blir normalisert vil vi kome tilbake med våre tanker om nevnte sak.

Vennleg helsing

Per Briksdal.

Briksdalsbre Fjellstove a.s.

Oldedalsvegen 2211.

N-6792 Briksdalsbre +47 57 87 68 00

Org nr 991 397 094 MVA

post@briksdal.no www.briksdal.no



NO Kattanakken 350 moh-1450 moh (3-4 t)

Dette er ein fysisk krevjande fjelltur (3,8 km) med luftig kliving for å kome heilt opp på egga. Etter nokre meter i sørleg retning frå peikeskiltet, er ein inne i Jostedalsbreen nasjonalpark. Ver merksam på at stien i nasjonalparken er lite tilrettelagd. Stien er knapt merka. Ein går rett oppover på om lag 200 meter svaberg før stien tek til høgre med eit kort varda parti. I byrjinga av juni vil ein kunne oppleve å møte noko snø på enkelte skuggparti før Sauskorholten (vel 900 moh). Her byrjar også det brattaste partiet og ein må rekne med å klyve på sva som gir dårleg feste. Ein må vere røynd turgåar med gode sko, og ha nokre treningsøkter i kroppen, for å gå den bratte fjellturen – både opp og ned. Ver ekstra varsam på regnvåte dagar.

GB Kattanakken 350 to 1,450 metres above sea level (3-4 h)

This is a physically demanding hike (3.8 km), which requires some climbing to get up onto the ridge. After a few metres, the sign to the south takes you into Jostedalsbreen National Park. Please note that the path in the National Park is not maintained to any extent. There are



**Jostedalsbreen
nasjonalparkstyre**

Postadresse

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse

Rådhuset i Luster
Statens hjørne
6868 Gaupne

Kontakt

Sentralbord: +47 57 64 30 00
Direkte: +47 5764 3133

fmv/post@fylkesmannen.no
www.nasjonalparkstyre.no/Jostedalsbreen

Sunnfjord kommune
Postboks 338
6802 FØRDE

Sakshandsamar Tor Arne Hauge

Vår ref. 2021/9234-0 432.3

Dykkar ref.

Dato 31.08.2021

Utsett frist - Høyring besøksstrategi - Jostedalsbreen nasjonalpark

Viser til dykkar brev av 08.07.2021 der Sunnfjord kommune ber om utsett høyringsfrist til 30.september 2021.

Vi stadfestar med dette at Sunnfjord kommune får utsett høyringsfrist til 30.09.2021.

Med helsing

Tor Arne Hauge
nasjonalparkforvaltar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Innspel frå Skålastilaget til besøksstrategi Jostedalsbreen nasjonalpark

I 2013 vart Skålastilaget skipa, med føremål å jobbe for tilsyn og vedlikehald av stien frå Tyva til Skålatårnet i Loen. Skålastilaget er samansett av grunneigarar, Loen Active og Bergen og Hordaland turlag (BHT).

Skålastilaget stiller seg bak det som er skrive om Skåla-stien i utkast til besøksstrategi. Dette rimar med det vi har jobba med siste åra. I tillegg ønskjer vi å kome med to innspel:

- Som ein dagstur er Skåla den mest populære fjellturen i vår region, besøksstalet har gjennom åra berre auka. Teljar (ecocounter) i 2020 registrerte 12 620 passeringar inn (årsrapport SNO). Når ein set innsamla data frå teljar opp mot historiske vêrdata og besøksstal på parkeringsplass får ein indikasjon på at ein truleg har noko feil i registreringar. Dette vert stadfesta av besøksstalet på parkeringsplassen i 2020. Med eit gjennomsnitt passasjerar i kvar bil på 3 personar kan ein estimere eit besøksstal på mellom 15 000 og 20 000. Med «fram/tilbake-trafikk» blir dette ein stad mellom 30 000 og 40 000 passeringar på stien i 2020.

I tillegg kjem ferdsel frå Sande camping som ikkje blir fanga opp av nokon teljar. Jf. data henta frå Strava HeatMap er ruta frå Sande ein god del brukt.

Tilsyn som Skålastilaget utfører viser stor slitasje på stien, stadar er slitasjen stor. Ferdsel og avrenning fører til at stien vert senka ned i terrenget. Vatnet blir ført etter stien over lenger og lenger distansar, og meir «rullestein» kjem opp i dagen. Skålastilaget sin innsats slik det fungera i dag er ikkje tilstrekkeleg, vi har eit etterslep på vedlikehald. Gjennom siste åra har vi samla alle med interesser for Skålastien og Skåla (Jostedalsbreen nasjonalpark, kommune, Visit Nordfjord) og jobba mot å få Skålastien inn i systemet «nasjonale turiststier. Dette har vist seg vore ein tidkrevjande og stor jobb.

Skålastien har behov for meir og større vedlikehald/restaureringsarbeid. Skålastilaget treng at Jostedalsbreen nasjonalpark står opp og tek sitt ansvar for Skålastien og innfallsporten til Skåla også i framtida.

- I Fosdalen er kvar sommar eit betydeleg tal beitedyr. Med den auka trafikken har ein kvart år fleire landingar med helikopter for å hjelpe folk. Ein har tilfelle der beitedyr er skremd på elva av helikopter.

Dersom helikopter først tek eit overblikk og gjer seg kjend med kvar beitedyr går, og nærmar seg den skadelidne med litt varsamheit kan ein unngå uheldige situasjonar. Vi ber om at nasjonalparken er med på å formidle eit fokus på dette.

- Skålastien ligg i inntaksfeltet for vassforsyninga til Stryn Kommune, Haugen og Vassenden. Ved tiltak langs stien til Skåla må det takast omsyn til at Fosdøla er ei drikkevasskjelde.

For Skålastilaget,
Knut Tjugen
Leiar

Fra: ole@utmarksressurs.no[ole@utmarksressurs.no]
Sendt: 31.08.2021 20:18:18
Til: Postmottak SFVL
Kopi: knut@tjugen.no
Tittel: Merknad besøksstrategi Jostedalsbreen nasjonalpark

Hei.

Vedlagt merknad besøksstrategi JNP, frå Skålastilaget.

Mvh.
Ole Runar Aabrekk

Utmarksressurs AS
Tlf.: 90 58 89 82
Mail: post@utmarksressurs.no

www.utmarksressurs.no

www.turskilt.no

Oldedalen 31 august 2021

Merknad og innspel til besøksstrategi Jostedalsbreen nasjonalpark.

Underteikna finn det svært underleg at fjellet Kattanakken ikkje er nemd i strategidokumentet.

Briksdal / Briksdalsbreen er det klart mest besøkte område innmot og i nasjonalparken. Her finn ein og Kattanakken som får stadig meir besøk. Det var på dette fjellet dei første som kryssa Jostedalsbreen kom ned og fjellet har vore ferdsleveg på turar til og frå Sogn gjennom mange generasjonar.

Denne sommeren er tidenes sommer for toppturar, og Kattanakken er det klart mest besøkte fjell i vårt dalføre. Etter masiv omtale på topptur sider i sosiale media vil nok besøkstala her auke framover.

Lokalt har vi i mange år etterlyst enkel sikring på nokre krevjande parti og rydding / opprusting av råsa opp.

Der er sørgeleg å no sjå at nokre stader er der no kome opptil 3 – 4 ræser der som før var ei rås. Andre stader er det som skulle vore ein knapp halv meter brei rås, blitt blitt slitasje i 2 meters breidde. Dette har sist år blitt betydeleg verre.

Eg er trygg på at vi alle har same mål; å ta vare på og verne om dette ikoniske fjellet.

Det er feil strategi for vern å tru at utan tiltak vil besøkstal og slitasje bli redusert. Sjølv utan tiltak vil besøkstal og slitasje auke.

Rett strategi for vern er å ha ei rås, med kontroll på vatnet, og av ein kvalitet som gjer at alle som går nyttar den.

Det som verkeleg haster å ta tak i er frå siste del opp mot Sauskorholten og opp på første nakken. Dette er å sjå på som eit strakstiltak som absolutt skulle vore gjort før sesongen 2022.

Håpar dette vert teke tak i umiddelbart.

Med helsing Rune Myklebust

Fra: Rune Myklebust[rummykleb@online.no]

Sendt: 31.08.2021 22:16:17

Til: Postmottak SFVL

Tittel: Merknad besøksstrategi Jostedalsbreen nasjonalpark

Fjærland Næringsamskipnad

6848 Fjærland

Jostedalsbreen Nasjonalparkstyre

Njøsavegen 2

6863 Leikanger

Sfvlpost@statsforvalteren.no

INNSPEL BESØKSTRATEGI JOSTEDALSBREEN NASJONALPARK

Norsk Bremuseum i Fjærland 31.08.21

1. Sertifisering av dei som driv natur- og opplevingsbasert verksemd i nasjonalparken.

Vi har eit forslag om at besøkssentera står for kursing av t.d. dei som guidar i verneområdet. Dette for å sikre tilstrekkeleg kunnskap om verneverdiar og vidareformidling til besøkande. Eit tiltak for auka medvete om verneverdiane for dei som jobbar i og rundt nasjonalparken.

2. Side 45 under «Strategiske grep»:

«Jostedalsbreen nasjonalpark skal vere eit berekraftig reisemål. Tilretteleggingstiltak som reduserer klimaavtrykket frå dei besøkande skal prioriterast. Det bør satsast på aktivitetsturisme og enkelt friluftsliv som held turistane i området i lengre tid, framfor besøkande som berre er innom området som snarast og legg att lite hjå lokale næringsaktørar.»

Er dette meint som ein beskjed til reiselivet, om ikkje å satse på gruppereiser? Og korleis vil dette kommuniserast til turoperatørar som primært har reisande i buss, cruise, langdistandeflyturar, eller til dei verksemdene som har denne typen turistar og som skapar mange arbeidsplassar? Det er nettopp desse turistane mykje av reiselivet i området er tufta på.

Noreg satsar hardt på elbil. Skal besøkssstrategien bidra til satsing på lading i nærleiken av høgt besøkte utkikspunkt/innfallsportar?

3. Tiltak informasjonspunkt Supphellebreen

Vi føresler å lage bru frå parkeringa og over mot eksisterande sti mot Veitastrond (bort til brua Nasjonalparkstyret for nokre år sidan løyvde pengar til). Då slepp ein ferdsel frå gjestane gjennom området frå heimastølen og vidare gjennom utmarksbeite.

4. Digital informasjon i planen?

Bør det ikkje vera plan for digital informasjon i tillegg til skiltinga? Digital informasjon er meir miljøvennleg og meir effektiv å oppdatere. Informasjon på faste skilt, bør ikkje vere informasjon som må oppdaterast ofte.

Fra: Bjarte Haugen[bjarte.haugen@gmail.com]
Sendt: 31.08.2021 22:16:20
Til: Postmottak SFVL
Kopi: Anne
Tittel: Merknad besøksstrategi Jostedalsbreen nasjonalpark

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre
E-post: sfvjpost@statsforvalteren.no.

Merknad besøksstrategi Jostedalsbreen nasjonalpark.

Oldedalen er ei turistbygd med lange tradisjonar. Briksdalen med Briksdalsbreen er den mest kjende destinasjonen, med eit årleg besøkstal på om lag 300 000. Dei seinare åra har vi registrert at stadig fleire ønskjer å gå kortare og lengre fjellturar fleire stader i dalen. Det gjeld både tilreisande turistar og fastbuande. Utviklingslaget har lagt ned mykje arbeid med rydding og merking av stiane til alle setrane i dalen. Til dette arbeidet har vi motteke offentleg økonomisk støtte. Vi ser det som svært viktig med god tilrettelegging, slik at flest mogleg får oppleve den unike naturen i dalen. Det er også eit viktig bidrag til folkehelsearbeidet.

Bygdefolket i dalen har i over 100 år lagt til rette for turistane, turismen er ei viktig næring som gjer at Oldedalen framstår som ei levande og velstelt bygd. For oss som bur her er det viktig at vi forvalter naturen på ein måte som gjer at også komande generasjonar får glede og nytte av den.

Dette er samanfallande med formålet til besøksstrategien, slik det står:

Nasjonalparkforvaltninga si primær oppgåve er å forvalte nasjonalparken for å ivareta naturverdiane på lang sikt. Samstundes skal besøksforvaltninga leggje til rette for og styre bruken av verneområdet, slik at opplevinga for dei besøkande og den lokale verdiskapinga vert størst mogeleg, forståinga for vernet vert auka og verneverdiane vert tekne vare på.

Vi vil likevel kome med nokre merknader til høyringsutkastet som gjeld vårt område:

5.1.3: Innfallsport Startpunkt.

I Oldedalen er 3 innfallsporter til nasjonalparken omtala: 13. Kvame-Flatsteinbu, 14. Åbrekk-Brenndalen, 15. Melkevoll-Oldeskaret.

Vi er samd i at desse 3 innfallsportane er viktige og treng tilrettelegging/vedlikehald og informasjonsskilt. Vi stiller oss likevel undrande til at det ikkje skal vere «ope» bakover mot Brenndalsbreen. Det er mange som ønskjer ein «stille» tur, og med god informasjon om kvar ein kan gå, kan det, etter vårt syn ikkje stride mot verneføreskrifta. Alternativet blir at folk går «over alt» i området.

Det vi likevel er mest overraska over, er at stien til Kattanakken ikkje er omtala. Dette er det mest besøkte fjellet i Oldedalen. Dei siste åra har det kanskje vore like mange besøk her, som dei andre innfallsportane har til saman. Sosiale medier har gjort at denne unike turen no er oppdaga. Fb-gruppa «Fjell-og Toppturer på Vestlandet» har per i dag 19 482 medlemmer. Fleire av dei har vore på Kattanakken, og gjeve rosande omtale. Eks: «En av de flotteste turene jeg har gått». «Fantastisk tur. En av de flotteste turene jeg har gått og jeg tenker på den som den flotteste.» Kattanakken er den beste turen. Gått den 2 ganger, vil tilbake. At den ikke er mer kjent er for meg en gåte» «Tok turen og Briksdalen for å gå Kattanakken. Dette er en tur som har alt...»

Talet på turgårarar til Kattanakken vert ikkje redusert sjølv om turen ikkje er omtala i besøksstrategien. Turen er alt kjend, og bilder og god omtale i sosiale medier gjer at endå fleire i framtida vil ta turen. Vi meiner at det er viktig med god skilting/informasjon og utbetring/sikring av stien på nokre stader. Vi er ikkje kjend med at det har vore uhell i sommar, kanskje fordi veret har vore uvanleg fint, men nokre stader blir det fort sleipt, og dermed vanskeleg å gå, særleg nedover. Det er derfor behov for utbetringar. Vi er også kjend med at folk har gått feil, grunna dårleg merking.

Møteprotokollen for Jostedalsbreen nasjonalpark syner at sekretariatet/styret har hatt fokus på Kattanakkstien. Styresak 29/20: Bestillingsdialog og driftsplan 2021: «Styret ber om at sekretariatet førebur eiga styresak om Kattanakkstien.» I utvalssak 4/21, møtedato 15.01.21 la administrasjonen fram forslag om å nytte inntil kr 50 000,- til skilting og vidare planlegging og evt sikringstiltak på Kattanakkstien. Styret vedtok dette samrøystes.

Kattanakkstien må takast med i Besøksstrategien!

Oldedalen utviklingslag ønskjer å vere i dialog med administrasjonen og styret i arbeidet vidare. God dialog med lokalbefolkninga er viktig for å finne løysingar som gagnar både fastbuande og tilreisande.

Oldedalen utviklingslag

Jon Olav Kvamme

-leiar-

Fra: Jon Olav Kvamme[jokvamme@gmail.com] Sendt: 01.09.2021 07:36:50 Til: Postmottak SFVL Tittel: Merknad
Besøksstrategi Jostedalsbreen nasjonalpark

Hei

Sender med dette uttale frå Oldedalen utviklingslag.

Mvh Jon Olav Kvamme

Til Jostedalsbreen Nasjonalparkstyre

Stryn, 1. september 2021

Merknadar til besøksstrategi Jostedalsbreen Nasjonalpark

Det er flott at styret ynskjer å sjå på tilrettelegging for naturopplevingar i Nasjonalparken. Som friluftsansjasjon i DNT er vi opptatt av at folk skal ha tilgang til den flotte naturen vår i Sogn og Fjordane. Tilgang på ein måte som ikkje gjer skade på mangfaldet -men også tilgang til rutenett som er tilrettelagt på ein god og sikker måte. Ved tilrettelegging av rutenettet vil folk i stort monn fylgje dei merka rutene i Nasjonalparken. Innfallsportane til Nasjonalparken er også avhengig av gode parkeringstilhøve tilrettelagt i samarbeid med grunneigarar. Vi ser i dag at interessene frå kommersielle aktørar og frivillege dugnadsprega aktivitetar stadig vert sett på prøve. Utanfor Nasjonalparkgrensene er inngrepa i naturen i ferd med å få preg av at her skal vi tene pengar. Forstår den ,men nasjonalparkane har eit litt anna ansvar. Eit sterkt nasjonalparkstyre som set grenser for inngrep i naturen og tilrettelegg og informerer på ein god måte om særprega og mangfaldet er gull verdt.

Indre Nordfjord Turlag set pris på at vi fekk invitasjon til å vere med på synfaringane i Erdalen, Sunndalen og Bødalen. Vi lytta for det meste, og det var nyttig å få med seg innspela frå grunneigarane i dei ulike områda. I våre innspel til innfallsportane- både kjende og ukjende- tar vi også med oss Oldedalen.

INT har tatt utgangspunkt i turbeskrivelsar i boka Opptur Sogn og Fjordane – av Anne Rudsengen og Finn Loftesnes. Mange av desse turane er innfallsportar til Jostedalsbreen Nasjonalpark. Det ligg i namnet – turar inn i (til) breområde Jostedalsbreen. Det har blitt vanskelegare og vanskelegare å nå brearmane – og tidlegare oppmerka stiar må forlengast til dagens brekantar.

1. Innfallsporten til Nasjonalparken i Erdalen

Innfallsporten i Erdalen/Vetledalen er tilrettelagt med bomveg frå Greidung til god parkering på Loppesetet. At vegen går igjennom gardstunet på inste garden Greidung kan nok vere sjenerande for folket der, men så langt har det gått bra. Frå Loppesetet til Erdalssetra(Storesetra) er det blitt veldig bra sti etter oppgradering. Vidare mot Vetledalssetra trengst det litt rydding enkelte plassar. Gjerne eit infoskilt ved Reset og steingarden der, rydding av skog rundt murane. Forstod det slik at det var ynskje frå grunneigarar om eit skilt mot «utedoen» på Storesetra/nytt skilt som viser stien til Vetledalen. Når ein kjem til Vetledalssetra trengst det skilting mot Vetledalsbreen og mot Erdalsvatnet med Infimus. Også her skilt til «utedoen». INT har merka ruta til Vetledalsbreen og Erdalsbreen i mange år, enkelte plassar bør ein opp med klopper/sikringstiltak. Klopp/trebru

over elva mot Infimus/Erdalsbreen. Rydding av småskog som veks opp. Sikring opp **Ulvestegen**, her kan vere glatt og ei ulykke kan fort skje. Til no- heldigvis – berre småskadar som skrubbsår. Også eit parti ved ein av fossane opp mot Vetledalsbreen trengst det litt meir sikring enn i dag. Hytta Infimus inst ved Erdalsvatnet er eit kulturminne i seg sjølv. Dei gamle NVE – hyttene har ei historie som er ein bør ta vare på og informere om. Indre Nordfjord Turlag ynskjer at desse rutene skal verte meir tilgjengelege med litt sikring/skilting/oppgradering. Arbeidet kan nok INT ta på seg– men inngrepa må vere avtalt med Nasjonalparkstyret. Oppgangen til Vetledalsbreen og rute over Austdalsbreen både til Slæum og Jostedalen er tradisjonsrike turar og også ferdselsveg med kveg i gamal tid. Dette var riket til patentførarane Rasmus Greidung og i nyar tid sonen Thor Greidung. Turlaget ynskjer også å få lov til å merke ei ny rute til toppen av Strynekåpa. Enten som rundtur opp frå Vetledalen mot Vetledalsbreen – mot Strynekåpa og nedatt mot Infimus og Erdalsvatnet eller berre opp frå Infimus tur/retur. Ein flott tur med flott utsikt nedover dalen mot Oppstrynsvatnet og Flo.

2. Innfallsporten til Nasjonalparken i Sunndalen

Ved innfallsporten til Nasjonalparken i Sunndalen trengst det skilt ned med Riksveg 15. Vi har mange episodar der folk ikkje finn kvar dei skal ta av. Bomvegen opp til inste garden i Sunndalen er i god stand, vedlikeholdt av grunneigarane. Informasjonsskilt ved parkering er god, så greitt å forholde seg til. Ettersom det i 2015 vart opna Historisk Vandrerute over Kamperhamrane i rutenettet til DNT burde denne innfallsporten vore mykje meir nytta. No er det også oppgradert sti over Aasen (kuråsa). Skiltinga frå 2015 bør vel endrast litt i krysset mellom stiane – Begge stiane er ca 3,1 km (målt av oss tidlegare i sommar) Same eit skilt med begge retningar ved retur frå Sunndalssetra. Det gjenstår også litt merking når ein nærmar seg toppen av Kamperhamrane mot Håkon Adelstensvarden og litt vidare mot Yste Leirvatnet. Her låg det snø ved merking i 2015. Mykje historie her og som ein kan bygge på og informere om, t.d. om Pine-Guri steinen og vegdrifta over Kamperhamrane. Ved skilta bak setra hadde det vore greitt om ein fekk merka og rydda sti mot Sygneskarvatnet – Ei perle som ikkje er så mykje omtala, men som er overkommeleg for mange familiar. Indre Nordfjord Turlag er i dialog med ein grunneigar om muleg leigeavtale om (sjølvbetjeningshytte) på setra. Vert dette aktuelt må vi ha dialog med Nasjonalparkstyret og deira syn på ein slik avtale.

3. Infallsporten til Nasjonalparken i Bødalen

Innfallsporten til Nasjonalparken går gjennom sterkt trafikkert veg opp gjennom dalen til krysset vi tar av til Bødalsetra. Vel oppe ved enden av vegen er det opparbeidd god parkeringsplass, og ein er straks inne i Nasjonalparken derifrå. Vestlandsdronninga Lodalskåpa er eit ynda mål, både privat/gjennom turlag og med guida turar av kommersielle aktørar. Dette medfører stor slitasje på stien mot kåpa. Turlaget har lenge før Nasjonalparken vart etablert merka stien mot kåpa, her må nok gjerast eit nytt arbeid, men no etter merkehandboka sine reglar. I si tid vart denne ruta merka med INT – symbol. Spesielt frå foten av Fessene og opp denne bør det gjerast noko før stien vert totalt øydelagt. Ser også at det etter kvart vert behov å gjere noko ved «snørenna» opp frå Bhorsbreen – her er snart snøfritt. Masse lausgrus og stein. Det er muleg å endre stien litt mot høgge og Ståleskaret for å få ein sikker sti opp. Må sjåast på.

Av andre ruter her ynskjer INT å merke opp att ruta mot Tindefjellsbreen, dog ikkje heilt ned til stien som går inn til Bødalsetra. Stien opp her er delvis igjen grodd av småbjørk/skrednedfall. Opp mot breen passerer ein også ein «morenerygg» som treng ligg oppgradering. Det er ein flott

tur å gå over breen frå Skålabu og ned mot Bødalssetra. Vi ynskjer også at det vert sett på ei ny oppmerka rute frå Bødalssetra og opp mot Bødalsfjellet og over til Kjenndalen og Tjuvskåra. Ein fantastisk tur med utsikt ned mot Loen/mot Lodalskåpa/Bødalsbreen/Ramnefjell/Kjenndalsbreen m.m. Ein god del arbeid på begge sider - opp frå Bødalssetra og rydding av stien ned Tjuvskåra mot Kjenndalen. Her kan ein enten rydde stien ned mot brua lengst inn i Kjenndalen eller ta opp att stien som i si tid gjekk frå den gamle Kjenndalsstova.

Frå Kjenndalen er det nok ein tur mot Jostedalsbreen som er interresant å gjere noko med att. Turen frå Nesdalen – opp til Ruteflotsetra og vidare mot Nordfjordvarden er spektakulær, krevande gjennom ein flott dalbotn. Nesdalen har ei utruleg historie både frå Lodalsulykka i 1905 og 1936 i og med at den ligg rett under Ramnefjellet. Det er best å kome til Nesdalen i båt frå Kjenndalstova. Fint å overnatte i Nesdalen på vedlikeholdt gardar, også høve til å overnatte i eit av husa der om ein vil. Får vi det til, vert det inngått avtale med huseigar. Nesdalen er verkeleg ein idyll som må opplevast. Det er muleg å restaurerer brua ved «vraket» over til Nesdalen, men det er i så fall eit grunneigarspørsmål om dei vil eller ikkje. Vil nok medføre mykje meir folk inn i Nesdalen.

4. Innfallsporten til Nasjonalparken – Oldedalen

Også i Oldedalen er det ikkje langt til Nasjonalparken ved Briksdalen og Kattanakken. Her er også ein fin overgang over breen mot Tungestølen i Luster. Eit par parti på stien vi får tilbagemeldingar på ved eit stiskille ved eit svaberg. Går ein sti til høgre som er feil – og ein over svaberg og vidare oppover som er rett veg. Etter kvart er stien til høgre blitt tiltrakka så mykje at folk tar feil. Her må ein gjere noko. Også ynskje om betre sikring ulike stadar mot toppen. Inngangen for ein bretur her er veldig bra.

Vi har også inngang mot Nasjonalparken ved å ta turen opp til Flatsteinbu frå Kvamme. Flatsteinbu ligg innanfor Nasjonalparken sine grenser og er eit flott utgangspunkt til brevandring både ski og fottur mot t.d. Gjerdeaksla/Nordfjordvarden/Kvitekoll. Muleg ein også kan lage ei rute over breen mellom Rutefloten og Flatsteinbu. Kan verte aktuelt. Stien opp frå Kvamme er merka og godt synleg heilt til Flatsteinbu.

Av andre innfallsportar til Nasjonalparken frå Stryn Kommune si side som vi nyttar oss av er:

- a) Hogrenningsdalen mot Skåla
- b) Avleinsfjellet/event. via Murinibba mot Meleinsnibba
- c) Mot Storlogspiken/Cecilekruna frå Innvikdalen (Prestestøylen)
- d) Over Oldeskaret mot Høyset i Stardalen

Håpar vi saman kan realisere (om ikkje alle) innspela Indre Nordfjord Turlag har til besøksstrategien Nasjonalparkstyret legg opp til for Jostedalsbreen Nasjonalpark. Hadde vore kjempekjekt med eit nært og fruktbart samarbeid framover.

Mvh

Olav Auflem

-leiar Indre Nordfjord Turlag-

Fra: olav.auflem@enivest.net[olav.auflem@enivest.net]
Sendt: 01.09.2021 08:57:24
Til: Postmottak SFVL
Tittel: Fwd: Besøksstrategi

----- Opphavleg melding -----

Emne:Besøksstrategi
Dato:01.09.2021 08:52
Frå:olav.auflem@enivest.net
Til:sfvlpost@statsforvaltaren.no
Kopi til:hanne.bruaas@dnt.no

Hei!

Vedlagt følger innspel/merknadar til Besøksstrategi Jostedalsbreen Nasjonalpark

mvh

Olav Auflem

- leiar Indre Nordfjord Turlag -



Jostedalsbreen nasjonalparkstyre
v/Marthe Gjerde

01.09.2021
Dykkar ref. 2021/9234-0 432.3
Arkivsak: 21/2002-3
Løpenr.: 21/18508
Sakshandsamar:
Aina-Elise Stokkenes

Søknad om utsett frist for høyringsinnspel til besøksstrategi for Jostedalsbreen nasjonalpark

Luster kommune søker med dette om utsett frist for innsending av høyringsinnspel på besøksstrategien for Jostedalsbreen nasjonalpark. Høyringsinnspelet skal behandlast av formannskap- og næringsutvalet i møte 15 september, og dersom politkarane ynskjer det så vil kommunen behandle saka i kommunestyret 23 september. Luster kommune søker difor utsetjing til 1 oktober.

Med helsing

Aina-Elise Stokkenes
rådgjevar
tlf.: 57 68 55 84

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ikkje underskrift

Fra: Luster kommune[postmottak@luster.kommune.no]

Sendt: 01.09.2021 10:38:46

Til: Postmottak SFVL

Tittel: Søknad om utsett frist for høyringsinnspel til besøksstrategi for Jostedalsbreen nasjonalpark

Me oversender vedlagde dokument.

Med venleg helsing

Aina-Elise Stokkenes

Landbruk og naturforvaltning

VÅR REFERANSE:

Saksnr: 21/2002-3

Sakshandsamar: Aina-Elise Stokkenes

Fra: Siri Wølneberg Bøthun[siri@sbnatur.no]
Sendt: 01.09.2021 14:38:04
Til: Hauge, Tor Arne
Tittel: ang. høyring av besøksstrategi for Jostedalsbreen np

Hei

Syner til høyringsbrev for besøksstrategi for Jostedalsbreen nasjonalpark, ref. 2021/9234-1 432.3, og hyggeleg samtale på telefon i dag.

Eg bed om 2 veker utsett frist, på vegen av Villreinnemnda for Sogn og Fjordane.

Beste helsing
Siri Wølneberg Bøthun
Sekretær
Villreinnemnda for Sogn og Fjordane

Sogn Naturforvalting AS

Fresvikvegen 995
6896 Fresvik
post@sbnatur.no
tlf. 97514784

Fra: Torbjørn Hasund[Torbjorn.Hasund@vegvesen.no]

Sendt: 27.08.2021 09:44:14

Til: Hauge, Tor Arne

Tittel: Offentleg ettersyn av besøksstrategi for Jostedalsbreen nasjonalpark. Førespurnad om utsett frist.

Hei. Eg viser til telefonsamtale førre torsdag om besøksstrategien. Du nemnte då moglegheit for utsett frist. Vi ber med dette om det. Du kan setje fristen i samsvar med andre som har fått utsett frist.

Med helsing

Torbjørn Hasund

Statens vegvesen, Transport og samfunn

Transport vest, Transportforvaltning vest 1

Kontoradresse: Askedalen 4, Leikanger

Mobil: +47 93004685 **epost:** torbjorn.hasund@vegvesen.no

www.vegvesen.no epost: firmapost@vegvesen.no



**Jostedalsbreen
nasjonalparkstyre**

Postadresse

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse

Rådhuset i Luster
Statens hjørne
6868 Gaupne

Kontakt

Sentralbord: +47 57 64 30 00
Direkte: +47 5764 3133

fmv/post@fylkesmannen.no
www.nasjonalparkstyre.no/Jostedalsbreen

Luster kommune

Sakshandsamar Tor Arne Hauge

Vår ref. 2021/9234-0 432.3

Dykkar ref.

Dato 01.09.2021

Utsett frist for høyringsinnspel - Jostedalsbreen nasjonalpark - høyring besøksstrategi

Viser til dykkar brev av 01.09.2021 der Luster kommune ber om utsett høyringsfrist.

Vi stadfestar med dette at Luster kommune får utsett høyringsfrist til 30.09.2021.

Med helsing

Tor Arne Hauge
nasjonalparkforvaltar

Dokumentet er elektronisk godkjent





**Jostedalsbreen
nasjonalparkstyre**

Postadresse

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse

Rådhuset i Luster
Statens hjørne
6868 Gaupne

Kontakt

Sentralbord: +47 57 64 30 00
Direkte: +47 5764 3133

fmv/post@fylkesmannen.no
www.nasjonalparkstyre.no/Jostedalsbreen

Villreinnemnda for Sogn og Fjordane

Sakshandsamar Tor Arne Hauge

Vår ref. 2021/9234-0 432.3

Dykkar ref.

Dato 01.09.2021

Utsett frist - høyring av besøksstrategi for Jostedalsbreen np

Viser til dykkar epost av 001.09.2021 der Sunnfjord kommune ber om utsett høyringsfrist.

Vi stadfestar med dette at Villreinnemnda for Sogn og Fjordane får utsett høyringsfrist til 30.09.2021.

Med helsing

Tor Arne Hauge
nasjonalparkforvaltar

Dokumentet er elektronisk godkjent



**Jostedalsbreen
nasjonalparkstyre**

Postadresse

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse

Rådhuset i Luster
Statens hjørne
6868 Gaupne

Kontakt

Sentralbord: +47 57 64 30 00
Direkte: +47 5764 3133

fmv/post@fylkesmannen.no
www.nasjonalparkstyre.no/Jostedalsbreen

Statens Vegvesen

Sakshandsamar Tor Arne Hauge

Vår ref. 2021/9234-0 432.3

Dykkar ref.

Dato 01.09.2021

Utsett frist - Offentleg ettersyn av besøksstrategi for Jostedalsbreen nasjonalpark.

Viser til dykkar epost av 27.08.2021 der Sunnfjord kommune ber om utsett høringsfrist.

Vi stadfestar med dette at Statens vegvesen får utsett høringsfrist til 30.09.2021.

Med helsing

Tor Arne Hauge
nasjonalparkforvaltar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Fra: Knagenhjelm, Maria[fmsfmck@statsforvalteren.no]

Sendt: 01.09.2021 15:24:59

Til: Gjerde, Marthe

Tittel: VS: Uttalelse på høring av besøksstrategi for Jostedalsbreen nasjonalpark - høringsfrist 01.09.2021. NVEs referanse: 202111339-2

Frå: nve@nve.no <nve@nve.no>

Send: onsdag 1. september 2021 15:21

Til: Knagenhjelm, Maria <fmsfmck@statsforvalteren.no>

Emne: Uttalelse på høring av besøksstrategi for Jostedalsbreen nasjonalpark - høringsfrist 01.09.2021. NVEs referanse: 202111339-2

Til Sekretariat for Jostedalsbreen nasjonalparkstyre

Vedlagt følger dokument **202111339-2 Uttalelse på høring av besøksstrategi for Jostedalsbreen nasjonalpark - høringsfrist 01.09.2021** fra **NVE - Norges vassdrags- og energidirektorat**.

Sekretariat for Jostedalsbreen nasjonalparkstyre

Vår dato: 01.09.2021

Vår ref.: 202111339-2

Arkiv: 323

Deres dato: 24.06.2021

Deres ref.:

Saksbehandler:

Hedvig Kristoffersen

Uttalelse på høring av besøksstrategi for Jostedalsbreen nasjonalpark - høringsfrist 01.09.2021

Vi viser til melding om høring av besøksstrategi for Jostedalsbreen nasjonalpark.

NVE har sett gjennom meldingen for besøksstrategi med tanke på energi- og vassdragsinteresser for eksisterende og planlagte energi- og nettanlegg, vannkraftverk, hydrologiske målestasjoner m.m.

Områdekonsesjonærer i området er Brenett AS, Breheim Nett AS (tidligere Luster Nett AS), Sygnir AS (tidligere Sognekraft Nett AS), BKK Nett AS og Linja AS (tidligere SFE Nett AS). Vi ber statsforvalteren å høre med områdekonsesjonærene og Statnett om de har noen innspill til besøksstrategien.

Det er ulike energi- og vassdragsinteresser i Jostedalsbreen nasjonalpark. Både hydrologiske tidsserier ved Austdalsbreen og en kraftverkstunnel tilhørende Kjøsnesfjorden kraftverk, eid av BKK, som ligger under terrenget.

Forskrift om vern av Jostedalsbreen nasjonalpark, Luster, Sogndal, Balestrand, Førde, Jølster, Glommen og Stryn kommuner, Sogn og Fjordane inkluderer bestemmelser som forteller blant annet at vern ikke skal være til hinder for vedlikehold av eksisterende veier, luftledninger, vanningsanlegg og andre innretninger som er nødvendig for drift av setrer, turlagshytter m.m. Det står også at forvaltningsstyremakten, eller den som får fullmakt til det kan grunnet særlige grunner kan gi lov til å bygge, ombygge, utvide eller endre bygninger m.m. Vi tolker det som at gjeldende verneforskrift for Jostedalsbreen nasjonalpark har de nødvendige standardbestemmelsene for å drifte, vedlikeholde og oppgradere kraftverkstunnelen og de hydrologiske tidsseriene i området. NVE oppfordrer til å ta kontakt med Kjøsnesfjorden kraftverk og høre om de eventuelt har noen innspill.

NVE har ingen ytterligere merknader når det kommer til besøksstrategi for Jostedalsbreen nasjonalpark.

[Lenke til området i NVE Atlas.](#)

Hovedkontor

Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge

Abels gate 9
7030 TRONDHEIM

Region Nord

Kongens gate 52-54
Capitolgården
8514 NARVIK

Region Sør

Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest

Naustdalsvegen. 1B
6800 FØRDE

Region Øst

Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR



Med hilsen

Ann Myhrer Østenby
seksjonssjef

Hedvig Kristoffersen
førstesekretær

Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner.

BKK AS
BKK NETT AS
BKK PRODUKSJON AS
Breheim Nett AS
BRENETT AS
LINJA AS
Olje- og energidepartementet
STATNETT SF
SYGNIR AS



Jostedalsbreen nasjonalparkstyre

Saksbehandlar, innvalstelefon

Tom Dybwad, 5764 3123

Innspel til høyring av besøksstrategi for Jostedalsbreen nasjonalpark

Vi viser til brev av 17.06.2021 om høyring av besøksstrategi for Jostedalsbreen nasjonalpark.

Høyringsutkastet for Jostedalsbreen nasjonalpark verkar etter vårt syn å vere svært godt gjennomarbeidd. Nasjonalparken er spesiell ved at den har uvanleg stort besøk i enkelte område, særleg brearmar, medan breplatået har lite besøk. Mange stader er det store utfordringar med tryggleiken. I nasjonalparken er det store naturverneverdiar som er sårbare for slitasje og ferdsel, og besøksstrategien vil vere viktig for å ta vare på desse. Det er naudsynt med eit særleg fokus på landskapsformene som er bygd opp av lausmassar, då eit brelandskap er eit landskapet heile tida i endring. Med det endrar også flora og fauna i området seg heile tida, noko som vert forsterka av endringane i klima. Nyetablert vegetasjon ettersom breen trekkjer seg tilbake, er som det vert påpeikt, særleg sårbar for trakk og slitasje.

Det er ei stor styrke for forvaltninga og formidlinga av verneverdiane å ha tre etablerte nasjonalparksentra, og samarbeid med dei om informasjon er viktig. Framveksten av sosiale media har gjeve nye utfordringar ved at eit eller fleire spesielle område kan få ekstra stor merksemd over natta, for så i neste omgang få ein stor auke i besøk. Endringar i besøksmønster kan gjere det naudsynt å følgje opp med endringar i informasjon, og om naudsynt, gjere tiltak i felt.

Besøksstrategien skisserer ein plan for tilrettelegging og styring av ferdsel, kunnskapsformidling og informasjon til dei besøkande. Det er viktig å ha for seg at ein besøksstrategi ikkje berre omhandlar turistar, dvs. besøkande som kjem frå langt vekk, sjølv om brukarundersøkingane har klart flest svar frå utlendingar/tilreisande og få svar frå lokalt busette. Pandemien vi har hatt sidan mars 2020 har endra reiselivet for kanskje mange år framover. Kring Jostedalsbreen nasjonalpark bur mange menneske som oppsøker nasjonalparken og randområda heile året. Interesse for å vere ute i naturen og drive friluftsliv har auka også i Sogn og Fjordane, og det er ein trend at yngre folk flyttar til område som er særleg attraktive for friluftsliv dersom ein har arbeid. Besøksstrategien bør etter vårt syn ha noko større fokus på å nå fram til lokalt busette enn det høyringsutkastet har.

Skiljet mellom informasjonspunkt, startpunkt og utkikkspunkt er eit godt bidrag for å få til målretta informasjon i felt. I dei fleste nasjonalparkane er det naturleg å kople startpunkt til det etablerte sti-



nettet. I ein nasjonalpark som Jostedalssbreen, der ein i liten grad har eit sti-nett gjennom nasjonalparkområdet, kan dette vere ein for snever innfallsvinkel. Det sentrale området i nasjonalparken er bre, og langt dei fleste stiane er oppgang/stiar inn mot breplatået. Det kan difor etter vårt syn vere aktuelt å vurdere nokre fleire startpunkt (eventuelt informasjonspunkt), som til dømes Fossheim i Myklebustdalen (Gloppen), Anestølen i Sogndal og Haugen i Krundalen (Luster). Det er viktig med eit nært samarbeid med grunneigarane og kommunane om oppsetting av informasjon ute.

Høyringsutkastet for besøksstrategien for Jostedalssbreen nasjonalpark er grundig og ryddig, og vil vere eit viktig og godt dokument for framtidig forvaltning av nasjonalparken.

Med helsing

Eline Orheim
seksjonsleiar

Tom Dybwad
prosjektmedarbeidar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Fra: Dybwad, Tom[fmsftd@statsforvalteren.no]

Sendt: 01.09.2021 14:44:33

Til: Hauge, Tor Arne

Kopi: Postmottak SFVL

Tittel: Innspel til høring av besøksstrategi for Jostedalsbreen nasjonalpark

Vedlagt følger brev som berre vert sendt som e-post.

Med venleg helsing

Tom Dybwad

prosjektmedarbeidar



Statsforvaltaren i Vestland

Telefon: 57 64 31 23

E-post: fmsftd@statsforvalteren.no

Web: www.statsforvaltaren.no/vl

Innspel til høring av besøksstrategi for Jostedalsbreen nasjonalpark: Innspel til høring av besøksstrategi for Jostedalsbreen nasjonalpark.PDF



Statsförvaltare i Vestland

Statsforvalteren i Vestland
Statens hus
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER
Norge

Vår saksbehandlar
Hanne Lisbeth Nybø

Vår dato
01.09.2021
Deres dato

Vår referanse
21/00637-1
Deres referanse

Høyringsinnspel - besøksstrategi Jostedalsbreen Nasjonalpark

Vestland Bondelag ynskjer å komme med eit generelt innspel til besøksstrategien for Jostedalsbreen Nasjonalpark. God informasjon ved innfallsportane til nasjonalparken er viktig. Utifrå brukarundersøkinga de refererer til, er det svært mange førstegongsbesøkande og ein stor del utanlandske besøkande. Ikkje alle har erfaring med å ferdast i naturen, og dette bør ein ta omsyn til i informasjonstavlene på innfallsportane. Parkering må òg leggast til rette der det er behov for det slik at parkerte bilar langs veg/på eigedom ikkje vert til hinder for grunneigar.

Fleire av dei populære turmåla i nasjonalparken er i område med beitedyr og landbruk. Her kan det oppstå konflikt knytt til turgåarar som ikkje føl bandtvang. Bandtvang er ikkje berre for å ta omsyn til beitedyr, men òg for å ta omsyn til fuglar og vilt i ein sårbar fase. Det bør komme fram tydeleg informasjon om bandtvang på alle innfallsportar i nasjonalparken. Slik kan ein unngå konflikt og gjere opplevinga betre for både fastbuande og besøkande.

Ei anna utfordring er knytt til sanitære forhold. I somme område ligg det att toalettpapir og anna avfall rett ved stien. Dette er både ubehageleg for dei som ferdast, og det kan vere smittefare i høve til beitande husdyr. Det forringar òg kvaliteten på området. Ein bør legge betre til rette med toalettfasilitetar der det er størst trafikk, samt informere meir om sporlaus ferdsel (t.d. dopose). Langs stien til Skåla har det midtvegs byrja å bli mykje toalettpapir og anna langs stien. Her bør det kome toalettfasilitet i tillegg til ved startpunktet. Der det vert tilrettelagt må toalettfasilitetane òg sjåast til. De nemner sti-fadder i høyringsutkastet, og ein sti-fadder kan òg ha ansvar for å gå over toalettfasilitetane.

Til sist vil vi nemne at det bør sjåast litt på forventingsstyring. Mange nyttar SoMe for å finne nye turmål, og mange er nok ute etter turen med «Insta-faktor». Dei er gjerne ikkje klar over kva krav turmålet stiller i forhold til fysisk form og klede/utstyr, samt at det kan vere mykje trengsel på populære turmål. Betre informasjon både på innfallsportar og i SoMe-kanalar kan vere ein god måte å sikre tryggare ferdsel og å spreie ferdsel til tider med mindre besøkande.

Venleg helsing

Elektronisk godkjent, uten underskrift

Anders Felde

Hanne Lisbeth Nybø

Bondelagets Servicekontor AS

Norges Bondelag

Postadresse: Hafstadvegen 21, 6800 FØRDE, Tlf: 57 83 70 80
Besøksadresse: , 5257 KOKSTAD
Bankkonto: 8101.05.12891, **Org.nr.:** 985063001 MVA
vestland@bondelaget.no, www.bondelaget.no/vestland

Bankkonto: 8101.05. 91392
Org.nr: 939678670



Fra: Hanne Lisbeth Nybø[Hanne.Lisbeth.Nybo@bondelaget.no]

Sendt: 01.09.2021 17:14:14

Til: Postmottak SFVL

Tittel: Merknad besøksstrategi Jostedalsbreen Nasjonalpark

Hei,

Vedlagt ligg høyringsinnspel frå Vestland Bondelag til besøksstrategi for Jostedalsbreen Nasjonalpark.

Ha ein fin dag!

Beste helsing

Hanne Lisbeth Nybø

Rådgjevar - vikar

Mobil 906 44 395

www.facebook.com/VestlandBondelag

www.bondelaget.no

[Meld deg inn i Norges Bondelag](#)



Fjærland Bygdalag

6848 Fjærland

bygdautvalet@gmail.com

Jostedalsbreen Nasjonalparkstyre

Njøsavegen 2

6863 Leikanger

Sfvlpost@statsforvalteren.no

Høyringsvar - besøksstrategi for Jostedalsbreen nasjonalpark

Fjærland Bygdalag er samd i framlegget om å kanalisere besøkstrafikken inn mot område som toler meir trafikk, som Bøyabreen, og dermed flytte press frå meir sårbare innfallsportar.

Det er viktig å betre avkøyringa frå rv5 til Bøyabreen, og syte for godt vedlikehalden veg og parkeringsplass(ar). I tidlegare møte med Bygdalaget har Sogndal kommune teke ansvaret for å regulerere området.

Vår erfaring frå 2019 og 2020 er at det er stor bruk av dei midlertidige toaletta på parkeringsplassen nedanfor Brævasshytta. Det er viktig at det vert bygd permanente toalett med tilstrekkeleg kapasitet og godt vedlikehald.

Vi ser også svært positivt på framlegget om tilrettelegging ved Supphellebreen for å hindre at folk går for nær breporten.

Vi reknar med at planlegging og gjennomføring av skisserte tiltak vil skje i tett dialog med grunneigarar og lokale næringsinteresser.

Fjærland, 31. august 2021

Fjærland Bygdalag

Laura Kvamme

leiar

- sign -

Fra: leiar bygdautvalet[bygdautvalet@gmail.com]
Sendt: 01.09.2021 19:24:22
Til: Postmottak SFVL
Tittel: VS: Merknad besøksstrategi Jostedalsbreen nasjonalpark

Sendt fra [E-post](#) for Windows

Fra: [leiar bygdautvalet](#)
Sendt: onsdag 1. september 2021 kl. 06:30
Til: sfvpost@statsforvalteren
Emne: VS: Merknad besøksstrategi Jostedalsbreen nasjonalpark

Sendt fra [E-post](#) for Windows

Fra: [Laura Kvamme](#)
Sendt: onsdag 1. september 2021 kl. 06:27
Til: [leiar bygdautvalet](#)
Emne: Høyrings svar

Høyringsinnspel – Besøksstrategi Jostedalsbreen nasjonalpark

Ynskjer med dette å kome med høyringsinnspel til Besøksstrategi for Jostedalsbreen nasjonalpark. Me ynskjer å fremje stien opp til Haugafjellstølen i Jostedalen som ein mogleg innfallsport til nasjonalparken, samt til Nigardsbreen naturreservat. Stien vert mykje nytta av både lokale og tilreisande i tillegg til beitedyr som held kulturlandskapet i hevd. Stien er ei viktig innfallsåre til nasjonalparken, og fører både til Haugavarden og vidare opp til Steinmannen, ein av dei viktigaste lokalitetane der ein kjem seg opp og inn på sjølve Jostedalsbrepataået.

Stien har vore mykje brukt dei seinare åra, og turistar vert ofte anbefalt turen hjå reiselivsbedriftene i området. Turstien vert også ofte nytta som ein av trimpostane i «Stølstrimmen», den lokale fjelltrimmen i Jostedalen. Det finst ein flott utbetra parkeringsplass mellom Gjerde og Krundalen ved stistart. Det er ikkje parkeringsavgift. Grunneigarane, ved Einar Blikra, søkte tidlegare og fekk tilslag på midlar hjå nasjonalparkstyret der ein fekk sett opp ein utedo på stølen under vilkår av at den mellom anna skulle stå open for ålmenta. Såleis er det allereie noko infrastruktur på staden til å handtere besøkande, og hindre forsøpling og avfall som elles er til sjenanse for både turgåarar og for beitedyr.

Fleire punkt langs stien har behov for utbetring, det er mellom anna mange stader høge oppsteg og utsette parti som gjer stien noko utriveleg å gå – særleg ved blaute høve. Spesielt bør det sikrast foffeste på glatte sva eit par plassar og nokre plassar der det er blaute parti. Det er også parti som burde vere klopplagde. I tillegg har det i sommaren 2021, ved ein relativt turr sommar, vore problem med lekkasje frå det vesle oppdemde vatnet på stølen. Ein av grunneigarane, Ove Baggetun, har arbeidd med ei mellombels løysing for å hindre ytterlegare lekkasje, men det er ynskjeleg med hjelp via midlar hjå nasjonalparkstyret til innkjøp av presenning og helikopterhiv av dette, i tillegg til plastring av demningen og tildekking av presenning for å skjule den så godt som mogleg. Dette er for å sikre drikkevatt til beitedyr samt hindre turke og attgroing på stølen.

Vonar at nasjonalparkstyret ser nytten i Haugafjellstølen som ein flott innfallsport til nasjonalparken, og utbetring av stien for både folk og beitedyr som held kulturlandskapet i hevd og sikrar flott utsyn til nasjonalparken og Jostedalen elles.

Mvh

Laila Gjerde og Einar Blikra, to av grunneigarane

Fra: Jostedal Hotel[post@jostedalhotel.no]
Sendt: 01.09.2021 19:35:14
Til: Postmottak SFVL
Tittel: Merknad besøksstrategi Jostedalsbreen nasjonalpark

Hei,

Sender med dette høringsfråsegn til Besøksstrategi for Jostedalsbreen nasjonalpark vedlagt.

--
Venleg helsing / Best regards
Laila Gjerde

Erlend Solhaug Myklebust
Oldedalsvegen 1959
6791 Oldedalen

Oldedalen 30. august 2021

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre
sfvlpost@statsforvalteren.no

Høyringsinnspel til Besøksstrategi for Jostedalsbreen nasjonalpark

Ein viser til framlegg til besøksstrategi for Jostedalsbreen Nasjonalpark som har vore utlagd på høyring sumaren 2021 og med høyringsfrist 1. september d.å.

Eg er odelsgut på ein gard Oldedalen som har eigardelar og bidreg i drifta av Oldedalen Skyss, samt har arbeidd som skysskar om summerane. Til vanleg studerer eg til å bli siviløkonom ved Norges Handelshøyskole i Bergen, men har planar om å flytte attende til Oldedalen etter at eg vert ferdig med studiane. Eg har stor interesse for gardsdrift, friluftsliv og ei framtidretta turisme, og vil svært gjerne bidra til å utvikle den lokale turistnæringa inn i framtida.

Bakgrunn: Turisme er ein av hovudnæringsvegane i områda rundt Jostedalsbreen nasjonalpark. Berre i Oldedalen, som kun har 80 fastbuande innbyggjarar, legg kring 350.000 turistar att rundt MNOK 150 i eit normalt driftsår. Det er brei semje om at ein må tilpasse og utvikle turistnæringa vidare, samstundes som ein skåner sårbar natur i randsona og respekterer føremålet med nasjonalparken.

Ei utfordring for turistnæringa i Oldedalen er at hovudattraksjonen Briksdalsbreen smeltar vekk, noko som gjer turistmålet sårbart for nye trendar i turistindustrien. Det vil vere svært negativt for lokalmiljøet om ein ikkje klarer å oppretthalde aktivitet og sunn økonomi i næringa, noko som i verste fall kan føre til tap av arbeidsplassar og forfall av bygg og anna infrastruktur.

Tilpassing av turistnæringa: Det er etter mitt syn svært viktig at ein kan få tilpasse, modernisere og utvikle turistmåla rundt eksisterande infrastruktur som vegar, parkeringsplassar, serveringsstadar og ikkje minst skysslag og guidar. Ein bør også påpeike kor viktig dette er for lokal sysselsetjing og som attåtning for til dømes gardbrukarar, samt bidreg med trygge sommarjobbar for lokal ungdom.

Målet treng ikkje vere å få fleire besøkjande til området, men å behalde den mengda ein har hatt, samstundes som en legg til rette for at turistane ikkje slit ned sårbar natur. Målet må vere å kunne vise publikum isbreane våre, også når dei trekker seg endå lengre attende, ved å «lose» turistar inn mot stadar som er mindre sårbare. Slike tiltak for styrt tilrettelegging er også nedfelt i Naturmangfaldslova §§ 9 og 10.

Eg meiner at det er viktig å kunne legge til rette for at turistane framleis skal kunne sjå breane våre og gjennom dette få ei forståing for dei endringane som har funne stad i naturen på kort tid. Det er også viktig at dei unge, som i større grad har respekt for å handsame naturen varleg, finn det attraktivt å oppleve naturen i området. Planen peikar klokeleg på at det må gjerast lettare for born og barnefamiliar å oppleve breane våre. Det vert også peika på kor viktig «insta-faktoren» er for å trekke til seg turistar.

Ein må også legge til at det er maktpåleggande viktig å gjere naturopplevingane meir tilgjengeleg for rørslehemma og eldre turistar. Desse gruppene får elles ikkje lengre sjå breane når brearmane smeltar vekk.

Tiltak for framtida: For å imøtekome trendar innan turismen, tilpasse seg brear som endrar seg og då vert mindre tilgjengelege, samt å ta vare på sårbar natur, bør besøksstrategien til Jostedalsbreen Nasjonalpark legge føringar for å tillate avgrensa byggtkniske tiltak i randsona utanfor nasjonalparken. Det er etter mi meining særleg viktig å knytte dette til eksisterande infrastruktur, som då kan få lengre levetid gjennom ein sunn økonomi, samt at ein unngår fleire inngrep i naturen ved å måtte bygge slik infrastruktur på nye stadar.

Eksempel på slike byggtkniske tiltak kan vere tilrettelagte «sherpa-trapper», stiar, naudhytter, toalettfasilitetar, universelt utforma utsiktsplatå med forklarande skilting og kanskje ein mindre taubane.

På side 8. i høyringsutkastet under kapittel 1.2; *Kort om rammeverk* visast det under overskrifta *Verneforskrift* til føremålet med nasjonalparken. I eitt av punkta som trekkast fram heiter det at vernet skal «*gje høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging*». Det er etter mi meining relevant å opne for tekniske tiltak rundt nasjonalparken som kan halde størstedelen av turistane utanfor nasjonalparken, samt at ein kanalisere dei som vil utøve tradisjonelt friluftsliv inne i nasjonalparken til område som er definert som lite sårbare.

Avgrensa tekniske tiltak ved eksisterande infrastruktur i randsona utanfor nasjonalparken vil også kunne vere avhjelpande for problemstillingane som er beskrivne i kapittel 2.5.1; *Tiltak for å styrke verneføremåla*, samt momenta som vert drøfta i kapittel 2.5.2; *Tiltak som kan betre tilhøva for reiselivet og dei besøkande*. Dette er særleg relevant med tanke på tryggleik og tilgjenge for alle menneskje.


Framlegg: Med denne bakgrunnen vil eg med dette føreslå at ein i planen tek inn følgjande formulering, alternativt formuleringar som beskriv same meining, i Besøksstrategi for Jostedalsbreen nasjonalpark:

Ein kan sjå positivt på einskilde tekniske tiltak i randsona utanfor nasjonalparken som rustar turistnæringa for framtida ved å gje tilgjenge for alle til å oppleve ein isbre i endring. Tiltaka må i sin heilskap føre til liten belastning på sårbar natur i og ved nasjonalparken, mellom anna ved å kanalisere turistane til mindre sårbare stadar. Det er ynskjeleg at tiltaka knytast til eksisterande infrastruktur for å sikre vidare drift og vedlikehald av desse, samt å unngå nye store byggetiltak.

Mange med meg ser fram til eit godt strategidokument vert vedteke.

Med venleg helsing

Erlend Solhaug Myklebust



Fra: Erlend Myklebust[erlend9622@gmail.com] Sendt: 01.09.2021 21:36:02 Til: Postmottak SFVL Tittel: Merknad besøksstrategi Jostedalsbreen nasjonalpark

Frå: Erlend Solhaug Myklebust

Til: Jostedalsbreen Nasjonalparkstyre v/Statsforvaltaren

Eg viser til høyring om innspel til besøksstrategi som går ut i dag 1. september, og tillèt meg å kome med eit innspel lagt ved denne mailen som pdf-dokument.

Med venleg helsing,

Erlend Solhaug Myklebust,

Oldedalsvegen 1959

6791 OLDEDALEN

Telefon: 950 01 408



Statens vegvesen



STIFTELSEN JOSTEDALSBREEN
NASJONALPARKSENTER
6799 OPPSTRYN

Behandlande eining:
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:
Torbjørn Hasund / 93004685

Vår referanse:
21/132234-2

Dykkar referanse:

Vår dato:
10.09.2021

Svar – høyring av besøksstrategi for Jostedalsbreen nasjonalpark

Vi viser til oversending datert 17.06.2021. Vi viser og til førespurnad om utsett frist.

Høyringa gjeld besøksstrategi for Jostedalsbreen nasjonalpark. Målet med besøksstrategien er å få til ein samla strategi for besøksforvaltninga rundt Jostedalsbreen nasjonalpark. Gjennom arbeidet skal ein sikre naturverdiane og kulturverdiane i verneområda, samstundes som ein tek vare på busetnaden nær verneområda, legge til rette for lokal verdiskaping og gode opplevingar for besøkande.

STATENS VEGVESEN SI ROLLE I PLANLEGGINGA

Statens vegvesen har ansvar for at føringar i Nasjonal transportplan (NTP), statlege planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar blir ivaretekne i planlegginga. Statens vegvesen sitt samfunnsoppdrag er å utvikle og leggje til rette for eit effektivt, tilgjengeleg, sikkert, og miljøvennleg transportsystem.

Vi uttalar oss som forvaltar av riksveg på vegne av staten, og som statleg fagmynde med sektoransvar innanfor vegtransport. Statens vegvesen sitt sektoransvar for vegnettet inneber eit overordna ansvar for at trafikksikkerheit, klima- og miljøomsyn, og heilskapleg bypolitikk blir ivareteke i alle planforslag som vedkjem samferdsel. Dette gir oss høve til å stille krav til både statlege, fylkeskommunale og kommunale vegar, gater og løysingar for gåande og syklende.

STATENS VEGVESEN SITT INNSPEL TIL PLANFORSLAGET

Generelt

Vi vil gje ros til nasjonalparkstyret for ein oversiktleg og lettlest besøksstrategi, og som vi trur vil fungere godt som forvaltningsverktøy. Den vil gje eit samla overblikk over innfallsportar til nasjonalparken og dei utfordringane som er og kan bli knytt til dei, og gjer det

Postadresse
Statens vegvesen
Transport og samfunn
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

lettare å sjå alt i samanheng. Våre kommentarar til besøksstrategien går både på det generelt vegfaglege, trafikktryggleik og direkte på ulike innfallsportar.

Statens vegvesen ønskjer å bli koplå på vidare arbeid med etablering av informasjonspunkt, til dømes delta i arbeidsgrupper. I kva grad vi ønskjer å involvere oss vil vere avhengig av tiltak, og kva verknad tiltaket vil kunne få for oss som vegeigar eller i høve vårt sektoransvar knytt til trafikktryggleik. For nokre tiltak ser vi allereie i denne høyringa kva som vil kunne bli utfordringar, for andre må vi vite meir om nøyaktig plassering av tiltak, til dømes når det kjem til informasjonsskilt i sentrumsområde.

Det er viktig for oss å understreke at dersom det er grunn til å tru at eit konkret tiltak vil føre til endra bruk av ei avkøyrslå enn det som er i dag, skal det søkjast om etter veglova. Vi vil her vise til det som står i kapittel 2.2.3 Jostedalsbreen som turistattraksjon, og den venta veksten i reiselivet fram mot 2030. Auka mengd turistar over heile året betyr ikkje berre utfordringar for verneverdiane, men kan også gjere det utfordrande for handtering av trafikken og kva verknader det vil kunne ha for framkome og trafikktryggleik, særskilt på punkt som er utfordrande allereie i dag.

I kapittel 3.2 om strategiske grep er ulike grep for å oppnå ønska utvikling nemnt. Vi vil oppmode til at også trafikale tilhøve vert tatt med i dei strategiske vurderingane ved val av tiltak.

På side 50, om vegskilting / kartløysingar er det sagt at det skal vere god dialog mot Statens vegvesen og andre vegeigararar. Vi ser dette som positivt, og vi vil understreke at dette er viktig for å vere i forkant med gode løysingar for skilting. Til orientering har Statens vegvesen vore i dialog med Miljødirektoratet om ein rettleiar for skilting til verneområde (symbol 640.30 "naturvernområder").

Kort om søknadsprosessen for skilt:

- Statens vegvesen får søknad på riksveg. Statens vegvesen gjev løyve eller avslår søknad etter vurdering i tråd med skiltnormal og skiltforskrifta.
- Fylket får søknad på fylkesveg og sender innstilling til Statens vegvesen som er skiltmynde. Statens vegvesen gjev løyve eller avslår søknad etter vurdering i tråd med skiltnormal og skiltforskrifta.
- Kommunen har slikt mynde for kommunal veg.

Konkrete innfallsportar

Under omtalar vi dei innfallsportane der vi har særskilte interesser, og som vi alt no vil signalisere er viktige for oss som vegeigar og i høve trafikktryggleik. Vi kjem ikkje med forslag til løysingar i denne fråsegna, men ønskjer å peike på dei utfordringane som er og som vi særskilt ønskjer å samarbeide med kommune, vernestyresmakter, næringsdrivande og interesseorganisasjonar om for å finne ei løysing.

Sunndalen, Oppstryn.

Avkøyrslø frå rv. 15 og inn på privat veg som går inn i Sunndalen. Ved startpunkt er det tenkt opparbeidd betre parkering og informasjonsskilt. Dette kan føre til auka bruk av veg og avkøyrslø. Avkøyrslø har fall inn mot riksvegen, først inn på busslomme, og så sjølv riksvegen. Ved auka bruk av denne avkøyrslø kan det bli naudsynt med utbetringar.

Lundeskaret, Kjosnesfjorden

Dette punktet ligg ved nordre opning av Fjærlandstunnelen og er eit viktig punkt for Statens vegvesen. Punktet er utfordrande slik det er i dag, og vi ser det som problematisk å leggje til rette for tiltak som aukar mengd stopp og parkeringar her før det er gjort tilstrekkelege tiltak i høve trafikktryggleik.

Det må difor ikkje leggjast til rette for tiltak som aukar bruken av denne innfallsporten, verken som informasjons-, start- eller utkikkspunkt, før ein har fått gjennomført trafikale utbetringar her. Bruken av areal på nordsida til parkering og som utgangspunkt for turar opp Lundeskaret er ikkje trafikktrygg bruk. Det gjeld både sjølv «parkeringsplassen», og at turgåarar må gå over brua langs riksvegen mot tunnelen før dei kjem seg ut i terrenget gjennom ei opning i rekkverket. Statens vegvesen veit at punktet er viktig for turisme og friluftsliv og ønskjer å få til betre løysingar her. Samstundes har vi og planar i området og jobbar med løysingar for passeringstil opp frå Lunde og kjettingplass før nedstiging mot Lunde.

Inn og utkøyring til rasteplassen på sørsida av vegen her er heller ikkje i tråd med vegenormalane og vi ønskjer ikkje at det vert lagt til rette for parkering eller auka ferdsle til og frå denne.

Bøyabreen, Fjærland

Dette punktet er viktig for Statens vegvesen. Tunnelopninga og strekninga nedover mot stølen Holten har utfordringar, særskilt i turistsesongen / beitesesongen. Avkøyringa til rasteplassen til Statens vegvesen og Brevasshytta ligg om lag 240 meter frå tunnelopninga. Det ligg og tre utkøyringslommer her som er med på å gjere trafikkbiletet ved tunnelopninga uoversiktleg. I tillegg til dette er det ein del kantparkering nedover mot Holten og også beitedyr i området.

Vi meiner det ikkje bør bli lagt til rette for tiltak som vil auke bruk av avkøyrslø inn til rasteplassen og Brevasshytta før det er gjort vurderingar av trafikktryggleik og eventuelt naudsynte tiltak i høve det her.

Dei andre innfallsportane

Dei andre innfallsportane er i mindre grad direkte knytt til riksveg, eller vi ser at kryss og avkøyrslø er gode nok slik dei er i dag til å kunne ta mot ei viss auke i trafikken som følgje av tiltaka som er føreslått i planen, og utan at det går utover trafikkavvikling eller trafikktryggleik. Det vil likevel vere viktig at Statens vegvesen vert involvert i nøyaktig plassering av informasjonspunkt, slik at vi er med på å finne den beste trafikale løysinga.

Når det gjeld dei tiltaka som er knytt meir direkte til fylkesveg og kommuneveg har vi og eit sektoransvar for trafikktryggleik. Det er også slik at avkøyrslar til parkeringsplassar og informasjonspunkt langs desse vegane skal vere i tråd med vegnormalane, og trafikktryggleiken skal takast vare på.

Tiltaksplanen

Tiltak som skal gjennomførast tidleg i besøksstrategiperioden (2021–2022)

Planlegging av utkikkspunkt Bøyabreen. Vi er usikre på kva som er meint her med «planlegging av utkikkspunkt», om det også er snakk om etablering i denne perioden. Vi meiner utbetring av avkøyrslar, som er oppført i perioden frå 2023 – 2024, bør kome først, før etablering av utkikkspunkt og andre tiltak som kan generere meir trafikk. Vi viser elles til vår vurdering av denne innfallsporten lenger oppe i fråsegna.

Tiltak som skal gjennomførast midt i besøksstrategiperioden (2023–2024)

Etablering av startpunkt i Lundeskaret ved tunnelopninga til Fjærlandstunnelen. Vi viser til vår vurdering av denne innfallsporten lenger oppe i fråsegna. Her må det gjerast heilskaplege grep, og utbetring av trafikksituasjonen må vere gjort før tiltak etter besøksstrategien vert gjennomført.

Tiltak som skal gjennomførast seint i besøksstrategiperioden (2025–2027)

Statens vegvesen har blitt sett opp i tabellen her som aktør på tiltak informasjonspunkt i Byrkjelo og Gaularfjellet (nasjonal turistveg). Vi ønskjer i tillegg å bli sett opp som aktør for tiltaka i Stryn, på Skei, og i Sogndal.

Konklusjon

Vi vil gje ros til nasjonalparkforvaltninga for å ha utarbeidd ein besøksstrategi som vil kunne fungere godt som forvaltningsverktøy. Det finns viktige innfallsportar med betydelege utfordringar i høve vegar og trafikkfare. For andre innfallsportar handlar det meir om å planleggje på ein god måte slik at framtidige tiltak ikkje fører til at trafikksituasjonen vert dårlegare. Vi ønskjer difor å bli involvert i det framtidige arbeidet med gjennomføring av tiltak i planen.

Transport vest – transportforvaltning 1

Med helsing

Torun Emma Torheim
seksjonsleiar

Torbjørn Hasund

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi

STATSFORVALTAREN I VESTLAND, Postboks 8112 DEP, 0032 OSLO
VESTLAND FYLKESKOMMUNE, Postboks 7900, 5020 BERGEN

Fra: Siri Wølneberg Bøthun[siri@sbnatur.no]

Sendt: 17.09.2021 13:53:03

Til: Postmottak SFVL

Kopi: 'Reidar Sandal (reidarsandal@gmail.com)'; ola.forde; Jan-Ove Flaten (janoveflaten@icloud.com); Mjelstad, Hermund; 'postmottak@sunnfjord.kommune.no'; 'postmottak@stryn.kommune.no'; 'postmottak@gloppen.kommune.no'; Hauge, Tor Arne; arnej-ha@online.no; sundegunnvor@gmail.com

Tittel: Merknad besøksstrategi Jostedalsbreen nasjonalpark

Sjå vedlagt brev frå villreinnemnda.

Brevet er innspel til besøksstrategien for Jostedalsbreen nasjonalpark, og er elektronisk godkjend av medlemmane i villreinnemnda.

Merknad ang. forvaltingsplan og arbeid med denne

I innleiinga til besøksstrategien vert det synt til at ein arbeider parallelt med ei revidering av forvaltingsplan. Eg oppmodar til at villreinnemnda vert involvert i arbeidet med denne, slik at me kan kome med gode innspel og fagkunnskap på eit tidleg tidspunkt. Det bør være harmoni mellom besøksstrategi og forvaltingsplan, der førstnemnde bør bygge på prioriteringar i sistnemnde. Eg undrar meg difor litt over rekkefølga for handsaming av planane.

Den gamle forvaltingsplanen anerkjenner ikkje villrein som ein del av naturverdiane i nasjonalparken. Arten er ikkje omtalt under avsnittet om dyreliv i nasjonalparken, og den er ikkje nemnd i omtale av dei plassane ein tilrår tilrettelegging med ny stimerking, informasjon, parkering osv.. Det er likevel tydeleg, og særst positivt, at villreinen har fått fokus i besøksstrategien.

I forvaltingsplanen frå 1994 omtalast ei soneinndeling. Eg finn ikkje noko kart som syner avgrensinga av desse sonene, planen nyttar berre stadnamn i presentasjonen av sonene. Villreinnemnda har positive erfaringar med slik soneinndeling frå Jotunheimen nasjonalpark, der dette m.a. bidreg til å ta vare på viktige tekkruter for villreinen i områda kring Hurrungane.

Beste helsing

Siri Wølneberg Bøthun

Sekretær

Villreinnemnda for Sogn og Fjordane

Sogn Naturforvalting AS

Fresvikvegen 995

6896 Fresvik

post@sbnatur.no

tlf. 97514784



Nasjonalparkstyret for Jostedalsbreen
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Dykkar ref.: 2021/9234-1 432.3

Vår ref. (synast til ved svar): 11-sb-sf/21

Dato: 17.09.2021

Høyringsuttale til besøksstrategi for Jostedalsbreen nasjonalpark

Villreinnemnda for Sogn og Fjordane takkar for høvet til å gje høyringsuttale til framlegget til besøksstrategi. Nemnda har forvaltingsansvar for villreinområda Svartebotnen og Sunnfjord, som har noko areal i nasjonalparken. Villreinområdet Reinheimen-Breheimen, som har areal i nordleg del av nasjonalparken, har eiga villreinnemnd.

Planen presenterer bakgrunnskunnskap om bruken i dag, den besøkande, reiselivet og ulike behov og utfordringar. Naturverdiane vert og omtalt, og ein peikar på kva for naturverdiar som er sårbare for ferdsel. Det kan være flora og geologiske formasjonar som moreneryggar som vert skada av trakk, og vadefugl, rovfugl og villrein som vert utsette for uroing. Det vert uttalt at ein skal ta omsyn til dette ved alle tiltak, og at ein skal gjennomføre sårbarheitsanalysar før tiltak vert iverksett. Det er gjennomført slike analysar ved nokre sti-trasear, men det vert konkludert med at kunnskapen utover desse einskild-traseane er for dårleg.

Me kan ikkje sjå at planen, slik den ligg føre, har gjort nokon avvegingar der nokre område er peikt ut til å ha lite eller ingen tilrettelegging. Innfallsportane, og med det mange av tiltakspunkta i planen, ligg utanfor sjølve verneområdet. Det er viktig at sårbarheitsvurderingane og verdisettinga av natur er like gode også utafor verneområdegrensa.

Me vil rose figur 8 (saksa inn på neste side), som syner korleis verneområdet har overlapp med tre ulike villreinområde i ulikt omfang.

Planen held fram villrein som viktig naturverdi og sårbar art, m.a. vert det sagt: «*Ein viktig art som er sårbar for ferdsel er villrein, som Norge har eit særleg forvaltningsansvar for. Den austlege delen av nasjonalparken er del av ReinheimenBreheimen villreinområde. Fjellområda aust for Grovabreen er viktige vinterbeiteområde for villrein. Den nordvestlege armen av nasjonalparken, rundt Svartebotnen, er eit viktig beiteområde for dyra i Svartebotnen villreinområde (sjå fig. 8).*»

Villrein er og omtalt særskilt under kap 2.5.1, Styrking av verneformålet, sitat:

«**Dyreliv**

Forstyrningar av villrein frå ferdsel er eit reelt trugsmål mot verneføremål og verneverdiar i deler av nasjonalparken. Ved ei aktiv og kunnskapsbasert besøksforvaltning vil vi likevel kunne styrke verneføremålet, ved fysiske tiltak og ved å setje i verk informasjonstiltak som gir mindre forstyrking av villreinen, på særleg kritiske lokalitetar og i sårbare periodar av året. Auka kunnskap

om fuglelivet i nasjonalparken kan medføre at artar som er sårbare for ferdsl vert lokalisert. Naturverdiane må vege tungt om det oppstår interessekonfliktar mellom sårbare fugleartar og ferdsl/friluftsliv.»

Saksa frå planen:



Figur 8 Kart over villreinområde markert med svart i og kring Jostedalsbreen nasjonalpark. Kartdata henta frå Fylkesatlas / Norge Digitalt.


Ein viktig del av planen er utpeiking av innfallsportar til nasjonalparken, med startpunkt for turar inn i nasjonalparken, og punkt som skal prioriterast for informasjon og tilrettelegging. Om startpunkt heiter det:

«Startpunkt

Startpunkt er mest aktuelt for nasjonalparkar med eit etablert stinett. Desse er meint for besøkande som skal ut på vandring i verneområda, og skal ligge ved naturlege startpunkt for turen, ofte langt frå hovudvegnettet. Startpunkta skal vere avklart i forvaltningsplanen og tilknytt

etablerte stiar som er identifiserte som prioriterte. Dei skal bestå av parkering og informasjon retta mot turgåaren.»

Saksa frå planen:



Figur: klipp frå kart over innfallsportar i plandokumentet.

Fleire av innfallsportane ligg inne i, eller fører til turar inn til villreinområde. Det er særskild viktig at informasjon her inneheld opplysningar om villreinområdet, og korleis ein kan ta omsyn.

Villreinnemnda bidreg gjerne med innhald til denne informasjonen. Me omtaler her berre dei areala som ligg til villreinnemnda for Sogn og Fjordane:

- informasjonspunkt pkt 17, Utvikfjellet - ligg inne i Svartebotnn villreinområde. Det er viktig å unngå sommarferdsel austover, og inn i område der villreinen i dag finn ro på vår- og sommararbeite for simler med kalv. Områda vestover er meir uroa av turgåarar. Her kan ein møte bukk i sommarmånadene, og må ta omsyn til desse.

- Informasjonspunkt 19 - viktig med informasjon om villreinen i Svartebotnen
- Startpunkt 18, Sanddalen: Dette er startpunkt for sommarturar innover mot Sanddalen, og mot Svartebotnen. Disse områda er sær sårbare, då det er i dei rolege beitedalane her inne, i areala austafør fylkesvegen, at simlene finn ro, og går med kalven gjennom sommaren og tidleg haust. Her må det ikkje stimulerast til auka besøk, og eventuell informasjon må innehalde kunnskap om villrein.
- Innfallspunkt 26 Dvergsdalsstøylen - Særlig viktig med informasjon om villrein, sjå eige avsnitt som nemner dette startpunktet, under.
- Informasjonspunkt 23 og 24 og startpunkt 25 må og ha informasjon om Sunnfjord villreinområde. For punkt 25, Lundaskardet gjeld noko av det same som for punkt 26, men i mindre alvorsgrad.

Me etterlyser at planen ikkje berre seier kvar ein skal legge til rette for besøkande, men også peiker ut område der ein *ikkje* skal stimulere til ferdsel, men heller freiste å føre folk utanom. Det vert synt til at ein skal gjere sårbarheitsanalysar før tiltak vert gjennomført ved dei ulike tiltaksområda. Ein må være budd på å gå bort frå ynskte tiltak dersom ein då finn at naturverdiar vert skadelidande av ferdsla. Planen må kommunisere dette, slik at planen i seg sjølv ikkje hindrar verneområdeforvaltinga i å gjere avbøtande tiltak, t.d. ved å fjerne skilting og merking.

Eit godt døme der ein verkeleg må tenke seg om er informasjonspunkt- og innfallspunkt nr. 26, Dvergsdalsstøylen. Planen seier at ein ikkje skal legge opp til auka ferdsel frå dette punktet, noko som er sær bra. Er det mogleg for verneområdeforvaltinga å faktisk dempe presset, og ikkje berre «la det gå sin gang»? Frå Dvergsdalsstøylen går turen innover i Sunnfjord villreinområde, til eit område med bre og fonner, dvs. eit område med stor verdi for villreinen dei varmaste sommardagane. Om vinteren er det ryggar nær Grovabreen som er avblåste, og med godt lavdekke, noko som tilbyr reinen godt vinterbeite. Lavbeiter er det ikkje mykje av i dette vestlege villreinområdet. Villreinemnda erfarer at auka utfart til desse fjellryggane no fortrengjer villreinen delar av vinteren. Det er og eit kalvingsområde i dalane opp for Dvergsdalsstøylen som kan verte forstyrra av vårski-turistar.

Villreinemnda arbeidar aktivt med å informere om villreinområda våre. Me har under arbeid plakattoppslag meint for oppmontering nettopp ved startpunkt til turar inn i villreinområda. Oppsettet av desse kan gjerne skje i samarbeid med verneområdeforvaltinga der dette er relevant.

Med helsing

Villreinemnda for Sogn og Fjordane

Arne J Hauge
leiar

Siri Wølneberg Bøthun
sekretariat

Dokumentet er elektronisk godkjend og har difor ikkje fysisk signatur

Sekretariatsadresse:
Sogn Naturforvaltning AS
Fresvikvegen 995
6896 Fresvik
post@sbnatur.no / 975 14 784

Kopi til:

Sunnfjord reinsdyrlag

Svartebotnen reinsdyrlag

Statsforvaltaren i Vestland

Sunnfjord kommune

Stryn kommune

Gloppen kommune

Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen



Sunnfjord kommune

Idrett og friluftsliv

Vår ref 21/6142-6
Dykkar ref ad676908-8291-4f74-ac05-7fd15122d49a
16.06.2021
Saksbehandlar Solfrid Trå
Dato 17.09.2021

Statsforvaltaren i Vestland,
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Fråsegn frå Sunnfjord kommune og Sunnfjord Utvikling til høyring til høyring av besøksstrategi for Jostedalsbreen nasjonalpark

Utval for samfunn, kultur og næring har i møte 15.09.2021 behandla sak 078/21 «Fråsegn frå Sunnfjord kommune og Sunnfjord Utvikling til høyring av besøksstrategi for Jostedalsbreen nasjonalpark», og der vart det gjort slikt vedtak:

Sunnfjord kommune ber om at kommunen sine innspel til høyringa av besøksstrategi for Jostedalsbreen nasjonalpark vert innarbeidd i strategien, jf. saksutgreiing 03.09.2021.

Med helsing

Solfrid Trå
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Kopi til:

Sunnfjord Utvikling AS	Peak Sunnfjord	6800	FØRDE
	Hafstadvegen 25		

Vedlegg:

Fråsegn frå Sunnfjord kommune og Sunnfjord Utvikling til høyring av besøksstrategi for Jostedalsbreen nasjonalpark	1519538
Utsett frist - Høyring besøksstrategi - Jostedalsbreen nasjonalpark	1519729



Saksframlegg

Saknr.	Utval	Møtedato
078/21	Utval for samfunn, kultur og næring	15.09.2021

Fråsegn frå Sunnfjord kommune og Sunnfjord Utvikling til høyring av besøksstrategi for Jostedalsbreen nasjonalpark

Vedtak i Utval for samfunn, kultur og næring 15.09.2021:

Sunnfjord kommune ber om at kommunen sine innspel til høyringa av besøksstrategi for Jostedalsbreen nasjonalpark vert innarbeidd i strategien, jf. saksutgreiing 03.09.2021.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Sunnfjord kommune ber om at kommunen sine innspel til høyringa av besøksstrategi for Jostedalsbreen nasjonalpark vert innarbeidd i strategien, jf. saksutgreiing 03.09.2021.

Samandrag

Sunnfjord kommune og Sunnfjord Utvikling har innspel til Besøksstrategi for Jostedalsbreen nasjonalpark som er lagt ut til høyring. Jostedalsbreen nasjonalpark er både eit viktig reiselivsmål og friluftsområde heile året, der vi ser besøksstrategien som ei viktig føring i vårt arbeid med dette.

Kartleggingar, informasjons- og tilretteleggingstiltak som er gjennomført/ føreslått i besøksstrategien har størst fokus på sommarturisten, sjølv om det er ønske om at besøka vert meir spreidd til heile året. Kommunedirektøren meiner at vinteraktivitet bør kartleggast betre, og i større grad leggast til rette for. Dette vil etter vårt synspunkt både redusere slitasje på naturen, samtidig som det kan auke verdiskapinga i bygdene rundt breen i vintersesongen.

Strategien har delt målgruppene i tre: gjesten, lokalbefolkninga og reiselivet. Utviklinga innan reiselivet går i ei retning der dei overordna målsettingane for reiseliv og lokalsamfunna må vere felles for å få til ei tenleg utvikling for alle partar.

Informasjonen bør vere saumlaus mellom fysiske og digitale flater. Fysiske flater bør innehalde mest kjerneinformasjon som ikkje treng oppdatering så ofte, og vise til informasjon digitalt. Reiselivet jobbar med utvikling av ubemanna turistinformasjon/

informasjonspunkt som tek i bruk digitale informasjonssystem. Nasjonalparken bør utarbeide materiale som kan nyttast her. Målretta og langsiktig arbeid og tiltak som forsterkar opplevinga av godt vertskap og gir lokalsamfunna og reiselivsnæringa gode verktøy for å utøve vertskapsrolla er ønskeleg.

Sunnfjord kommune ønsker fleire innfallsportar med informasjon om nasjonalparken. Kjøsnesfjordbrua oppfyller krava for å vera utkikkspunkt etter vårt syn, og vi ønsker informasjonspunkt i Førde og Stardalen. Fossheimsdalen og Haukedalen bør komme med som startpunkt. Tiltak ved innfallsportane Haugadalen og Befringsdalen bør påbyrjast i første tiltaksperiode (2021-2022).

Bakgrunn for saka

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre sin Besøksstrategi for Jostedalsbreen nasjonalpark er lagt ut til høyring. Fristen for innspel var 1.september. Sunnfjord kommune har fått godkjent søknad om utsett frist til 30.september, sidan første møte i utval for samfunn, kultur og næring etter sommarferie er 15.september.

Målet med besøksstrategien er å få til ein samla strategi for besøksforvaltninga rundt Jostedalsbreen nasjonalpark. Gjennom arbeidet skal ein sikre naturverdiane og kulturverdiane i verneområda, samstundes som ein tek vare på busetnaden nær verneområda, legg til rette for lokal verdiskaping og gode opplevingar for besøkande.

I arbeidet med besøksstrategien er det mellom anna sett på kva område i og rundt nasjonalparken som bør leggjast til rette for besøk, og korleis vi kan styre ferdsel utanom dei mest sårbare områda.

Nasjonalparkstyret ber om innspel til korleis det kan leggjast til rette for fastbuande og besøkande, friluftsliv og lokal verdiskaping, samstundes som ein tek vare på natur- og kulturverdiane i Jostedalsbreen nasjonalpark.

Framlegg til fråsegn er laga i fellesskap med Sunnfjord Utvikling. Vi har informert aktuelle grendalag om besøksstrategien, men ikkje fått innspel frå nokon av desse.

Saksutgreiing

Under er ei oppsummering av dei viktigaste momenta i besøksstrategien. For meir utfyllande informasjon, syner vi til høyringsutkastet.

I den vedtekne prosjektplanen står fylgjande målsetjingar for besøksstrategien:

- Å ta vare på naturverdiane i nasjonalparken og i randområda
- Å gje alle dei besøkande ei betre naturoppleving
- Å bidra til auka verdiskaping i bygdene rundt breen

Dersom det er motstridande målsetjingar mellom ivaretaking av verneverdiane, tilrettelegging for besøkande og lokal verdiskaping, skal ivaretaking av verneverdiane leggjast størst vekt på.

Kunnskapsgrunnlaget:

I forarbeidet til besøksstrategien er det gjennomført undersøkingar, for å styrke kunnskapsgrunnlaget:

- På ni stiar/lokaltetar er det gjennomført sårbarheitsvurderingar av ferdsel for

vegetasjon og dyreliv, der ein av dei er utført i Sunnfjord kommune; Haugastøylen – Haugabreen.

- Ferdselsteljarar i sommarsesong, der ein av dei var sett opp i Sunnfjord kommune (Haugastøylen)
- Brukarundersøking i 2017 ved 19 innfallsportar i sommarsesong. Det er ikkje oppgjeve kor desse var sett opp, og det er difor uvisst om dei er utført i vår kommune.

Sårbar vegetasjon: Landformer oppbygd av lausmassar slik som morenar og andre breavsetjingar i dalane kring breane, vil ofte vere sårbare for slitasje frå ferdsel og friluftsliv. Haugadalen er ein av dei plassane med karakteristisk morenelandskap med stor kvartærgeologisk verneverdi. Mykje av naturregistreringane er frå før område vart verna, og dette tilseier at kunnskapen er mangelfull. Vurdering av sårbarheit for ferdsel er difor viktig å gjennomføre i alle område ein planlegg tiltak som kan medføre auka ferdsel og aktivitet.

Besøk i nasjonalparken: Ferdselsteljarar og brukarundersøking gir eit bilete av kven som besøker nasjonalparken, mål med turen, turerfaring, preferansar dei har mm. Desse syner at det er stor dominans av turistar (spesielt utlendingar), der dei aller fleste er førstegongsgjester. Ein stor del av dei besøkande til nasjonalparken besøker spesielle attraksjonar der det er god tilrettelegging og som har lett tilgang med bil eller buss. God informasjon ved innfallsportane er viktig, då brukarundersøkinga har vist at mange er dårleg informerte om kva reglar som gjeld i nasjonalparken.

Mål og strategiske grep:

Mål med besøksforvaltninga er delt i tre:

- Mål for verneverdiane
- Mål for reiselivet og dei besøkande
- Mål for lokalsamfunna

For å nå måla er det sett opp følgande strategiske grep:

- Tettare samarbeid med lokalsamfunn, kommunar og reiseliv
- Prioritere tiltak nær hovudfartsårane
- Kanalisere ferdsel til stiar og område med god toleevne
- Jobbe tett med nasjonalparksentera
- Redusere klimaavtrykket frå reiselivet
- Klimatilpassing
- Fokus på verkemiddel som forvaltninga sjølv rår over
- Drift og vedlikehald av tilretteleggings- og informasjonstiltak

Verneområdeforvaltninga har generelt ikkje økonomi til sjølv å etablere større attraksjonar og opplevingar. I den daglege forvaltninga ligg moglegheita for å bidra til verdiskaping i samarbeid med reiselivsaktørar, lokalsamfunn og ved å støtte etablerte utviklingsprosjekt.

Kommunikasjonsplan:

Kommunikasjonsplan for Jostedalsbreen nasjonalpark er ein del av besøksstrategien for Jostedalsbreen nasjonalpark. Denne blir eit viktig verktøy i arbeidet med å

kanalisere ferdsla inn mot trygge innfallsportar og område som toler mykje besøk. Dei har delt målgruppene i tre: gjesten, lokalbefolkninga og reiselivet. Det skal informerast om nasjonalparken på både fysiske og digitale plattformer.

Kommunikasjonskanalane som er omtala er:

- Informasjonspunkt ved innfallsportar
- Besøksretta nettside
- Sosiale medium/SoMe
- Destinasjonsselskapa sine kanalar
- Besøkssentera
- Brosjyrar
- Arbeid mot pressa
- Vegskilting/kartløyisingar
- Film og foto om parken

Innfallsportar:

Eitt kriterium for utveljing av innfallsport er høg bruk. Ved dei fleste av desse er det allereie eksisterande tilretteleggingstiltak. I denne besøksstrategien har førti innfallsportar fått ein nærmare omtale, der sju av desse ligg i Sunnfjord kommune.

Innfallsportane er delt i tre (sjå figur 24 for oversikt over dei ulike innfallsportane):

1. Informasjonspunkt: Utandørs informasjon om verneområda til dei besøkande, der det er naturleg å lokalisere saman med stoppestader for andre aktørar, til dømes ved rasteplassar, utsiktspunkt, bom osv. To punkt er føreslått i Sunnfjord kommune: Kjøsnesfjordbrua og Skei.
2. Startpunkt: skal ligge ved naturlege startpunkt for turen og tilknytt etablerte stiar som er identifiserte som prioriterte. Fem startpunkt er føreslått i Sunnfjord kommune; Haugadalen, Fonn, Befringsstølen, Lundaskaret og Dvergsdalsstøylen.
3. Utkikkspunkt: skal vere ein attraksjon og eit besøksmål i seg sjølv, og inneha ein del fasilitetar. Det er føreslått 3 utkikkspunkt totalt, og ingen av desse ligg i Sunnfjord kommune.

Strategien skildrar tiltak som bør gjerast ved innfallsportane, og når dei er prioritert utført. Tiltak i innfallsportar i Sunnfjord kommune er føreslått med oppstart dei to siste periodane (jf. tabell 6,7 og 8).

Vurdering

Kunnskapsgrunnlaget:

Informasjons og tilretteleggingstiltak som er føreslått har størst fokus på sommarturisten, sjølv om det er ønske om at besøka vert meir spreidd til heile året. I Sunnfjord kommune er det betydeleg skiaktivitet i nasjonalparken, der både tilreisande og lokale går toppturar til Grovabreen, Snønipa mfl. Spørsmål i brukarundersøkinga var berre tilgjengeleg sommartid. Preferansar, turerfaring mm. er ikkje kartlagt for vinterbesøkande. Kommunedirektøren meiner at denne aktiviteten bør kartleggast betre, og leggast til rette for. Tidlegare Jølster kommune og no Sunnfjord kommune har gjort tiltak med tilrettelegging av parkering og skilting på to av innfallsportane til nasjonalparken (Høyset og Dvergsdalsdalen), for å tilrettelegge betre for vinteraktivitet i nasjonalparken. Ferdsel i nasjonalparken når det er snø i

terrenget, er som regel meir skånsamt for vegetasjonen enn ferdsel på sommar og haust.

Mål og strategiske grep:

- Mål for reiseliv og lokalsamfunnet bør samsvare og ikkje skiljast mellom, jf. trendar i reiselivet. Utviklinga innan reiselivet går i ei retning der dei overordna målsettingane for reiseliv og lokalsamfunna må vere felles for å få til ei tenleg utvikling for alle partar.
- Positivt at det står eit eige mål om å utvikle berekraftige og framtidsretta reiselivsprodukt. Og at det blir satsa på aktivitetsturisme og enkelt friluftsliv som held turistane i området i lengre tid, framfor besøkande som berre er innom området som snarast og legg att lite hjå lokale næringsaktørar.
- Drift og vedlikehald er ei stor utfordring som må løftast betre opp for å vise korleis få løyst dette i eit fellesskap, samt setje meir krav til innhald. Kor formell skal ein avtale vere, varighet på denne og skal det vere ein vedlikehaldsplan? Det er relativt enkelt å få midlar til tiltak, medan drift og vedlikehald kan vere tid- og ressurskrevjande, og færre som vil ta på seg.

Kommunikasjonsplan:

- Kanalar: Informasjon på nett/brosjyrar må utformast slik at det er lett å oppdatere ved behov. Det må og harmonere med fysiske tiltak.
- Kommunikasjonsstrategien bør vere slik at det er kopling mellom informasjon på fysiske installasjonar og nett/SoMe (saumlaust mellom fysiske og digitale flater). Fysiske flater bør innehalde mest kjerneinformasjon som ikkje treng oppdatering så ofte, og vise til informasjon digitalt. Dette vert det jobba med i reiselivsnæringa, og det skjer mykje på dette feltet, og strategien bør kople seg på dette arbeidet.
- Brosjyrar: Bør ha eit gjennomtenkt forhold til kva informasjon som skal leggast her. Kart og statisk informasjon er bra å ha i brosjyrar.
- Standard informasjonsskilt knytt til f.eks. sårbar vegetasjon der den er, vert det ønska meir nytte av. Det er ikkje alle som les informasjonstavlene, og enkel informasjon på kvifor ein ikkje ønsker trakk på moreneryggen når du går der, er presis, forståeleg og blir lest av dei aller fleste.
- Vertskap er ein viktig kommunikasjonskanal, og bør vere med i lista i kap. 4.5. Det bør difor arbeidast målretta med tiltak som gjer at reiselivsnæringa og lokalmiljø har eit eigarskap til nasjonalparken og vertskapsrolla.

Innfallsportar:

Informasjonspunkt

- Sunnfjord kommune ønsker fleire informasjonspunkt; Ønskeleg med eitt i Førde og eitt i Stardalen, i tillegg til Kjøsnesfjordbrua og Skei.
- Reiselivet jobbar med utvikling av ubemanna turistinformasjon/informasjonspunkt som tek i bruk digitale informasjonssystem. Nasjonalparken bør utarbeide materiale som kan nyttast her. Målretta og langsiktig arbeid og tiltak som forsterkar opplevinga av godt vertskap og gir lokalsamfunna og reiselivsnæringa gode verktøy for å utøve vertskapsrolla er ønskeleg.

Utkikkspunkt

- Informasjonspunkt 24 Kjøsnesfjordbrua, bør vere utkikkspunkt. Her vert det no etablert ein større rasteplass mm, der fasilitetar som er planlagt vil støtte krava til utkikkspunkt etter vårt syn.
- Kommentar til tiltak på Kjøsnesfjordbrua:
 - Tryggleik må sjekkast ut på tiltak med tursti/sykeltrase langs Kjøsnesfjorden.
 - Det bør tilretteleggast for aktivitet på vatnet som padling, fiske mm.

Startpunkt:

- Fossheimsdalen bør vere med som startpunkt med informasjon. Denne innfallsporten har høg bruk, og det er mange som startar turen sin her både til fjelltoppar innanfor og i randsona til nasjonalparken, gjennom heile sesongen. Startpunktet er allereie tilrettelagt med område for parkering, og skilting til ulike turmål.
- Haukedalen: Vi ber nasjonalparkforvaltninga vurdere om det bør vere startpunkt med informasjon her, sjølv om bruken ikkje er så høg i dag. Det går ei rute frå Lundeskaret til Haukedalen, som før var ei viktig ferdselsrute mellom Jølster og Haukedalen.
- Lundeskaret: Statens vegvesen har utarbeida ein reguleringsplan for området. Denne er ikkje lagt på høyring endå, sidan Statens Vegvesen og Sunnfjord kommune ikkje er einige om innhald og tiltak i denne planen. Dette gjeld særskilt tiltak knytt til innfallsport i området.
- Fonn: Manglar informasjon om at parkeringstiltak er påbyrja av grunneigar.

Tiltaksplan:

- Positivt at skilting frå hovudvegar vert prioritert å jobba med. Dette er eit viktig tiltak for å få synleggjort nasjonalparken betre, og lede besøkande rett veg.
- Ønsker generelt tidlegare prioritering av tilrettelegging av nokre tiltak i Sunnfjord. Tiltak ved Haugastøylen og Befringsdalen bør komme i første periode; 2021-2022.
- Tilrettelagt informasjon for digitale plattformer og QR-kode bør framskyndast.

Sunnfjord kommune ber om at innspel til planen vert vurdert i det vidare arbeidet med besøksstrategien. Jostedalsbreen nasjonalpark er både eit viktig reiselivsmål og friluftsområde heile året, der vi ser besøksstrategien som eit viktig ledd i vårt arbeid med dette.

Førde, den 03.09.2021

Ole John Østenstad
kommunedirektør

Hilde Bjørkum
Kommunalsjef kultur og idrett

Behandling i folkevalde organ:

Behandling i Utval for samfunn, kultur og næring 15.09.2021:

Avrøysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart **samrøystes vedteke**

USKN-078/21 Vedtak:

Sunnfjord kommune ber om at kommunen sine innspel til høyringa av besøksstrategi for Jostedalsbreen nasjonalpark vert innarbeidd i strategien, jf. saksutgreiing 03.09.2021.

Vedlegg i saka:

Høyring av besøksstrategi for Jostedalsbreen nasjonalpark
Besøksstrategi-Jostedalsbreen-til-hoyring



**Jostedalsbreen
nasjonalparkstyre**

Postadresse

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse

Rådhuset i Luster
Statens hjørne
6868 Gaupne

Kontakt

Sentralbord: +47 57 64 30 00
Direkte: +47 5764 3133

fmv/post@fylkesmannen.no
www.nasjonalparkstyre.no/Jostedalsbreen

Sunnfjord kommune
Postboks 338
6802 FØRDE

Sakshandsamar Tor Arne Hauge

Vår ref. 2021/9234-0 432.3

Dykkar ref.

Dato 31.08.2021

Utsett frist - Høyring besøksstrategi - Jostedalsbreen nasjonalpark

Viser til dykkar brev av 08.07.2021 der Sunnfjord kommune ber om utsett høyringsfrist til 30.september 2021.

Vi stadfestar med dette at Sunnfjord kommune får utsett høyringsfrist til 30.09.2021.

Med helsing

Tor Arne Hauge
nasjonalparkforvaltar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Fra: Luster kommune[postmottak@luster.kommune.no]

Sendt: 23.09.2021 14:02:19

Til: Gjerde, Marthe

Tittel: Melding om politisk behandling - Besøksstrategi Jostedalsbreen nasjonalpark

Me oversender vedlagde dokument.

Med venleg helsing

Aina-Elise Stokkenes

Landbruk og naturforvaltning

VÅR REFERANSE:

Saksnr: 21/2002-7

Sakshandsamar: Aina-Elise Stokkenes

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Aina-Elise Stokkenes
Arkivsaksnr.: 21/2002-2

Arkiv: K11 K1

Høyringsuttale til besøksstrategi Jostedalsbreen nasjonalpark

Rådmannen si tilråding:

Luster kommune støttar opp om framlegget til besøksstrategi for Jostedalsbreen nasjonalpark. Kommunen har i tillegg nokre punkt som ein ynskjer understreka i det vidare arbeidet med besøksstrategien.

Luster kommune har mange eineståande element innanfor og i nær tilknytning til nasjonalparken som kan framhevast. Veitastrond og Tungestølen er eit startpunkt for tur for alle aldersgrupper, noko som Luster kommune ynskjer skal koma tydelegare ut til aktuelle besøkande i tillegg til informasjon.

Området i Leirdalen er mykje nytta av lokale og regionale brukarar, spesielt i vinter/vår månadane, og Luster kommune ynskjer at forvaltinga legg opp til informasjon angående naturkvalitetane, men også som startpunkt for tur.

Kvalitetane til besøkssenteret som ligg i Jostedal, Breheimsenteret, bør framhevast med meir informasjon og som turutgangspunkt. I tillegg så er Nigardsbreen naturreservat eit eige utgangspunkt for både tur og som utkikkspunkt. Vidare innover i Jostedalen har ein fastlands Europas største sandur, Fåbergstølsgrandane, kor verdien bør koma fram til ålmenta gjennom tilrettelegging og formidling.

Kryssing av Jostedalsbreen har historisk sett vore veldig viktig for folk på begge sider av breen. Det er viktig at i det minste ein av dei tradisjonelle oppgangane vert haldne vedlike og utvikla/sikra.

For å nå dei besøkande så vil kommunen oppmode forvaltinga om å arbeide for å samordne informasjon mellom dei ulike verneområda, og kommunen.

Forvaltinga bør sjå på moglegheita for å utarbeide digitale løysingar og informasjonsskilt om verneverdiane som kan setjast opp i dei utvalde område.

Saksutgreiing:

Prenta vedlegg: Besøksstrategi for Jostedalsbreen nasjonalpark

Utval som har vedtaksmynde: Formannskap- og næringsutvalet

Fakta:


Nasjonalparkstyret for Jostedalsbreen nasjonalpark har sendt ut forslag til besøksstrategi for Jostedalsbreen nasjonalpark. Besøksstrategien skal gjelde for fem år. Besøksstrategien er utarbeida i tråd med nasjonalparksatsinga til miljødirektoratet «Velkommen inn». Besøksstrategien skal ha som hovudfokus å ta vare på naturverdiane og då står verneformålet sentralt:

«- å verne eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høgfjell, med plante- og dyreliv og geologiske førekomstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand.

- *å gje høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging.*
- *å verne om kulturminne og kulturlandskap.»*

Besøksstrategien skisserar ein plan for tilrettelegging og styring av ferdsel, kunnskapsformidling og informasjon til dei besøkande. Nasjonalparkforvaltinga har gjennomført brukarundersøkingar (2017) for nasjonalparken, med utfartsområder, samt ulike kartleggingar av naturverdiar som grunnlagsdokument. Gjennom besøksstrategien har forvaltinga kome fram til nokre innfallsportar som dei vil utvikle vidare.

Ved å leggje til rette gode utkikkspunkt og informasjonspunkt utanfor vernegrensa, nær hovudfartsårar der mange passerer, vil fleire kunne få ei nasjonalparkoppleving også på turar der dei ikkje tek turen heilt inn i nasjonalparken. Eit enkelt utandørs informasjonspunkt vil vera rett tilbod i nokre områder, ved andre område vil eit informasjonspunkt som viser til eit startpunkt utgjera innfallsporten, medan det i områder med særst høgt tal besøkande og høg toleevne kan legge til rette for å etablere eit utkikkspunkt som gjev eit betre tilbod til mange. I Luster kommune er det lagt opp til 9 punkt, kor eitt er utkikkspunkt (Breheimsenteret), eitt er startpunkt (vårstølen på Veitastrond) og sju er informasjonspunkt: Tungestølen, Gaupne, Tunsbergsdalsdammen, Gjerde, Bergset og Styggevatnet.



Figur 24 Kart over innfallsportane rundt Jostedalsbreen nasjonalpark. For meir informasjon om einsskilde punkt, sjå under (nummer på kart tilsvarar nummer i tabell 5 / kap. 5.1.1). Kartdata henta frå Fylkesatlas / Norge Digitalt

Vurdering:

Forvaltning av nasjonalparken har lagt opp til fleire innfallsportar i aust enn i vest. Det er ei naturleg tilnærming då det er lettare tilkomst i aust enn i vest, men likevel ynskjer rådmann å fremje nokre forslag til endring.

Tungestølen er eit ikon i reiselivssamanheng og er eit startpunkt for turar for alle aldersgrupper. Terrenget i området er relativt lettgått slik at ein treng nødvendigvis ikkje å koma innanfor verneområde for å få følelsen av å ha opplevd nasjonalparken. Reiselivet lokalt og regionalt og kommunen har fokus på Tungestølen og ynskjer å løfte tilboda fram ytterlegare.

Ved Tungsbergsdalsdammen vil Luster kommune også oppmode forvaltninga til å vurdere om det bør vere eit startpunkt i tillegg til informasjonspunkt då området er mykje brukt til vinter og våraktiviteter, samt Tungsbergsdalsvatnet/breen om sommaren. Området er ein del bruk av lokale og regionale innbyggjarar.

Bergsetdalen er opparbeida med parkering, toalett og tilretteleggingstiltak på sti, også her er det relativt lett for alle aldersgrupper å oppleve naturkvalitetar som Jostedalsbreen nasjonalpark har.

Det er fleire oppgangar til breplatået som har vore nytta til å komme seg over breen frå Jostedalen til Nordfjord. Historisk har dette vore viktige veger mellom bygder i Stryn og Jostedalen. Det å komme opp og sjå sjølve breplatået og gjerne og krysse breen er ei stor oppleving. Det er viktig at i det minste ein av dei tradisjonelle oppgangane vert haldne vedlike og utvikla/sikra. Stien frå Bergset opp til Steinmann bør oppgraderast

Besøksenteret i Jostedal, Breheimsenteret, bør ha endå meir fokus. Dei kvalitetane besøksenteret har er gode, og det kan verta endå betre om forvaltninga og besøksenteret samarbeida meir og betre.

Parkeringa ved Nigardsbreevatnet er eit naturleg utkikkspunkt, startpunkt og informasjonspunkt. Det er parkeringsplass med toalett, opparbeida informasjon i tråd med merkevaren til miljødirektoratet og godt tilrettelagt sti til Nigardsbreen. Luster kommune har forvaltingsmynde for Nigardsbreen naturreservat. Nigardsbreen er ein del av Jostedalsbreen, og for dei besøkande så er skiljet mellom verneområda lita.

Fåbergstølsgrandane har stor naturfagleg verdi, europas største aktive sandur på fastlandet. Det er og eit historisk interessant område, fedriftene kom frå Erdalen i Oppstryn, over breen og heimetter Fåbergstølsgrandane heilt fram til 1920. Det er og ei svært lang soge med støling her. Ein oppdatert sti inn over Fåbergstølsgrandane ville vore eit godt tiltak for å oppleve dette eineståande området inn mot Lodalsbreen og Stegaholtbreen.

Rådmann vil oppmode nasjonalparkforvaltninga om å samordne informasjon og tilretteleggingstiltak knytt til informasjon mellom nasjonalparkane, samt kultur og friluftsliv elles i kommune. Døme: Informasjon om Viva-Døsen, Breheimen og Jostedalsbreen. Saman kan me verta endå betre og skapa ei endå enklare kundereise for dei besøkande. Sjølv om hovudtyngda av dei besøkande er langtreisande turistar, så oppmodar kommunen forvaltninga til å legge til rette for lokal og regionalt besøkande i aktuelle områder.

Dato: 13.09.2021

Jarle Skartun
rådmann

Olav Øyrehagen
Fagleiar landbruk

Særutskrift skal sendast:
m/kopi til:



Luster kommune

Landbruk og naturforvaltning

23.09.2021

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre

v/Marthe Gjerde

Arkivsak: 21/2002-7

Løpenr.: 21/19654

Sakshandsamar:

Aina-Elise Stokkenes

Melding om politisk behandling - Besøksstrategi Jostedalsbreen nasjonalpark

Vi viser til høringa av besøksstrategien for Jostedalsbreen nasjonalpark.

Det vert med dette gjeve melding om at Formannskapet og næringsutvalet har gjort slikt vedtak i møte den 15.09.2021, sak 110/21:

Luster kommune støttar opp om framlegget til besøksstrategi for Jostedalsbreen nasjonalpark. Kommunen har i tillegg nokre punkt som ein ynskjer understreka i det vidare arbeidet med besøksstrategien.

Luster kommune har mange eineståande element innanfor og i nær tilknytning til nasjonalparken som kan framhevast. Veitastrond og Tungestølen er eit startpunkt for tur for alle aldersgrupper, noko som Luster kommune ynskjer skal koma tydelegare ut til aktuelle besøkande i tillegg til informasjon.

Området i Leirdalen er mykje nytta av lokale og regionale brukarar, spesielt i vinter/vår månadane, og Luster kommune ynskjer at forvaltinga legg opp til informasjon angående naturkvalitetane, men også som startpunkt for tur.

Kvalitetane til besøkssenteret som ligg i Jostedal, Breheimsenteret, bør framhevast med meir informasjon og som turutgangspunkt. I tillegg så er Nigardsbreen naturreservat eit eige utgangspunkt for både tur og som utkikkspunkt. Vidare innover i Jostedalen har ein fastlands Europas største sandur, Fåbergstølsgrandane, kor verdien bør koma fram til ålmenta gjennom tilrettelegging og formidling.

Kryssing av Jostedalsbreen har historisk sett vore veldig viktig for folk på begge sider av breen. Det er viktig at i det minste ein av dei tradisjonelle oppgangane vert haldne vedlike og utvikla/sikra.

For å nå dei besøkande så vil kommunen oppmode forvaltinga om å arbeide for å samordne informasjon mellom dei ulike verneområda, og kommunen.

Forvaltinga bør sjå på moglegheita for å utarbeide digitale løysingar og informasjonsskilt om verneverdiane som kan setjast opp i dei utvalde område.

De har rett til å klage på vedtaket. Klaga må vere skriftleg og sett fram innan 3 veker frå De har motteke dette brevet. Sjå nærare orientering på skjemaet nedanfor.

Med helsing

POSTADRESSE:
Luster kommune
Postboks 77
6866 Gaupne

TELEFON:
Sentralbord:
57 68 55 00

E-POST ADRESSE:
postmottak@luster.kommune.no

ORGANISASJONSNR.
964 968 241
Bankgiro:
3785.07.00142

Aina-Elise Stokkenes
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ikkje signatur.

Vedlegg:

- saksframlegg

Avsendar:
Luster kommune
Postboks 77
6866 GAUPNE

**Melding om rett til å klaga over
forvaltningsvedtak**

(Forvaltningslova §27 tredje ledd og fjerde ledd)

Mottakar Jostedalsbreen nasjonalparkstyre v/Marthe Gjerde	Dato 23.09.2021	Klageinstans Statsforvaltaren i Vestland Statens hus Njøsavegen 2 6863 Leikanger
--	---------------------------	---

Denne meldinga gir viktige opplysningar dersom De ynskjer å klaga over vedtak De har fått underretning om.

Klagerett	De har rett til å klaga over vedtaket.
Kven kan De klaga til	Klagen skal først sendast til avsendaren av denne meldinga. Dersom dette organet ikkje endrar vedtaket som fylgje av klagen, vil han bli sendt vidare til klageinstansen for avgjerd. Dersom vedtaket er fatta av kommunale eller fylkeskommunale organ, er klageinstansen kommunestyret eller fylkestinget, eller det organ desse har bestemt. Dersom vedtaket er fatta av kommunestyret eller fylkestinget, er klageinstansen kommunaldepartementet eller det organ det har gitt mynde til.
Klagefrist	Klagefristen er 3 veker frå den dag dette brevet kom fram. Det er tilstrekkeleg at klagen er postlagt innan fristen går ut. Dersom De klagar så seint at det kan vere uklart for oss om De har klaga i rett tid, ber vi Dykk oppgi når denne meldinga kom fram. Dersom klagen blir send for seint, er det adgang til å sjå bort frå den. Om De har særleg grunn til det, kan De likevel søkje om å få forlenga klagefristen. De bør då i tilfelle nemne grunnen til utsettinga.
Rett til å krevje grunngeving	Dersom De ikkje allereie har fått grunngeving for vedtaket, kan De setja fram krav om å få det. Slikt krav må setjast fram i løpet av klagefristen. Klagefristen blir i så fall avbroten, og ny frist startar frå det tidspunkt De mottek grunngevinga.
Klagen sitt innhald	Klagen skal nemna det vedtak det vert klaga over, og den eller dei endringar som De ynskjer. De bør nemna Dykkar grunngeving for å klaga og evt. andre opplysningar som kan ha noko å seia for vurderinga av klagen. Klagen må underskrivast.
Utsetjing av vedtaket	Sjølv om De har klagerett, kan vedtaket vanlegvis gjennomførast straks. De har imidlertid adgang til å søkja om å få utsett iverksettinga av vedtaket inntil klagefristen er ute eller klagen er avgjort.
Rett til å sjå saka sine dokument og til å krevja rettleiing	Med visse avgrensningar har De rett til å sjå dokumenta i saka. De må i tilfelle vende Dykk til det forvaltningsorgan som har sendt denne meldinga. Der kan De også få nærare rettleiing om adgangen til å klage og om reglane for handsaminga elles.
Kostnader ved klagesaka	De kan søkja om å få dekt utgifter til naudsynt advokatbistand etter reglane om fritt rettsråd. Her gjeld imidlertid normalt visse inntekts- og formuegrenser. Statsforvaltaren sitt kontor eller vedkommande advokat kan gi nærare rettleiing. Det er også særskild adgang til å krevja dekning for vesentlege kostnader i samband med klagesaka, t.d. til advokatbistand. Dersom vedtaket er blitt endra til gunst for ein part, er det også adgang til å søkja dekning for vesentlege kostnader i samband med saka. Klageinstansen vil om naudsynt orientera Dykk om retten til å krevja slik dekning for sakskostnader.
Klage til Sivilombudsmannen	Det er også mogeleg å klaga til Stortinget sin ombudsmann for forvaltningen (Sivilombudsmannen). Sivilombudsmannen har ikkje adgang til å handsama saker som er avgjort av Kongen i statsråd. Dersom De no får Dykkar klage avgjort i statsråd fordi Kongen er klageinstans, kan De difor ikkje seinare bringa saka inn for Sivilombudsmannen.

Særlege opplysningar

--

Fra: Arnstein Menes[Arnstein.Menes@sogndal.kommune.no]
Sendt: 01.10.2021 22:04:30
Til: Postmottak SFVL
Kopi: Tor-Einar Holvik Skinlo; Vibeke Johnsen
Tittel: Merknad besøksstrategi for Jostedalsbreen nasjonalpark, Sogndal kommune

Hei.

På vegner av Sogndal kommune kjem følgjande høyringsuttale til besøksstrategi for Jostedalsbreen nasjonalpark vedteken i Formannskapet 29.09.21:

Sogndal kommune støttar opp om framlegget til besøksstrategi for Jostedalsbreen nasjonalpark. Kommunen har i tillegg nokre punkt som me ønskjer understreka i det vidare arbeidet med besøksstrategien.

Sogndal kommune er stolt av Jostedalsbreen og opptekne av å ta vare på verneverdiane i nasjonalparken, og i tillegg gje gode opplevingar og lokal verdiskaping. I vår kommune ligg Bøyabreen der det skal byggjast utkikkspunkt, Supphellebreen der det skal vere informasjonspunkt, stien til Flatbrehytta som er startpunkt og Norsk Bremuseum, i tillegg skal det vere informasjonspunkt i Sogndal sentrum.

Sogndal kommune ser fram til samarbeid om dette, og tykkjer informasjonsstrategien er bygd opp på ein god måte med gjesten, lokalbefolkninga og reiselivet som viktige aktørar. God informasjon er ein føresetnad for å auke kunnskapen om og forståing for vernet, og med gode informasjonstavler og skilt kan vi styrke vernet av sårbare naturverdiar og redusere tapet av biologisk mangfald.

Mvh

Arnstein Menes
Ordførar
Sogndal kommune
41672733
arnstein.menes@sogndal.kommune.no